



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vedteke budsjett

2021

og

Økonomiplan

2021 - 2024



Budsjett 2021 Økonomiplan 2021-2024 vart vedteke i kommunestyret 10.12.2020. Det var Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt sitt forslaget som fekk fleirtal.

Dette dokumentet inneheld ei total oversikt over det som vart vedteke: Hovudoversikter, fordeling av rammeområde og prosjekt, investeringsramme og verbalpunkt. I tillegg ligg kommunedirektøren si innstilling slik den vart presentert i kommunestyremøte 10.12.2020.



Kommunestyre sitt budsjettvedtak vart slik:

Oversikt Kommunestyret sitt vedtak 10.12.2020				
Budsjett - Kvinnherad kommune - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Sektor Oppvekst -Kommunedirektøren sitt forslag	314 142 792	305 346 539	299 646 580	298 135 297
Delvis fjerning tiltak - Forevntningar oppvekstkårplan	1 575 000			
Delvis fjerning tiltak - spes.ped/tilpassa undervisning	1 648 739	1 648 739	1 648 739	1 648 739
Styrkjing fådelte skular	500 000	500 000	500 000	500 000
Newton Senter	40 000	120 000	120 000	120 000
Ny ramme Sektor Oppvekst	317 906 531	307 615 278	301 915 319	300 404 036
Sektor Omsorg Helse og Sosial -Kommunedirektøren sitt forslag	469 813 138	458 597 175	450 791 286	445 454 863
Fjerne tiltak - Reduksjon bemanningsfaktor	3 106 010	3 106 010	3 106 010	3 106 010
Fjerne tiltak - Sosiale tenester nedskjæring eitt årsverk	750 000	750 000	750 000	750 000
Fjerne tiltak - 70% stilling Rus/psykiatri	430 423	430 423	430 423	430 423
Delvis fjerning tiltak - Integrering og opplæring nedskjæring	1 495 600			
Varaldsøy, oppretthalda sovande nattevakt	300 000	300 000	300 000	300 000
Musikkterapeut	750 000	750 000	750 000	750 000
Musikkterapeut	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
Tiltak - Krav om effektivisering/nedgang i tenestenivå sektor HOS	- 3 000 000			
Ny ramme Sektor Omsorg, Helse og Sosial	473 395 171	463 683 608	455 877 719	450 541 296
Sektor Teknikk og Miljø -Kommunedirektøren sitt forslag	73 128 034	72 842 857	74 942 857	73 368 928
Delvis fjerning tiltak - Reduksjon reinhald oppvekstkårplan	200 000			
Ny ramme Sektor Teknikk og Miljø	73 328 034	72 842 857	74 942 857	73 368 928
Sektor Samfunnsutvikling -Kommunedirektøren sitt forslag	39 019 625	36 154 156	35 401 345	35 350 932
Tilskot - Baroniet	800 000	800 000	800 000	800 000
Tilskot - KNS	250 000	250 000	250 000	250 000
Tilskot - Shl Folkehøgskule	150 000	150 000	150 000	150 000
Ny ramme Sektor Samfunnsutvikling	40 219 625	37 354 156	36 601 345	36 550 932
Administrasjon -Kommunedirektøren sitt forslag	50 114 290	48 114 290	48 114 290	48 114 290
Fjerne tiltak - Reduksjon i lærlinger	494 758	494 758	494 758	494 758
Tiltak - Krav om effektivisering/nedgang i tenestenivå - Administrasjon	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
Ny ramme Administrasjon	50 359 048	48 359 048	48 359 048	48 359 048
Kommunedirektør -Kommunedirektøren sitt forslag	3 886 653	3 886 653	3 886 653	3 886 653
Meirutgifter Korona	6 000 000			
Ny ramme Kommunedirektør	9 886 653	3 886 653	3 886 653	3 886 653
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd -Kommunedirektøren sitt forslag	10 395 000	10 195 000	9 995 000	9 895 000
Kyrkjeleg fellesråd redusert ramme	- 300 000			
Ny ramme Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	10 095 000	10 195 000	9 995 000	9 895 000
Politikk	7 411 777	7 076 647	7 411 777	7 076 647
SUM	982 601 839	951 013 247	938 989 718	930 082 540
Sum Kommunedirektørens forslag	967 911 309	942 213 317	930 189 788	921 282 610
Sum Kommunestyret sitt vedtak	982 601 839	951 013 247	938 989 718	930 082 540
Endring drift	14 690 530	8 799 930	8 799 930	8 799 930
Finansiering av endring				
Auka avkastning kraftfondet	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
Auka rammetilskot Kommune		- 6 000 000	- 6 000 000	- 6 000 000
Auka inntekt skatt og formue	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000
Auka utbytte BKK	- 2 250 000	- 2 250 000	- 2 250 000	- 2 250 000
Auka rammetilskot eingangsløyving	- 10 700 000			
Fjerne tiltak auka eigedomsskatt	7 200 000	7 200 000	7 200 000	7 200 000
Endring finansiering	- 14 750 000	- 10 050 000	- 10 050 000	- 10 050 000
	- 59 470	- 1 250 070	- 1 250 070	- 1 250 070
Endring Renter og avdrag	6 750	77 978	74 915	124 863
Endring driftsresultat mot disposisjonsfond	- 52 720	- 1 172 092	- 1 175 155	- 1 125 207
Endring investering				
Newtonsenter	1 500 000			
Rosendal Arena				10 000 000

Bevilgningsoversikt drift A	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	-430 489 000	-418 113 000	-409 094 000	-409 047 000	-409 000 000
Inntekts- og formuesskatt	-379 800 000	-400 063 000	-400 063 000	-400 063 000	-400 063 000
Eiendomsskatt	-81 000 000	-87 655 870	-86 256 797	-85 907 029	-85 907 029
Andre generelle driftsinntekter	-151 011 030	-116 258 565	-133 948 185	-108 666 253	-133 732 668
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER	-1 042 300 030	-1 022 090 435	-1 029 361 982	-1 003 683 282	-1 028 702 697
Sum bevilgninger drift, netto 1), 2)	985 576 929	984 437 119	952 848 527	940 824 998	931 917 820
Avskrivinger	0	0	0	0	0
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	985 576 929	984 437 119	952 848 527	940 824 998	931 917 820
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-56 723 101	-37 653 316	-76 513 455	-62 858 284	-96 784 877
Renteinntekter	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000
Utbytter	-12 600 000	-4 500 000	-5 250 000	-9 250 000	-9 250 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	-31 500 000	-26 213 124	-26 357 373	-28 666 387	-28 903 051
Renteutgifter	39 768 115	26 303 575	27 119 688	28 900 285	29 675 594
Avdrag på lån	58 809 474	64 647 792	67 670 864	73 200 830	74 454 887
NETTO FINANSUTGIFTER	49 977 589	55 738 243	58 683 179	59 684 728	61 477 430
Motpost avskrivinger	0	0	0	0	0
NETTO DRIFTSRESULTAT	-6 745 512	18 084 927	-17 830 276	-3 173 556	-35 307 447
Overføring til investering	14 000 000	4 536 140	18 466 985	6 761 825	35 929 443
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond 2)	-3 504 031	-1 835 280	-1 835 280	-1 835 280	-1 835 280
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond 2)	-3 750 457	-20 785 787	1 198 570	-1 752 988	1 213 284
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	6 745 512	-18 084 927	17 830 275	3 173 557	35 307 447
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	-1	1	0

1) Inneheld ikkje artane 530,540,550,570,940 og 950.

Kan innehalda renter og avdrag. Er dermed ikkje med under post 15 og vi får eit avvik mot tilsvarande post i økonomisk oversikt drift.

2) Bruk/avsetning til fond som er budsjettert under den enkelte sektor er ikkje tatt med i post 6 (oversikt etter §5-4 andre ledd)

All bruk/avsetning til fond er tatt med under post 19 eller 20.

Bevilgningsoversikt drift B	Budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Sektor Oppvekst	329 757 802	317 906 531	307 615 278	301 915 319	300 404 036
Sektor Omsorg Helse og Sosial	463 806 980	473 395 171	463 683 608	455 877 719	450 541 296
Sektor Teknisk og Miljø	86 193 606	73 328 034	72 842 857	74 942 857	73 368 928
Sektor Samfunnsutvikling	24 787 702	40 219 625	37 354 156	36 601 345	36 550 932
Administrasjon	45 962 228	50 359 048	48 359 048	48 359 048	48 359 048
Kommunedirektør	13 969 135	9 886 653	3 886 653	3 886 653	3 886 653
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	10 002 130	10 095 000	10 195 000	9 995 000	9 895 000
Politikk	7 593 314	7 411 777	7 076 647	7 411 777	7 076 647
SUM	982 072 897	982 601 839	951 013 247	938 989 718	930 082 540
Sektor Oppvekst					
Sum fordelt rammeområde	329 757 802	317 906 531	307 615 278	301 915 319	300 404 036
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	- 200 000	- 200 000	- 200 000	- 200 000
Renter/Avdrag	-				
Bevilgning 6	333 261 833	317 706 531	307 415 278	301 715 319	300 204 036
Sektor Omsorg Helse og Sosial					
Sum fordelt rammeområde	463 806 980	473 395 171	463 683 608	455 877 719	450 541 296
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	24 000	24 000	24 000	24 000
Renter/Avdrag	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Bevilgning 6	467 311 011	473 419 171	463 707 608	455 901 719	450 565 296
Sektor Teknisk og Miljø					
Sum fordelt rammeområde	86 193 606	73 328 034	72 842 857	74 942 857	73 368 928
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	1 898 237	1 898 237	1 898 237	1 898 237
Renter/Avdrag	- 121 000	- 121 000	- 121 000	- 121 000	- 121 000
Bevilgning 6	89 697 637	75 226 271	74 741 094	76 841 094	75 267 165

Sektor Samfunnsutvikling					
Sum fordelt rammeområde	24 787 702	40 219 625	37 354 156	36 601 345	36 550 932
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	113 043	113 043	113 043	113 043
Renter/Avdrag	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Bevilgning 6	28 291 733	40 332 668	37 467 199	36 714 388	36 663 975
Administrasjon					
Sum fordelt rammeområde	45 962 228	50 359 048	48 359 048	48 359 048	48 359 048
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	0	0	0	0
Renter/Avdrag	- 114 984	- 114 984	- 114 984	- 114 984	- 114 984
Bevilgning 6	49 466 259	50 359 048	48 359 048	48 359 048	48 359 048
Kommunedirektør					
Sum fordelt rammeområde	13 969 135	9 886 653	3 886 653	3 886 653	3 886 653
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	0	0	0	0
Renter/Avdrag					
Bevilgning 6	17 473 166	9 886 653	3 886 653	3 886 653	3 886 653
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd					
Sum fordelt rammeområde	10 002 130	10 095 000	10 195 000	9 995 000	9 895 000
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	0	0	0	0
Renter/Avdrag					
Bevilgning 6	13 506 161	10 095 000	10 195 000	9 995 000	9 895 000

Politikk					
Sum fordelt rammeområde	7 593 314	7 411 777	7 076 647	7 411 777	7 076 647
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond	3 504 031	0	0	0	0
Renter/Avdrag					
Bevilgning 6	11 097 345	7 411 777	7 076 647	7 411 777	7 076 647
Sum Bevigning 6		984 437 119	952 848 527	940 824 998	931 917 820
Sum netto avsetning		1 843 280	1 843 280	1 843 280	1 843 280
Sum renter /avdrag		- 225 984	- 225 984	- 225 984	- 225 984

Bevilgningsoversikt – investering del 1	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022	2023	2024
Investeringer i varige driftsmidler	247 700	167 345	265 050	189 850	165 900
Tilskudd til andres i investeringer					
Investeringer i aksjer og andeler	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500
Utlån av egne midler					
Avdrag på lån					
Sum investeringsutgifter	251 200	170 845	268 550	193 350	169 400
Kompensasjon for merverdiavgift	32 610	17 027	35 730	24 630	23 680
Tilskudd frå andre	29 650	4 356	4 000	4 000	-
Sal av varige driftsmidler	8 500	5 738	5 500	55 500	4 000
Sal av finansielle anleggsmidler					
Utdeling frå selskaper					
Mottatte avdrag på utlån av egne midler					
Bruk av lån	176 940	140 225	205 920	105 720	109 120
Sum investeringsinntekter	247 700	167 345	251 150	189 850	136 800
Viderutlån	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Bruk av lån til viderutlån	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Avdrag på lån til viderutlån	6 500	6 500	6 500	6 500	6 500
Mottatte avdrag på viderutlån	6 500	6 500	6 500	6 500	6 500
Netto utgifter videreutlån	-	-	-	-	-
Overføring frå drift	14 000	4 536	18 467	6 762	35 929
Netto avsetning til eller bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-	-
Netto avsetning til eller bruk av ubundne investeringsfond	-10 500	-1 036	-1 067	-3 262	-3 329
Dekning av tidligere års udekket beløp					
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	3 500	3 500	17 400	3 500	32 600
Framført til inndekning i senere år	-	-0	-	-	-

Bevilgningsoversikt - investering del 2

Gruppe Prosjekt	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022	2023	2024
50 VATN	17 500	19 581	26 400	25 300	15 100
51 AVLØP	30 000	12 337	21 000	32 400	13 400
52 VEG/PARK/IDRETT	31 500	2 000	14 500	-	10 000
53 BYGG	72 000	70 654	81 000	76 000	84 000
54 EIGENDOM	13 500	12 486	23 500	13 500	13 500
55 TEKNIKK OG MILJØ	27 000	19 000	26 000	4 000	4 000
56 VEDLIKEHALD BYGG	12 100	10 000	10 000	10 000	10 000
57 VEDLIKEHALD VEG/PARK IDRETT	10 250	10 250	10 250	10 250	10 250
59 ANDRE PROSJEKT	33 850	11 037	52 400	18 400	5 650
Sum investering varige driftsmidler Linje 1	247 700	167 345	265 050	189 850	165 900

§ 5-7 - Oversikt over gjeld og andre vesentlige forpliktelser

LÅNEGJELD	2021	2022	2023	2024
Saldo 1.1	1 779 342 240	1 769 171 051	1 907 420 187	1 939 939 357
Avdrag	64 647 792	67 670 864	73 200 830	74 454 887
Nye låneopptak	54 476 603	205 920 000	105 720 000	109 120 000
Saldo 31.12	1 769 171 051	1 907 420 187	1 939 939 357	1 974 604 470
avdrag økonomiplan	64 647 792	67 670 864	73 200 830	74 454 887
nye låneopptak økonomiplan	140 224 603	205 920 000	105 720 000	109 120 000
Unyttta lånemidler	- 85 748 000			
Opptak lån	54 476 603	205 920 000	105 720 000	109 120 000
Unyttta lånemidler pr 171220	150 000 000			
	- 9 048 000			
	- 88 200 000			
	- 138 500 000			
	- 85 748 000			

Vedtak frå Kommunestyret den 10.12.2020

1. Kvinnherad kommunestyre vedtar inntektsramme som det kjem fram av budsjettframlegget pkt. 3.1, med fylgjande endringar:

	2 021	2 022	2 023	2 024
Auka avkastning Kraftfondet	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Auka rammetiskot kommuner		-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000
Auke av inntekt skatt og formue	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Auke i utbytte BKK	-2 250 000	-2 250 000	-2 250 000	-2 250 000
Auke rammetilskot eingongsløyving	-10 700 000			

2. Kvinnherad kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet og driftsramme for 2021 som det kjem fram av budsjettframlegget pkt. 3.4, med fylgjande budsjettendringar:

Endring frå kommunedirektøren saldering drift:	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Kommentar
Driftstiltak:					
Fjerne tiltak - Reduksjon bemanningsfaktor	3 106 010	3 106 010	3 106 010	3 106 010	
Fjerne tiltak - Sosiale tenester nedskjæring eitt årsverk	750 000	750 000	750 000	750 000	
Fjerne tiltak - 70% stilling Rus/psykiatri	430 423	430 423	430 423	430 423	
Delvis fjerning tiltak - Integrering og opplæring nedskjæring	1 495 600				
Delvis fjerning tiltak - Forevntningar oppvekstkårplan	1 575 000				
Delvis fjerning tiltak - Reduksjon reinhald oppvekstkårplan	200 000				
Tilskot - Baroniet	800 000	800 000	800 000	800 000	
Tilskot - KNS	250 000	250 000	250 000	250 000	
Tilskot - Shl Folkehøgskule	150 000	150 000	150 000	150 000	
Fjerne tiltak - auke i eigedomsskatt	7 200 000	7 200 000	7 200 000	7 200 000	
Varaldsøy, oppretthalda sovande nattevakt	300 000	300 000	300 000	300 000	
Delvis fjerning tiltak - spes.ped/tilpassa undervisning	1 648 739	1 648 739	1 648 739	1 648 739	
Meirutgifter Korona	6 000 000				
Styrkjing fådelte skular	500 000	500 000	500 000	500 000	
Musikkterapeut	750 000	750 000	750 000	750 000	
Newton Senter	40 000	120 000	120 000	120 000	
Fjerne tiltak - Reduksjon i lærlinger	494 758	494 758	494 758	494 758	
Musikkterapeut	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	
Tiltak - Krav om effektivisering/nedgong i tenestenivå sektor HOS	-3 000 000				
Tiltak - Krav om effektivisering/nedgong i tenestenivå - 2021-2024 Administrasjon	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	Sal av tenester
Kyrkjeleg fellesråd	-300 000				

Kommunedirektør får fullmakt til å oppdatere driftsrammene, i medhald av endringar og driftstiltak i tabell ovanfor. Det same gjeld driftsbudsjettet mellom rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

Endeleg vedteken ramme med endringar ser slik ut:

Sektor Oppvekst: 317.906.531 kr

Sektor Omsorg, Helse og Sosial: 473.395.171 kr

Sektor Teknikk og Miljø: 73.328.034 kr

Sektor Samfunnsutvikling: 40.219.625 kr

Administrasjon: 50.359.048 kr

Kommunedirektør (inkludert Kvinnherad Kyrkjelege Fellesråd): 19.981.653 kr

Politikk: 7.411.777 kr (ingen endring)

Korrigert netto driftsresultat vert:

Netto driftsresultat - tal i heile tusen	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Endret driftsresultat - ark fra endring drift	-47 545	-1 167 894	-1 168 404	-1 011 214
Netto driftsresultat kommunedirektørens forslag - endret	-20 790 456	15 095 222	-1 759 334	30 149 600
Netto driftsresultat i prosent - etter endringer	-1,94 %	1,40 %	-0,17 %	2,80 %

3. Kvinnherad kommunestyre godkjenner investeringsbudsjett slik det går fram av punkt 5.3 i «Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024», med fylgjande endringar:

	2 021	2 022	2 023	2 024
Tiltak:				
Newtonsentert	1 500 000			
Fleirbrukshall Rosendal				10 000 000

Investeringsramme for 2021 vert sett til: 157.251.323 kr

4. Kvinnherad kommunestyre godkjenner finansiering av investeringsramme 2021 slik:

Låneopptak: 140.224.603

MVA-kompensasjon: 17.026.720

5. Investeringar:

a) KK godkjenner låneopptak av Startlån på 25 millionar kroner til vidareutdeling

b) Eigenkapitalinnskott til KLP vert finansiert av disposisjonsfondet

c) Unyttå lånemidlar i 2020 vil ved budsjettrevisjonen våren 2021 bli trekt frå låneopptaket.

d) Alle løyvingar til tiltak i investeringsbudsjettet som blir overført frå eit år til neste skal visast i årsmelding og godkjennast av kommunestyret.

e) Avdrag på låneportefølje vert berekna iht kommunelov §14-18

f) Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra innan vedtekne budsjetttrammer.

6. Ordførar si godtgjersle for 2021 vert sett til 95% av løna til ein stortingsrepresentant.

Varaordførar si godtgjersle for 2021 blir sett til 15% av ordførar si godtgjersle.

7. Inntekts- og formueskatt for 2021 vert utlikna etter dei satsane som Stortinget bestemmer.

- 8.** I medhald av eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2, 3 og 4 blir det i 2021 vidareført utskriving av eigedomsskatt. Eigedomsskatteområdet er faste eigedommar inkludert kraftanlegg, kraftnett og næring i heile Kvinnherad kommune etter esktl. § 3 a.

For eigedomsskatteåret 2021 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på «særskilt fastsett grunnlag» jamfør overgangsregelen til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vera lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019. Grunnlaget for dette er nye verdsetjingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 vert sett til 7 promille med heimel i esktl. § 11 første ledd. Differensiert skattesats for bustad og fritidseigedomar for skatteåret 2021 er 1,7 promille med heimel i esktl. § 12 bokstav a. Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustad- og fritidseigedommar.

Syner til vidare utgreiing i punkt 3.1 i budsjettdokumentet. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen siste vedtekne skattevedtekter. For bustad- og fritidseigedommar vert Skatteetaten sine formueverdier nytta i tråd med kommunestyrevedtak 17.09.2020.

Eigedomsskatten forfell til betaling i 4 terminar og skal betalast samtidig som kommunale avgifter med heimel i esktl. § 25 første ledd. I medhald av esktl. § 7 bokstav a og b, vert det fritak for eigedomar til stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna kommunen, fylket eller staten, samt bygningar av historisk verdi. Fritaket knytt til bygningar av historisk verdi vert avgrensa til bygningar som er automatisk freda eller vedtaksfreda etter kulturminnelova.

- 9.** Kvinnherad kommunestyre vedtek låneporteføljen til Kvinnherad kommune, og alle lån i porteføljen kan vera gjenstand for refinansiering i 2021. Kommunedirektør får fullmakt til å avgjera kva lån som skal nedbetalast, uavhengig av tidlegare vedtak om nedbetaling.
- 10.** Kvinnherad kommunestyre vedtek «Betalingsregulativ for 2021» slik det ligg føre.
- 11.** Kvinnherad kommunestyre vedtek ramme for Kontrollutvalet 1 521 471 kr.
- 12.** Kvinnherad kommunestyre vedtek ramme for Kvinnherad Kyrkjeleg fellelsråd: 10.095.000 kr
- 13.** I løpet av første halvår 2021 skal finansielle måltal inn i eit eige måldokument (finansielle måltal og andre mål). Finansreglement og økonomireglement må justerast slik at dette samsvarar med måldokumentet. Slik sak vert å fremja for kommunestyret.

- 14.** Kvinnherad kommune skal som oppfølging av Oppvekstkårplan starta planlegging av heildagsskule med oppstart skuleåret 2022 – 2023.
- 15.** Kvinnherad kommune skal greie ut innføring av skulemat i grunnskulen, kostnad og organisering.
- 16.** Kvinnherad kommune skal ha ein tydeleg eigarskapsstrategi som verdset lokalt eigarskap av viktige verksemdar som Kvinnherad Breiband og Kvinnherad Energi.
- 17.** Ved utgangen av økonomiplanperioden er 26 eit minimumsnivå for talet på lærlingar. KK ber kommunedirektøren greie ut korleis Kvinnherad kan innføre ein lærlinggaranti etter modell frå Bergen kommune.
- 18.** Kvinnherad kommunestyre ynskjer ei tillitsreform som skal ha som hovudmål:
- Trepertssamarbeidet vert styrka i alle sektorar
 - Organisasjonsstruktur med reduksjon av kostnader gjennom reduksjon i tal leiarar.
 - Heiltidsprosjekt etter KS sin vegleiar. Heile, faste stillingar som hovudprinsipp. Administrasjonsutvalet er styringsgruppe.
 - Prosjektet skal ta for seg turnus, grunnbemanning, rekruttering og korleis ein får auka tal heiltidsstillingar i Kvinnherad kommune.
 - Prosjektet skal gå gjennom noverande og framtidige turnusplanar, behov og kostnader.
 - Personalpolitikk med gode og tydelege rutinar for rekruttering og tilsetjing saman med ein rettferdig lønnspolitikk er ein føresetnad for tillitsreforma. Kommunen treng tilsette med ulik kompetanse frå fagarbeidarar til universitetsutdanna som vil få mynde til å utføra sitt ansvar og sine arbeidsoppgåver med større tillit.
 - Reduksjon av sjukefråverer er ein viktig del av prosjektet. Koalisjonen føreset at tillitsreform saman med andre tiltak vil redusera sjukefråveret.
 - Vikarbyrå: Dagens bruk av vikarbyrå skal reduserast og det skal samtidig greiast ut oppstart av eige vikarbyrå der KK har faste tilsette. Det skal vere mogeleg å kombinere fast stilling med stilling i vikarbyrå for å sikre samla 100% stilling. Det kan på sikt vere aktuelt å samarbeide med nabokommunar om ordninga.

Desse tiltaka er ein del av det som vil kunna føra til effektivisering, særleg i helse og omsorg.

19. Kvinnherad kommunestyre legg ikkje opp til endringar i skulestrukturen som får verknad frå hausten 2021, men vil sjå på endringar i barnehagestrukturen i 2021.

20. Stilling for musikkterapeut vert vidareført. Kvinnherad kommunestyre ber kommunedirektøren legg til rette for deling av denne stillinga og tilby inntil 40% av stillinga til andre.

21. Kreftomsorg skal prioriterast, KK føreset at dette kan gjerast med eksisterande kompetanse. Kommunedirektøren syter for at rett kompetanse vert nytta der det er trong for henne.

22. Prosjekt Newtonrom vert starta opp i 2021. Kvinnherad kommunestyre legg inn kommunalt bidrag til investeringa og til leige i 2021. Administrasjonen og politisk nivå går i dialog med KVV og fylkeskommunalt nivå om drift av Newtonrom samt organisering av transport for elevar til undervisning i lokala.

23. Kunstverkstaden i Rosendal

Det skal startast eit forprosjekt for Kunstverkstaden i Rosendal, der ein ser på moglegheiter av vidare utvikling og drift av denne institusjonen. Eit slikt prosjekt skal òg ta opp i seg nye moglegheiter for utvikling av areal, og som del av satsing annan turistdestinasjon Rosendal.

24. Fjellhaugen skisenter

Kvinnherad kommunestyre ber kommunedirektøren om ei fullstendig kartlegging av selskapets økonomiske situasjon, der ein har målsetnad om å bidra til ei driftsoptimalisering som sikrar god og tenleg drift av Fjellhaugen skisenter. I denne kartlegginga bør ein og sjå på moglegheiter som sikrar aktivitet utover vintersesongen.

25. Kvinnherad kommunestyre ber kommunedirektøren leggje fram sak om leige-eige prosjekt i Rosendalsområdet for unge i etableringsfasen, sak om Bustadpakke skal fremjast i 1 kvartal 2021.

Framlegg til budsjett

2021

og

Økonomiplan

2021 - 2024

Kommunedirektør



Innholdsfortegnelse

1	Om budsjettdokumentet.....	17
2	Kommunedirektøren si innleiing.....	18
2.1	Organisasjon.....	18
2.2	Måltal	20
2.3	Prioriterte områder	21
2.4	Budsjettvedtak.....	28
3	Status og rammebetingelsar.....	29
3.1	Plangrunnlag	29
3.2	Føringar og pålegg frå staten.....	30
3.3	Befolkningsutvikling.....	31
3.4	Nøkkeltal.....	32
4	Økonomiske hovudtrekk.....	34
4.1	Sentrale inntekter	34
4.2	Sentrale kostnader	39
4.3	Finansielle poster	40
4.4	Netto driftsresultat.....	41
5	Driftsbudsjett	43
5.1	Sentrale styringsområder.....	43
5.2	Sektor samfunnsutvikling.....	49
5.3	Sektor oppvekst.....	54
5.4	Sektor omsorg, helse og sosial	61
5.5	Sektor teknikk og miljø.....	66
6	Økonomiplan 2021-2024 - oppsummering	70
6.1	Rammebetingelser framover	70
6.2	Driftsbudsjett.....	72
6.3	Investeringar.....	73
6.4	Økonomisk utvikling i Kvinnherad kommune.....	75

1 Om budsjettdokumentet

Budsjettdokumentet inneheld følgjande kapittel:

Budsjettdokumentet er delt inn i følgjande kapittel:

1. Kommunedirektøren si innleiing
2. Status og rammer
3. Økonomiske hovudtrekk
4. Driftsbudsjett
5. Økonomiplan 2021-2024 – oppsummering

Det er lagt vedlegg til saka, desse er skildra nærare i slutten på dette kapitlet.

Kapittel 1 - Kommunedirektøren si innleiing

I dette kapitlet presenterer kommunedirektøren sine overordna betraktningar i høve kommunen sin økonomiske situasjon både på kort og lang sikt. Vidare vert sentrale prioriteringar i komande økonomiplanperiode presentert, og særskilte områder og prosjekter vert omtala. Ein ser her og på dei økonomiske styringssystemene som vert nytta og ny struktur knytt til investeringar belyst i eit 10 års perspektiv. Med bakgrunn i krav i ny kommunelov § 14-2 tar ein og med ei innleiing og drøfting til å fastsetja økonomiske måltal. Kapitlet inneheld og ein aggregert oversikt over kommunedirektørens sine forslag til endringar i driftsbudsjettet for 2021, og forslag til investeringsprogram for økonomiplanåra 2021-2024. Til slutt finn du Kommunedirektøren si innstilling til budsjettvedtak.

Kapittel 2 - Status og rammer

I dette kapitlet ligg plangrunnlaget for økonomiplanen, samstundes som dette vert sett i samanheng med øvrige plandokument i kommunen. Forslag til statsbudsjett vert omhandla her, saman med den konsekvens dette har lagt for arbeidet med økonomiplan og budsjett. Endringar i befolkninga vert omhandla her. Til slutt i dette kapitlet ligg referansar til statistikk og analyse frå NHO sitt kommune NM, og Kommunalrapport sitt Kommunebarometer. Statistikk frå KOSTRA ligg under dei ulike tenesteområdene i kap 4.

Kapittel 3 - Økonomiske hovudtrekk

Denne delen omtaler dei ulike inntektspostane som skatt på inntekt og formue, rammetilskot og eigedomskatt, samt kommunen sine ekstraordinære inntekter. Sentrale kostnader og finansielle postar vert omtala. Til sist vert utvikling for driftsresultat drøfta.

Kapittel 4 – Driftsbudsjettet

I dette kapitlet vert tenesteområda i kommunen presentert. Kommunestyret skal vedta ei netto driftsramme pr. tenesteområde. Kwart tenesteområde er presentert med driftsbudsjett/ramme for 2020, forslag til endringar, og forslag til nytt driftsbudsjett/ramme for 2021-2024. Sentrale føringar som til dømes lovendring og auka krav til kommunen legg grunnlag for dei prioriteringane som er føreslegne. Det er nytta KOSTRA-tal som grunnlag for samanlikning. Definerte utfordringar og mål, i tillegg til statistikk og analyse frå Kommunebarometer og NHO sitt kommune NM (sjå kap 2) vert lagt til grunn for prioriteringar. Forslag til investeringar kjem og fram under dei ulike tenesteområda, om det er aktuelt. Investeringane til kommunen vert i stor grad finansiert ved låneopptak. Rente og avdragsutgifter vert belasta sentrale finanspostar og vert ikkje fordelt på dei ulike tenesteområda.

Kapittel 5 – Økonomiplan 2021-2024 – Oppsummering

I dette kapittel vert hovudtala i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 presentert. Det vert gjeve ei omtale av sentrale økonomiske nøkkeltal og inntekts- og utgiftspostar som set premisser for den disponible ramma til tenestene vert gjennomgått. Forslag til investeringsbudsjett vert presentert her.

Vedlegg i saka er:

- Betalingsregulativ for 2021
- Gebyr og betalingsattsar for 2021 - alle tenesteområde
- Detaljert investeringsbudsjett for planperioden
- Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett og partsbrev jamfør kommunelov § 14-3.3.
- Kyrkjeleg Fellesråd, budsjett 2021

2 Kommunedirektøren si innleiing

Kommunedirektøren presenterer her sitt forslag til budsjett for 2021 og økonomiplan for perioden 2021-2024.

Året 2020 har vore krevjande for verdssamfunnet med handtering av ein pandemi gjennom store deler av 2020. Det er og forventat at dette scenariet strekkjer seg langt inn i 2021, og dei langsiktige verknadene av pandemien er usikre. Økonomiplanlegging i lys av covid-19 er såleis krevjande også for Kvinnherad kommune.

Fleire av inntektspostane til kommunen er kraftig redusert som følge av pandemien. Samstundes har kommunen auka kostnader både som følge av av pandemien og som følge av demografiske utfordringar. Fleire av kostnadene knytt til covid-19 vert kompensert, men det endelege rekneskapet er ikkje avklara, og kommunen går inn i 2021 med stor grad av usikkerheit både når det gjeld fleire av inntektspostane og når det gjeld utgiftssida.

Kvinnherad kommune sine ekstraordinære inntekter er i stor grad nytta i direkte tenesteproduksjon. Når desse inntektene fell bort eller vert kraftig redusert, gjer det budsjettarbeidet ekstra krevjande. Det er nødvendig å redusere kostnadsnivået kraftig for å tilpasse seg redusert inntektsnivå. Dette betyr at tenester og tenestenivå må verte endra, og dette er umogleg å gjennomføra utan at reduksjon i stillingar. Korleis kommunen er organisert, korleis kommunen leverer tenester, saman med innhaldet i tenestene vert utfordra i svært stor grad.

Utforming av tiltaka for å redusere drifta har hatt fokus på å identifisere effektiviseringsmoglegheiter i tenestene, og å sjå etter digitale løysningar som kan bidra til å løyse fleire oppgåver med same ressursbruk, søkje etter investeringar som kan gje betre økonomi i drift, både på kort og lang sikt. Tilskots- og kontigentordningar er gjennomgått og redusert, og det er leita etter fleire inntekter.

Budsjettforslaget for 2021 er ikkje i balanse, men om tiltak vert igangsett er det mogleg å oppnå balanse i løpet av økonomiplanperioden. Dei tiltaka som vert fremja i denne økonomiplanen vil få konsekvensar for drift og dei tenester som kommunen yter til innbyggjarane i Kvinnherad. Kommunedirektøren har lagt stor vekt på å oppnå realistiske tiltak, vere tydeleg på konsekvensar, ivareta lovpålagte oppgåver, og søkt å redusere belastning for barn, unge og eldre og andre ressursvake grupper.

Samstundes skal ein ha merksemd på å leggje til rette for å oppnå målsetjinga om å auke fødselstal og netto innflytting til kommunen. Kommunedirektøren har difor forventning til at Oppvekstkårplanen vil bidra til å gje betre rammer for ein berekraftig skule- og barnehagestruktur i kommunen. Gode oppvekstkår er viktig for familiar som vel å busetja seg i kommunen. Tilgang på gode buforhold og ikkje minst arbeid til begge forsørgjarar i familien er og heilt avgjerande for å lukkast med befolkningsauke. Det eine utelukkar ikkje det andre, alle element må vere tilstades og dra i same retning. Det har difor vore viktig for kommunedirektøren å leggje til rette for arbeidet med Oppvekstkårplan, Bustadsosial handlingsplan, Strategiar for bustadutvikling og Strategiar for næringsareal og næringsutvikling. God tettstad- og bygdeutvikling vil og vere avgjerande for befolkningsvekst.

Kvinnherad kommune har ikkje eit tilstrekkeleg administrativt og politisk forankra måldokument. Det som kjem fram i denne økonomiplanen er ei konkretisering og formulering av behova ein ser er utfordrande for Kvinnheradsamfunnet og Kvinnherad kommune. Kommunedirektøren har lagt dette til grunn i sine prioriteringar til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024, og ser på dette som ein start på eit forankra og samordna måldokument for Kvinnherad kommune.

Disposisjonsfondet og oppsparte midlar vert kraftig utfordra både i 2020 og 2021. Det er viktig for kommunedirektøren å peike på moglege grep knytt til både investering og drift som kan gjerast for å oppnå ei berekraftig økonomisk utvikling for Kvinnherad kommune. Det må og vere ei målsetjing å ha høgare grad av eigenkapitalfinansiering på investeringar. Økonomiplanen legg opp til at dette kan skje.

Kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan 2021-2024 vert presenteret og deretter lagt fram på heimesida til kommunen den 28. oktober. Formannskapet har heildagsmøte knytt til budsjettdokumentet den 5. november, og skal behandla det den 12. november. Endeleg handsaming skjer i kommunestyre sitt møte den 26. november. Formannskapet si innstilling vert lagt fram for offentleg ettersyn i perioden mellom handlinga i formannskapet og kommunestyret.

Kvinnherad, oktober 2020

Ragnhild Bjerkvik

Kommunedirektør

2.1 Organisasjon

Den politiske utvalsstrukturen kan ein vise slik

(fig 1.1).

Hausten 2019 vart organisasjonen Kvinnherad kommune evaluert. Med bakgrunn i denne er fleire justeringar gjennomført. Det vil og bli gjort andre justeringar dersom rammene tilseier det. Kommunedirektøren si leiargruppe er etter dette slik:

(fig 1.2)

Organisasjonen Kvinnherad kommune mottar stadig nye oppgåver og får meir komplekse problemstillingar å løyse. Statlege føringar, demografiske utfordringar og lokale prioriteringar og vedtak er drivarar for dette. Det er viktig å halde god kontroll med utviklinga i tal tilsette og årsverk.

Tilsette og årsverk

Dette vert lagt inn som eit fast tema i kvartalsrapportering. Status pr 1.1.2019 og pr 1.1.2020 og utviklinga kjem fram av tabellen under:

Årsverk			
	31.12.2018	31.12.2019	Endring
Sektor Oppvekst	430,1	433,9	3,8
Sektor Omsorg, helse og sosial	532,0	552,6	20,7
Sektor Teknikk & Miljø	89,8	90,6	0,8
Seksjon Stab	42,5	39,8	- 2,7
Seksjon Løn & Personal	5,6	6,0	0,4
Seksjon Kultur, Næring og Utvikling	13,7	16,7	3,0
Seksjon Forvaltning	12,1	10,2	- 1,9
SUM	1 125,7	1 149,8	24,1

Sjukefråvær

Sjukefråvær blant kommunen sine tilsette har betydning både for korleis tenestene vert organisert og utført, for kvalitet i leveransane, økonomien og effektivitet i tenestene. I kvartalsrapportar vert det rapportert på sjukefråvær, sett og opp mot måltal for perioden.

Sjukefråvær	1. halvår 2019	1. halvår 2020
Kvinnherad kommune	8,70 %	8,30 %
sektor oppvekst	8,00 %	7,70 %
sektor omsorg	10,40 %	9,10 %
sektor teknikk og miljø	7,00 %	9,60 %
seksjon stab	2,90 %	7,80 %
seksjon forvaltning	4,90 %	13,60 %
seksjon løn & personal	8,80 %	3,60 %
seksjon samfunnsutvikling	2,00 %	4,70 %

Heiltid og deltidstillingar

Ein annan drivar for kostnadsauke og effektiv tenesteproduksjon er grad av heiltid og deltid. Dette må balanserast med behov for å rekruttere medarbeidarar og det å verte vurdert som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Tabellen under viser ei betring i del heiltidstilsette i Kvinnherad kommune. I tabellen er dette samanlikna med Voss og Bømlo, eit tilfeldig utval. Det å jobbe for å auke delen heiltid er god arbeidsgjevarpolitikk, det er god samfunnsutvikling og det vil gje betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

fig 1.5

Kvalitet og beredskap

Beredskapsarbeid har vore eit stort arbeidsområde i 2020. Dette krev ressursar i form av personell, tid, kompetanse, system og medfører auka kostnad.

Dette har og samanheng med kvalitetsarbeid generelt i Kvinnherad kommune, og kommunedirektøren har i si organisering samla og dedikert ressursar innan gjeldande rammer til desse arbeidsområda.

Omstilling

Årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vil krevje reduserte tal årsverk i tenesteproduksjon, særleg innan omsorgs- og oppvekstsektoren. Mykje kan løysast med naturleg avgang, det vil seia tilsette som sluttar for å gå over i anna arbeid eller som går av med ulike typar pensjon. Rapportar tilsettedata syner dette. Samstundes vil dette krevje eit omfattande logistikk-arbeid for å sikre dei gode løysingane. Gode bemanning- og turnusplanar er viktig.

Det er avgjerande å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneteneste, og oppdaterte og kjente retningslinjer og gode prosessar er viktige verkøy for å lukkast i dette. Dette vil vere krevjande for heile organisasjonen. Men dette er heilt nødvendige grep som må gjerast for å lukkast med å halde budsjetttrammene.

Det er viktig, men vil vere krevjande i ei slik omstilling å ivareta god tenesteproduksjon, samstundes som ein ivaretek dei eventuelle tilsette som vert overtallige og som skal gjera andre oppgåver, gjerne på nye område.. Kommunen skal ha fokus på å auke del heiltid og å redusere deltid, og på å vera merksame på utvikling i sjukefråvær. Dette omstillingsarbeidet vil stilla store krav til leiarar på alle nivå i organisasjonen.

Det er lagt inn lønsmidlar (inkludert sosiale kostnader) 2 millionar kr. i budsjetttramma til Administrasjon. Lønsubbetaling til overtallige tilsette skjer frå denne ramma, og dei aktuelle tilsette vil bli nytta som vikarressurs fram til vilkåra for omplassering er avklara i tråd med lov- og regelverk. Overføring av vikarmidlar i frå aktuell tenestestad.

2.2 Måltal

I Kvinnherad kommune har ein så langt ikkje utvikla eit måldokument for økonomiplanperioden. Dette er det viktig å få ei god politisk og administrativ forankring på. Kommunedirektøren vil foreslå oppstart på dette arbeidet tidleg i 2021. I tabellen under er det gitt ei oversikt over nokre av dei utfordringar ein finn i Kvinnherad, knytt til kva mål og kva måleindikatorar ein kan nytte for å følgje utviklinga. Samstundes er foreslege tiltak knytt opp til definerte mål, også sett opp mot FNs bærekraftsmål.

fig 1.6

Dei finansielle måltala vart vedtekne i kommunestyret 28.11.19. Det er viktig at desse også vert ein del av eit omforent måldokument.

Finansielle måltal	Visjon	Status pr 30.06.20	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2030
Korr. Likviditetsresultat i % av frie inntekter	1,00 %	-8,90 %	-3,5 %	-0,3 %	-1,90 %	1,1 %	1,00 %
Renteberande gjeld i % av inntekter	100 %	122 %	124 %	133 %	137 %	132 %	100,00 %
Driftsresultat i % av inntekter	2,75 %	-6,90 %	-1,95 %	1,29 %	-0,28 %	2,71 %	2,75 %
Disposisjonsfond i % av inntekter	10,00 %	16,30 %	11,9 %	11,8 %	11,80 %	11,60 %	10,00 %

Finansielle måltal	Visjon	Status pr 30.06.20	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2030
disposisjonsfond i kroner			128 mill	128 mill	125 mill	125 mill	
Renteberande gjeld i kr			1324 mill	1444 mill	1443 mill	1424 mill	
Avkastning av Kraffondet over risikofri rente	2,50 %	-2,62 %					2,50 %

Det er viktig med god økonomistyring og lojalitet til vedtekte budsjett for å oppnå årlege måltal. Kommunedirektøren ynskjer å jobbe vidare med måldokument saman med politisk nivå for å sikre ei bærekraftig økonomiforvaltning. Det er mellom anna særleg viktig å utvikle finansielle måltal og sjå nærare på:

- Korleis nytte ekstraordinære inntekter både på kort og lang sikt
- Kva andel som kan nyttast i drift
- Kva andel som skal nyttast til eigenkapitalfinansiering
- Kva andel som skal verta overført til disposisjonsfond

Utforming av handlingsreglar må ein sjå nærare på.

Det er sentralt å sjå kommunen si økonomiforvaltning i eit lengre perspektiv enn økonomiplanperioden. Kommunedirektøren har difor valt å starte arbeidet med å sjå på investeringar med 10-års horisont.

2.3 Prioriterte områder

I denne del av økonomiplanen vert prosjekt og tiltak som har særleg betydning for drifta i åra framover omtala.

Planstrategi for 2020-2024

Er kommunestyret si bestilling til kommunedirektøren, og vil vere retningsgjevande for administrasjonen sine gjeremål og prioriteringar i økonomiplanperioden. Denne er gjort rede for i økonomiplan kap 2.1. plangrunnlag. I samband med dette har ein gjort eit forsøk på å synleggjere ressursbruk til dei ulike delar av planarbeidet. Dette er berre eit utgangspunkt, men vil forhåpentleg gje eit betre utgangspunkt for å prioritere blant omfang av planar og rekkefølge. Planstrategien tilseier eit høgt ambisjonsnivå. Kommunedirektøren har lagt til grunn å oppretthalde kapasiteten i sektoren, men i staden gjere konkrete vurderingar i høve organisering og oppgåvefordeling ved naturleg avgang.

2020-2024	Tal	forventa ressursbruk			
		gjennomføringstid	arbeidstimar	kostnad konsulent	
				årsverk	min
Kommuneplan samfunnsdel	10	2 år	1,50-2,00	100 000	500 000
Kommuneplan arealdel		3 år	2,50-3,00	500 000	1 000 000
Områdereguleringar – 6 stk	6	2 år	1,00-1,50	1 500 000	2 500 000
Detaljreguleringar – 17 stk	17	2 år	0,50-2,00	1 000 000	1 500 000
Kommunedelplan			0,50-1,00	50 000	100 000
Temaplanar - 4 stk	4	1 år	0,25-0,50	-	100 000
Planrelaterte prosjekt	7		0,50-3,00	100 000	2 000 000
Administrasjon/organisasjon	7				

Samferdsle

Det er fleire pågåande samferdsleprosjekt som er viktige for utvikling av Kvinnheradsamfunnet. I regionen vår er i særleg grad Kvinnheradpakken, påkobling på E 39 og E 134 viktige område. I tillegg er kommunen involvert i samferdsleprosjekt som har eit noko lengre tidsperspektiv - som Sunnfast og Fjellbergsambandet.

Effektiv reiseveg er viktig for næringslivet, men og for å vere attraktiv som bustadkommune og oppnå tilgang til eit større arbeidsmarked for innbyggjarane i regionen.

Kvinnheradpakken ser vi allereie konkrete resultat av, og arbeidet vil prege kommunen dei neste åra. Dette har og ringverknader for anleggsbransjen lokalt og regionalt.

Finansieringsplan for Kvinnheradpakken 2018-2024			
Pri	Vegnr	Prosjekt	Mill. 2020-kr
1	Fv 544	Nytt ferjesamband mot Stord, tilknytning E39, Planmidlar	5
2	Fv 551	Furebergfossen bru - rassikring	62
3A	Fv 551	Årsnes-Folgefontunnelen: Bygetrinn 1A Tunell Sunndal-Kroka-rassikring	376
3B	Fv 551	Årsnes-Folgefontunnelen: Bygetrinn 1B Vegutbetring Kroka-Årsnes	108
4	Fv 48	Herøysundet	31
5		TS-tiltak-generelt (punktutbetring)	36
6	Fv 544	Sæbøvik - Eidsvik - Tofte	34
7	Fv 544/48	Opsanger - Porsvik	93
8	Fv 48	Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1	48
9	Fv 551	Folgefontunnelen - årsnes, Bygetrinn 2: Furebergfossen bru - Årsnes, planmidler	8
Totalt for Kvinnheradpakken			800

Finansieringsplan 2018-2024	Midlar mill
	2020-kr
Kommunale midlar	79
Fylkeskommunale midlar	213
Fylkeskommunale skredsikringsmidlar	322
Bompengar	186
SUM	800

Utvikling av bustadareal

Første generasjon bustadplan omfatta både bustadsosial satsing og strategiar for bustadbygging generelt. Andre generasjon plan er under arbeid og vert avgrensa til bustadsosial handlingsplan. Tabellen under viser tidl Bustadpakken (oppsummert) inkl vedtak ifm økonomiplan 2020 (vedtatt av kommunestyret 28.11.19)

Prosjekt	Bustad- sosial handlings- plan	Bustad - utviklin g	Estimert kostnad	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Heiamyro		x		- 1 500 000				
Parkbygget		x		- 3 000 000	- 1 500 000			
Dalsjøen		x		1 500 000				
Reg-plan Heradstun	x	x		1 000 000				
Omsorgsbustad er Rosendal	x		25 000 000		25 000 000	-15 000 000	-10 000 000	
20 nye bueiningar i Rosendal		x	40 000 000		20 000 000	20 000 000		
Sal bueiningar Rosendal	x	x					-40 000 000	
Det.reg plan omsorgsbustad er Halsnøytunet	x			1 000 000				
Infrastruktur veg Husnes (5482)		x	18 500 000		18 500 000			
SUM				- 1 000 000	62 000 000	5 000 000	-50 000 000	-
Vedtatt i kommunestyret 28.11.20/øk plan:								
Bustadpakken				20 000 000	-62 000 000			
Bustadpakken					15 000 000	15 000 000		
Ny totalsum/totalra mme pr 28.11.19				19 000 000	15 000 000	20 000 000	-50 000 000	

Bustadsosial handlingsplan

På bakgrunn av pågående arbeid med Bustadsosial handlingsplan så ynskjer kommunedirektøren å kome attende med ein meir komplett oversikt over det totale kostnadsbilete og finansieringsmodell.

Det er kommunedirektøren si oppfatning at det er behov for å fortsetje arbeidet med å utvikle adekvate bustader for menneske med utfordringar samt evt personalbase. Det er viktig å vere ein pådrivar i dette arbeidet, og samstundes vurdere ulike moglege driftsmodellar dersom tenester skal leveras til bebuarane. Ein må og nytte verktoy for å sikre at fleire kan eige sin eigen bustad (leige/eige-konsept) og elles nytte husbanken sine verkemiddel i bustadsosial samheng.

Når det gjeld Heradstun-området i Rosendal så vart første utkast til reguleringsplan sett på som urealistisk å gjennomføre og ein tar her ein ny runde. Prosjektet er ein del av Bustadsosial handlingsplan, men kan og vere ein del av ordinær bustadutvikling. Ein må vurdere korleis og kven som kan utvikle dei ulike delane av området. Det er kommunedirektøren si oppfatning at det haster å få oppstart på bygging av bustader til utsette grupper. Kommunedirektøren må kome attende med ei konkretisering av behov, konkretisering av forslag til realisering. Det er og viktig samstundes å sjå på modell for vidare utvikling av den del av området som kan omfatte ordinær bustadutvikling. Her kan det vere nyttig å knytte til seg samarbeidspartnere som kan stå for den vidare utviklinga av bustadområdet.

Strategiar for bustadutvikling

Ordinær bustadutvikling kan skje i privat regi, men kommunen bør vere tilretteleggjar og sikre at ein har

bustadregulert areal tilgjengeleg i tråd med befolkningsutvikling, utbygging av infrastruktur og tenestetilbode elles.

Utvikling av bustadtilbodet elles vil verte følgt opp i ny kommuneplan med målsetjingar i samfunnsdelen og bustadområde avsett i kart i arealdelen. Økonomiplan og budsjett skal følgje opp med tiltak.

Tiltaka må dekke tre behov, og dei heng saman:

- Attraktive, bærekraftige bustadar og bustadområde for noverande og framtidige innbyggjarar
- Bustadar og bustadtomter som verkemiddel ved rekruttering av arbeidskraft
- Tiltak for å sikre utvikling og vekst i lokal byggebransje

Det vert lagt til grunn at eigedomsutviklinga primært skal skje i privat regi, men med stimulans frå kommunen eller samarbeid der det er behov for det. Kommunen må ha ein aktiv bustadpolitikk, og ein vesentleg del av dette handlar om å redusere risiko for utbyggjar.

Utarbeiding av reguleringsplan, ofte med krav om etablering av naudsynt infrastruktur, er kostbart. Der marknaden er marginal kan private utbyggjarar ha problem med «å rekna heim» slike kostnader. I første generasjon bustadplan vart det utarbeidd nokre tiltak for å hjelpe på slike utfordringar, og retningslinjer for stimuleringsiltak vart vedtekne av kommunestyret. Av dei tiltaka bør særleg desse takast i bruk i økonomiplanperioden:

- Stimuleringsmidlar i partnerskap for reguleringsplanlegging
- Stimuleringsmidlar for tilskot til reguleringsarbeid
- Bruk av utbyggingsavtalar

Sterkere verkemiddel kan også nyttast åleine eller i kombinasjon:

- Kommunen kjøper areal og legg til rette for vidaresal til eigedomsutviklarar
- Kommunen kostar og styrer reguleringsplanlegging fram til prosjekt er modent for sal, heilt eller i delar
- Kommunen byggjer infrastruktur, grønstruktur og anna for å redusere utbyggingskostnader for private utbyggjarar

Dette vert belasta investeringsbudsjettet sine postar for bustadutvikling (ny) og grunnkjøp/tilrettelegging (4024). Inntekter frå sal av byggjeland skal pløyast attende som del av grunnlaget for kommunale investeringar.

Ordinær bustadutvikling i Rosendal (Heradstunet) er eit område som kommunedirektøren må kome attende til for å sjå korleis dette kan utviklast av kommunen eller av eller saman med eksterne aktørar.

I investeringsbudsjettet i eit 10 års perspektiv er det synleggjort at det kan vere nødvendig at Kvinnherad kommune forskutterer midlar til å utvikle bustadareal og infrastruktur for å stimulere til bustadbygging.

Utvikling av næringsareal

Næringsutvikling og bustadutvikling heng saman. Arealutvikling til begge delar har i stor grad vore overlata til marknadskreftene dei siste tre-fire tiåra. Arealreserven for byggjeklare tomter til næring er liten, og sjølv om det finst klarert areal i kommuneplankartet, er det få reguleringsplanar som heimlar utbygging. Det vert arbeida i ny kommuneplan for å setje av småskala næringsområde i alle bygder, mellomstore næringsareal i større bygder og nokre store næringsareal på strategisk gode lokalitetar.

Ei viktig brikke i mange samferdsle- og byggeprosjekt, er tilgjengeleg areal til både mellomlagring og varig deponi av jordmassar og sprengstein. Slike areal må jobbast fram mange stader og med god spreining i kommunen, slik at transportavstanden blir kort.

Kommuneplanlagde næringsareal må følgjast opp med reguleringsplan som igjen må følgjast opp med grunnarbeid og bygging av infrastruktur. Kommunen bør ta ei rolle både ved erverv av grunn, reguleringsplanlegging og tilrettelegging av ferdig tomteland. Dette vert belasta investeringsbudsjettet sine postar for utvikling av næringsareal (4004) og grunnkjøp/tilrettelegging (4024). Inntekter frå sal av tomter skal pløyast attende som del av grunnlaget for kommunale investeringar.

I investeringsbudsjettet i eit 10 års perspektiv er det synleggjort at det kan vere nødvendig at Kvinnherad kommune forskutterer midlar til å utvikle næringsareal og infrastruktur for å stimulere til auke i næringsaktivitet.

Regionsenter Husnes

Husnes er i stadig utvikling. Av kommunale tiltak dei seinare åra er opprusting av Opsangervegen og Husnesparken, inkludert ei omfattande fornying av vatn- og avløpsanlegg, av dei større. Kommunen har bygd ut Husnes tenestesenter i Aksens og fått tenlege lokale og tidsmessige løysingar for fleire av dei publikumsretta tenestene.

Viktige prosjekt kommunen skal realisere i økonomiplanperioden er:

- Kvinnherad Arena: Ny fleirbrukshall for mange idrettsgreiner, aktivitetar, store arrangement og kroppsøving i skulen.
- Bygging av Lonavegen: Veg som gir tilkomst til store, sentrumsnære areal som skal nyttast til nye bustadar og næringsetableringar.
- Kollektivterminal: Planlegging og bygging av knutepunkt for kollektivtrafikken i Husnes sentrum.
- Opprusting av Sentrumsvegen: Veg gjennom Husnes sentrum treng tilpassingar for å gi betre trafikkavvikling, tryggare trafikktilhøve og betre framkome for kollektivtrafikken.
- Grøn næringspark: Planlegging og tilrettelegging av store næringsareal til framtidsretta industriaktivitet og anna næringsliv.
- Ny brannstasjon.
- Husnes tenestesenter/ Aksens del 1
- Husnes tenestesenter/ Aksens del 2
- Framtidig lokalisering av legesenter, ambulansestasjon, vaksenopplæring
- Leikeplass/aktivitetspark

Byggetrinn to i Husnes tenestesenter/ Aksens del 2 treng noko meir drøfting av kva funksjonar som skal lokaliserast der før det kan takast investeringsavgjerd.

Frivilligsentralen og Bua (utlånsentralen) er i dag i «lånte» lokale som er i minste laget og korkje har optimal plassering eller god utforming. Frivillige er ein stor ressurs i samfunnet og det å ha ein eigen møteplass for kreativitet og aktivitet er naudsynt for å oppretthalda gode relasjonar og aktivitet. Dette behovet må vurderast saman med vidare utvikling av Husnes tenestesenter.

«Møteplass Husnes» skal bli eit samlingspunkt i kultursenteret i hjartet av regionsenteret. Det er gjennomført forprosjekt, men hovudprosjektet må vente til finansiering er på plass. Gjennom eigen kommunedelplan for Husnes skal det leggjast opp til framtidsretta løysingar for dei fleste behov.

Kvinnherad Arena

I økonomiplanen er satsinga på Kvinnherad Arena vidareført.

Kvinnherad Arena	Beløp m mva	Beløp ex mva	
Totalramme	144 000 000	115 200 000	
Finansiering:			
Kvinnherad kommune	54 400 000	54 400 000	det er vedtatt bevilga 68 mill (54 mill + 13,6 mill/25 % mva)
			2017-2019: kr 2 mill - prosjekt 2020-2022: 66 mill
Trio IL	18 000 000	18 000 000	
Spelemidlar	28 800 000	28 800 000	
SKL	10 000 000	10 000 000	
VLFK/KUD	3 000 000	3 000 000	
BKK	1 000 000	1 000 000	
MVA refusjon	28 800 000		
SUM	144 000 000	115 200 000	

Anbud vert lyst ut tidleg november 2020. Planlagt byggestart er mai 2021, ferdigstilling av bygg innan utgangen av 2022. Når hallen står ferdig vil dette vere ein viktig tilvekst til oppveksttilhøva til barn og unge i Kvinnherad. Den vil og gje gode rammer for fysisk aktivitet for vaksne og eldre, og den vil og vere ein viktig møtestad for menneske i alle aldre. Frå og med 2023 er det lagt inn driftsmidler til hallen. Ein må samstundes sjå på hallkapasitet og bruk av hallen i skulesamanheng og vurdere effektive driftsmodellar for Kvinnherad Arena.

Oppvekstkårplan

Oppvekstkårplan, del 1 vart vedteken av kommunestyret 22.10.20. Del 2 er planlagt handsama i første del av 2021. Kommunedirektøren har i budsjettforslaget lagt til grunn ei forventning om at oppvekstkårplan og skal innehalde tiltak som vil gje betre bærekraftige økonomiske rammer for Kvinnheradskulen og barnehageområdet. Ei endring i struktur for barnehagane som medfører ei meir kostnadseffektiv drift kan og gje økonomisk effekt på driftstilskot til dei private barnehagane. I dag er det eit høgt kostnadsnivå i dei kommunale barnehagane som fører til eit tilsvarande høgt driftstilskot til private barnehagar. Ei endring i skule og barnehagestruktur vil og gje økonomisk effekt på sektor for Teknikk og miljø.

Forventningar til oppvekstkårplan				
	2021	2022	2023	2024
DRIFT - oppvekstkårplan. Forventninger til netto reduksjon i drift etter struktendring skule og barnehage				
Sektor for oppvekst	- 3 150 000	- 7 100 000	- 7 900 000	- 9 100 000
Sektor for teknikk og miljø	- 600 000	- 1 500 000	- 2 000 000	- 3 500 000
SUM forventning redusert drift/oppvekstkårplan	- 3 750 000	- 8 600 000	- 9 900 000	- 12 600 000
INVESTERING - oppvekstkårplan	25 000 000	50 000 000	75 000 000	75 000 000

Digitalisering

Dersom ein skal oppnå krav til effektivisering og forventa tenesteutvikling er det viktig å ha ei god utvikling innan digitalisering. Det er viktig å og synleggjera den effekt som ein kan oppnå ved ulike investeringar. Dette er vanskeleg, men kommunedirektøren ynskjer at dette i auka grad vert belyst i kvart prosjekt det vert investert i. Tabellen under viser fleire av digitaliseringsprosjekta som er lagt inn i budsjettet for 2021.

Digitalisering - Budsjett 2021	
Nasjonale prosjekt/løysningar. digiSoS, Svarut/SvarInn, eHelse, minKommune.no, eSignering, eDialog,	400 000
Teknisk	600 000
Samfunnsutv	1 000 000
Vann & Avlaup	700 000
Digitale verktøy pleie og omsorg	400 000
lisensar, pr fagsystem	50 000
Eigedomsarkiv	2 000 000
IT nettverk/infrastruktur	3 000 000
organisering arkiv	2 000 000
Digitale verktøy/enheter Oppvekst	6 000 000
Velferdsteknologi	3 000 000
Felles adm verktøy - Visma Enterprise osv	2 000 000
Microsoft	2 700 000

Digitalisering - Budsjett 2021	
Sum	23 850 000

digiVestland (tidligere digiHordaland) er eit regionalt prosjekt for å samordna kapasitetar innan drift/utvikling innan IT i Vestland. Dette er tenkt å strekkja seg frå felles kompetanseutveksling til felles drift/datasenter og driftsorganisasjon. Signala frå fleire i samarbeidet er at dette er eit prosjekt som er krevjande og, som også for Kvinnherad, på kort sikt bør fokusera på kompetanseutveksling og strategi-samarbeid. Eit meir formelt samarbeid fordrar og eit betydeleg økonomisk bidrag inn i digiVestland.

Driftsmessige endringar

I kommunedirektørens sitt forslag til budsjett 2021 er det lagt inn driftsmessig reduksjon innan fleire område, både i sektor for Oppvekst, sektor for Omsorg og sektor for Teknikk og miljø. Dei tiltaka ein legg til grunn kan få betydning for korleis tenestemottakarane vil oppleve tenestene. Dette er vanskeleg å unngå. Ein er derimot tydeleg på kva område ein vil foreslå tiltak på, og dermed er det tydelegare kva konsekvens dette kan gje.

Ressursfordelingsmodellar

Kommunen har utvikla og lagt til grunn ressursfordelingsmodellar særleg innan skule, barnehage, omsorgsinstitusjonar og heimebaserte tenester. Dette for å sikre ei betre, meir rettvis ressursfordeling samt betre transparant i fordeling av ressursane til ulike tenesteområde. I forkant av dette har det og vore nødvendig fleire stader å justere gjeldande budsjett til eit realistisk nivå. Dette gjeld både på inntekts- og kostnadssida.

Oppvekstkårplan

Det mest omfattande tiltaket innan oppvekstområdet i økonomiplanen vil kome som ein konsekvens av vedtak i Oppvekstkårplan, og er nærare omtala tidlegare.

Ekstern gjennomgang institusjonar og heimebaserte tenester

I første del av 2021 ser kommunedirektøren det som nødvendig å gjennomgå drifta ved fleire av einingane i sektor for Omsorg, helse og sosial. Kostnadane er høge og det er viktig å gå vidare inn i djupna på desse områda for å klare å oppnå ytterlegare krav til ei bærekraftig økonomisk drift. Det er særleg institusjonane, heimebaserte tenester og bu og habilitering dette må handle om. Det vil vere nødvendig å nytte eksterne aktørar for å sikre ein god gjennomgang.

Omstilling

Fleire av dei tiltaka ein legg opp til vil vere krevjande å iverksetje og oppnå effekt av. Dette krev god økonomistyring, god bemanning- og turnusplanlegging, eit samarbeid med tillitsvalte og vernetenesta mellom anna. Det krev og gode retningslinjer og god samhandling mellom partane for å oppnå den omstilling som skal til. Dette arbeidet har allereie starta, men her må ein jobbe systematisk og breitt og med god involvering for å lukkast.

Tiltaka må sjåast på i fleire av sektorane

Fleire av tiltaka som er føreslegne gjer mogleg innsparing i fleire sektorar. Desse tiltaka heng såleis saman og er avhengig av kvarandre for at kommunen skal få ein kostnadseffektiv vinst. Til dømes vil organisering av tenestetilbodet knytt til basseng gje effekt/økonomisk konsekvens for dei tre sektorane Oppvekst, Omsorg og Teknikk og miljø.

Kurs og reiser

Det er gjennomgåande, i alle sektorar og dei enkelte einingar lagt inn ein reduksjon på 25 % for kurs og reiserelaterte kostnader. Dette som ei forventning om at kommunalt tilsette i auka grad nyttar digitale møteplasser i kompetansehevingssamanheng

2.4 Budsjettvedtak


3 Status og rammebetingelsar

3.1 Plangrunnlag

Kvinnherad kommune utfører sine tenester og oppgaver innanfor eit nasjonalt rammeverk, men med lokalt sjølvstyre, lokalt særpreg og lokale tilpassingar. I plansamanheng stiller regjeringa kvart fjerde år opp eit sett nasjonale føringar som kommunen skal freista å innfri. I gjeldande føringar er det lagt stor vekt på FN sine 17 berekraftsmål.



Med ny kommuneplan på plass er det frå og med 2021 ønskje om ein sterkare og tydelegare samanheng mellom plan og økonomi. Både kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap, kvartalsrapportar og årsmelding bør i framtida byggjast over same lest og ha felles, lett kjennelege tal og trekk. I tillegg skal ein vurdere å gjera både klimabudsjett og klimarekneskap til del av kommunen sine styringsverktøy.



Kommuneplanen sin samfunnsdel peiker ut retninga

Kommunen er pålagt å ha ein samla kommuneplan som består av ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel (pbl. § 11-1). Samfunnsdelen skal peike ut ein tydeleg retning for samfunnsutviklinga i Kvinnherad, både som samfunn og kommunal organisasjon. Basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og ein grundig medverknadsprosess, skal samfunnsdelen (pbl. § 11-2):

- Ta stilling til langsiktige utfordringar
- Definere mål for samfunnsutviklinga (kva vil vi?)
- Formulere strategiar for å nå måla (korleis kjem vi dit?)

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggjast til grunn for kommunen sine sektorplanar og eigen verksemd, men òg statleg og fylkeskommunal verksemd i Kvinnherad (pbl. § 11-2 og 11-3).

Kommuneplanen sin handlingsdel skal følgjast opp gjennom økonomiske prioriteringar

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen.

Handlingsdelen til kommuneplanen er eit eige dokument som syner konkret korleis kommunen følgjer opp samfunnsdelen av kommuneplanen i dei fire påfølgjande åra. Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen.

Denne vert sett saman med den 4-årige økonomiplanen for kommunen og rullert kvart år (sjå figur). Handlingsdelen skal òg koplatt opp mot det årlege kommunebudsjettet. For å sikre at kommuneplanen vert følgt opp, er det altså avgjerande at handlingsdelen vert tatt inn i økonomiplanen og årsbudsjettet for kommunen.


Samfunnsdelen er planlagt vedteken våren 2021, og handlingsdel og økonomiplan vert difor integrert i økonomiplanen 2022-2025.

3.2 Føringar og pålegg frå staten

Statsbudsjettet for 2020 har følgjande påverknad på økonomien til Kvinnherad kommune:

- Frie inntekter vert styrka med 1,9 milliardar kroner i 2021 som utgjer omtrent 4,75 millionar kroner.
- Regjeringa har satt saman eit utval for å vurdere kompensasjon til kommunane for corona-kostnader
- Utdanningsløftet vert vidareført
- Stor satsing på ehelse, blant anna Aksjon Journal
- Eigenandelen for ressurskrevjande helsetenester vert auka med 46.000 kroner

3.3 Befolkningsutvikling




Figuren over: Geografisk fordeling av innbyggjarar oktober 2020 (Kjelde: Norkart og Folkeregisteret).

Nøkkeltal oktober 2020 (kjelde Norkart og Folkeregisteret)	
Samla folketal	13087
Kvinner	6463
Menn	6624
6-åringar	141
Personar over 70 år	2059

Folketalet i Kvinnherad oktober 2020 er på 13087 innbyggjarar. I løpet av året 2020 har det så langt vore ein liten oppgang på 33 personar i heile kommunen. Dei føregåande 4 åra har det derimot vore nedgang i folketalet. Kommunen har utfordringar med negativ flyttebalanse og ein aldrande folkesetnad. Etter vidaregåande skule flyttar ein del ut av kommunen for vidare studiar eller arbeid. Arbeidsinnvandringa har stagnert, og fødselstala søkk. Dette skaper utfordringar for tenestetilbodet og rekruttering av arbeidskraft.

SSB og Vestland fylkeskommune sine folketalsprognosar for dei neste 20-25 åra viser nedgang på om lag 10 % samanlikna med dagens innbyggjartal. Dette er i seg sjølv ei utfordring, men det som er langt meir alvorleg, er om ein ser på forventa alderssamansetning. Det er venta at ein stadig minkande del unge og vaksne i arbeidsfør alder, medan delen eldre går kraftig opp. Prognosane peiker på trendar i samfunnet, men tek ikkje høgde for lokale variasjonar som kan påverke tilflytting i vesentleg grad (t.d. nye samferdsleprosjekt, stor endring tal arbeidsplassar).



Figuren over: Aldersfordeling per 1. januar 2020 (Kjelde: Statistisk sentralbyrå).

Befolkningspyramiden i figuren syner befolkningsamansetninga slik den er i 2020, fordelt på kvinner og menn. Ut frå den kan ein både sjå situasjonen i dag, og i stor grad lesa framtidig utvikling:

- 1. Det vert fødd færre born.** Den delen av kvinnheringane som er i fruktbar alder, minkar, og særleg kvinnene. Dei som faktisk får born, får heller ikkje like mange som før.
- 2. Kvinnherad held fram med å ha ei aldrende befolkning,** det vil seie at ein stadig større del av befolkninga er over 60 år. Dei store etterkrigskulla har no nådd pensjonsalder.
- 3. Fråflytting.** Mange av dei som veks opp i Kvinnherad flyttar til byane for å studera, og kjem ikkje attende for å slå seg ned og få barn.

Å oppretthalda ei demografisk berekraftig utvikling vert ei av hovudutfordringane for Kvinnherad i åra framover.



3.4 Nøkkeltal

Det er viktig for alle kommunar å sjekke ut og samanlikne seg med andre kommunar og tenesteleverandørar slik at ein veit betre kvar ein skal intensivere innsats og kvar ein skal justere ressursbruk. Som hovudkjelde nyttar kommune-Norge KOSTRA til slik benchmarking. Dette finn ein på nettstaden til Statistisk sentralbyrå (SSB). Utdrag frå KOSTRA og samanlikningar med andre kommunar som er i Kostragruppe 11 (utval av kommunar som er vurdert å vere lik Kvinnherad kommune) vert omtala under dei ulike tenesteområda. Vidare i denne del av dokumentet finn du statistikk og analyser som er gjort av NHO (Kommune NM) og av Kommunal rapport (Kommunebarometeret) som og kan nyttast som grunnlag for prioriteringar.

3.4.1 NHOs Kommune-NM

NHOs Kommune-NM rangerer alle kommunane i landet etter økonomiske prestasjonar og rammevilkåra til næringslivet i kommunen. Kvinnherad kommune har hatt ein gledeleg utvikling i denne kåringa og har forbetra sin plassering totalt og på alle måleindikatorar utanom ein. Resultata syner at Kvinnherad har ein god og variert arbeidsmarknad med relativ låg arbeidsløyse. I 2020 kom kommunen på 135. plass i landet og 25. plass

i fylket. På landsbasis er dette ein forbetring på 54 plassar frå året før. Kommunen oppnår dårlegast resultat innan kategorien «Demografi» som målar befolkningsamansetning og flyttemønster.



3.4.2 Kommunebarometeret

Kommunal rapport utarbeider Kommunebarometeret. Kommunebarometeret målar og samanliknar kommunane i landet etter 151 nøkkeltal innan 12 ulike sektorar. Føremålet med målinga er å samla og forenkle ein oversikt over tenestenivået og økonomisk situasjon i kommunane. Kvinnherad kommune har også hatt ein gledeleg utvikling i denne målinga og har forbetra sin posisjon frå 317. plass i 2019 til 190. plass i 2020. Kommunen oppnår best plassering tenestenivået i Pleie og omsorg, barnehage og vatn, avløp og renovasjon. Kommunen oppnår dårlegast plassering innan kultur og kostnadsnivå.

TABELLAR

4 Økonomiske hovudtrekk


4.1 Sentrale inntekter

Inntekter - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Skatt på inntekt og formue	407 800	391 432	390 063	390 063	390 063	390 063
Rammetilskot	402 489	424 044	413 413	409 094	409 047	409 000
Eigedomsskatt	81 000	82 749	94 856	93 457	93 107	93 107
Renteinntekter	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Utbytte - Kvinnherad Energi	4 000	-	-	-	2 000	2 000
Utbytte - BKK	8 600	5 447	2 250	3 000	5 000	5 000
Avkastning Kraftfondet	31 500	-	21 213	21 357	23 666	23 903
Avsetning til eiekapitalfond - Kraftfondet	- 14 000	-	- 4 536	- 4 567	- 6 762	- 6 829
Sal av konsesjonskraft	43 000	6 889	22 200	24 763	24 763	24 763
Konsesjonsavgift	9 000	10 100	10 100	10 100	10 100	10 100
Havbruksfondet	30 000	30 813	14 500	36 250	10 875	36 250
Integreringstilskot	26 467	22 525	19 353	12 647	8 157	5 711
Rentekompensasjon	3 700	3 700	3 500	3 500	3 500	3 500
MVA-kompensasjon	22 190	22 190	24 272	23 628	23 326	23 103
Tilskot ressurskrevjande brukere	38 000	53 066	55 000	54 000	53 000	52 000
SUM	1 098 246	1 057 455	1 070 684	1 081 792	1 054 342	1 076 171
Kostnader						
Rentekostnader	39 768	30 990	26 297	27 102	28 883	29 659
Avdrag	58 809	62 470	64 648	67 611	73 143	74 397
Kapitalkostnader - sjølvkost	- 21 654	- 21 654	- 18 333	- 20 061	- 22 445	- 25 306
Tilskot - private barnehagar	43 000	50 507	51 000	51 000	47 500	47 000
SUM kostnader	119 923	122 314	123 611	125 652	127 081	125 750
Til fordeling drift	978 323	935 141	947 073	956 140	927 261	950 421

Skatt på inntekt og formue

Kommunen sine skatteinntekter utgjør ein stor del av dei totale inntektene til kommunen. Staten bereknar at omtrent 40 % av kommunen sine inntekter skal bestå av skatt av inntekt og formue i tillegg til eigedomsskatt. Kvinnherad kommune mottok også naturressursskatt frå kraftføretak som har kraftverk lokalisert i kommunen.


I starten av 2020 var arbeidsmarknaden i Kvinnherad god. Arbeidsløysa var under 2 % og tal permitterte var minimal. I takt med Korona-pandemien auka både arbeidsløysa og del permitterte av arbeidsstyrken. Men utviklinga i heile 2020 har vore at arbeidsløysa har vore lågare i Kvinnherad enn i Vestland og Norge. På sitt høgaste var arbeidsløysa 6,1 % i mars. Frå mars har arbeidsløysa hatt ei positiv utvikling og var i august på 2,5 %. Del permitterte av arbeidsstyrken var på 1,7 % på same tidspunkt.



Høg arbeidsløysa i 2020 har fått effekt på skatteinntektene til kommunen. I revidert budsjett 2020 vart skatteinntektene nedjustert med 16,3 millionar kr., frå 407,8 millionar kr. til 391,5 millionar kr.

KS forventar ein nedgang i skatteinntekt i Norge på 2,9 % i 2020, før utviklinga snur til ein vekst i 2021 på 5,1 %. Regjeringa er i statsbudsjettet meir optimistisk og forventar ein nedgang i 2020 på 1,9 % og ein vekst i 2021 på 6,6 %.

Pr. september 2020 var auke i skatteinntekt mot 2019 på 0,1 % i Kvinnherad. Budsjettert skattevekst var 2,6 %. Grafen under syner at veksten i Kvinnherad har vore høgare enn i Norge i 2020, men i september var denne forskjellen nærmast utlikna. Skatteinntekten i Kvinnherad i september var 3,3 % lågare enn for same månad i 2019. Om denne utviklinga fortset ut 2020 vil skatteutviklinga for heile året havne på -0,8 % mot 2019. I kommunedirektøren sitt budsjettforslag vert det difor budsjettert med ein nedgang på -1,0 % i 2020, og ein vekst tilsvarende KS sine anslag i 2021 på 5,1 %. Dette gjev ei skatteinntekt i 2021 på 390,0 millionar kr.



Rammetilskot


Rammetilskot frå stat til kommune vert fastsett av staten, men der kommunar prioriterer korleis midlane skal brukast. Utgangspunktet for rammetilskotet er ein fast sats pr. innbyggjar. I kommunedirektøren sitt budsjettforslag vert det budsjettert med eit innbyggjartal på 13.089 i økonomiplanperioden. Dette gjev eit

budsjettert innbyggjartilskot i 2021 på 324,1 millionar kr.


Staten ivaretek prinsippet om likeverdig tenestetilbod i alle kommunar, gjennom å leggje til tillegg i rammetilskotet med utgiftsutjamning og inntektsutjamning.

Utgiftsutjamning tek omsyn til kommunen sin geografi og demografi. Dersom alderssamansetninga eller andre sosioøkonomiske karakteristika tilseier eit høgare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet, vert kommunane kompensert for dette. I 2021 får Kvinnherad kommune 43,0 millionar kr. i utgiftsutjamning. Dei forholda som kommunen får mest kompensasjon for er ein høg del av befolkningen i aldersgruppa 80-89 år og over 90 år. Kommunen får også ein kompensasjon for ein langstrakt geografi og for ein relativ høg del av befolkninga som er over 67 år og ikkje gifte. Kommunen får eit fråtrekk for ein relativ låg del av befolkningen i aldersgruppa 2-5 år og 23-66 år. Kommunen får også fråtrekk for få flyktingar utan integreringstilskot, og låg del av befolkningen med høgare utdanning.

Gjennom inntektsutjamning kompenserer kommunar med høg skatteinntekt til kommunane med låg skatteinntekt. Basert på skatteanslaget for Kvinnherad kommune for 2021 som skildra over vil kommunen ha ei skatteinntekt pr. innbyggjar på 89,9 % av landsgjennomsnittet. Dette vil gje kommunen eit tillegg i rammetilskotet gjennom inntektsutjamning på 21,2 millionar kr. Kommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert for 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. I tillegg vert det gjeve ein ekstra kompensasjon for dei kommunane med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet på 35 % av eigen skatteinngang og 90 % av landsgjennomsnittet.



Grunna denne inntektssikringa vil dei totale frie inntektene til kommunen (rammetilskot og skatteinntekt) vere relativt stabile sjølv om skatteveksten vert lågare enn budsjettert for 2021. Kommunen har i dag ei skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet, og dersom veksten i kommunen vert lågare enn budsjettert vert 95 % av forskjellen kompensert gjennom inntektsutjamning. Det er følgeleg liten risiko i å budsjettere med ein vekst på 5,1 % i 2021.



	Frie inntekter - Kvinnherad kommune			
	2021	2022	2023	2024
Rammetilskot	324 101	325 793	325 748	325 703
Overgangsordning - INGAR	4 940			
Saker særskilt fordeling	3 289	2 311	2 311	2 311
Sør-Norge tilskot	16 770	16 621	16 621	16 621
Utgiftsutjamning	43 032	43 088	43 086	43 084
Inntektsutjamning	21 281	21 281	21 281	21 281
Skatteinntekt	390 063	390 063	390 063	390 063
SUM frie inntekter	803 476	799 157	799 110	799 063

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt som kommunestyret vedtek å krevje inn. I dag har 319 av 356 kommunar i Noreg eigedomsskatt. Eigedomsskatten er spesielt viktig for Kvinnherad kommune grunna dei kraftverka som er lokalisert i kommunen. Kraftverka betalar eigedomsskatt basert på ein skattemessig formueverdi som vert rekna ut ifrå lønsemd dei siste 5 åra. 58 % av eigedomsskatten til kommunen kjem frå vasskraftverk.

Kommunestyret vedtok den 17.09.2020 å nytte Skatteetaten sin likningsverdi som grunnlag for eigedomsskatt av bustadeigedommar.

Det vert føreslege å auke eigedomsskattesatsen til 3 % og samstundes innføre eit botnfrådrag på 300.000 kr på bustad og fritidseigedomar. Det vert ikkje berekna botnfrådrag på tomter. Dette gjev ei auke i inntekt for eigedomsskatt på 7,64 millionar kr. Dette vil medføre ein gjennomsnittsauke i eigedomsskatt på 1154 kr. pr. bustad.

For dei eigedomar som ikkje har formuegrunnlag frå Skatteetaten, vert det føreslege å kontorjustere dei kommunale satsane med 10 %. Dette gjev ei auke i inntekt på 0,44 millionar kr.

For nærings eigedomar er det føreslege å halde eigedomsskatten som før, på 7 promille.

Det er usikkerheit knytt til budsjetteringa av eigedomsskatten frå vasskraftverk. Grunna Korona vert ikkje skattemessig formueverdi av vasskraftverka klar før 1. desember. Det er difor gjort eit anslag på desse verdiane. For 2021 vert gjennomsnittskraftprisen for perioden 2015-2019 nytta som grunnlag i fastsetjinga av verdien av kraftverka. Denne var på 30,3 øre/KWh. Grunna høge straumprisar i 2019 bidrar dette til ein auke i gjennomsnittleg kraftpris frå 2020 som var på 27,6 øre/kWh. I 2022 vil eigedomsskatten truleg gå ned grunna låge straumprisar i 2020 som då går inn i grunnlaget for gjennomsnittspris.

Eigedomsskatten for 2021-2024 vert budsjettert som følgjer:

Eigedomsskatt - Kvinnherad kommune				
	2021	2022	2023	2024
Bustadeigedommar	21 255	21 255	21 255	21 255
Fritidseigedommar	1 872	1 872	1 872	1 872
Næringseigedommar	14 767	14 767	14 767	14 767
Kraftlinjer	3 972	3 972	3 972	3 972
Kraftverk	52 990	51 591	51 241	51 241
SUM	94 856	93 457	93 107	93 107

Sal av konsesjonskraft

Eigarar av større vasskraftverk pliktar å levere ein del av den produserte krafta til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Kvinnherad kommune mottok årleg 160,4 GwH i konsesjonskraft.

Investeringsutvalet har i 2020 gjort fleire vedtak for å redusere eksponering for prissvingningar i kraftmarknaden.

Forvaltarfunksjonen av konsesjonskrafta blei lagt ut på anbod. Ishavskraft blei valt som ny forvaltar og vil i 2021 forvalte krafta etter to forvaltningsmodellar.

86,5 GwH skal seljast etter budsjettprismodellen. Det vert sett ein budsjettpris lik 90 % av årsprisen i marknaden. Dette er ein stop-loss grense som forvaltar skal sjå til vert oppnådd. Forvaltar mottok ikkje honorar før denne prisgrensa er nådd. Målet til forvaltar er å oppnå ei meiravkastning ut over årsprisen.

73,9 GwH skal forvaltast etter modellen "Momentumbasert faktorallokering". Det er ein handelsstrategi der målet er å fange dei langsiktige trendane. Basert på forhåndsdefinerte parameter vert det generert kjøps- og salssignal. Desse signala skal antyde om krafta skal vere prissikra eller ikkje.

Begge desse strategiane inneber ei betydeleg høgare prissikring fram i tid enn det som har vore gjort tidlegare. Dette skapar føreseielegheit til inntektene av konsesjonskraft. Sikringsgraden for 2021 er rundt 93 %. Det er førebels ikkje gjort sikringar av prisen for 2022.

Konsesjonskraft - Kvinnherad kommune				
	2021	2022	2023	2024
Konsesjonskraft	22 200	24 763	24 763	24 763

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift pliktar eigarane av vasskraftverk å betale til kommunar som kompensasjon for dei skader og ulemper som følgjer av utbygging av kraftverka. Satsen vert regulert kvart 5. år basert på utviklinga i SSB. Dette vart seinast gjort i 2020. Inntekta frå konsesjonsavgift er følgjeleg føreseieleg for perioden 2021-2024.


Konsesjonsavgift - Kvinnherad kommune				
	2021	2022	2023	2024
Konsesjonsavgift	10 100	10 100	10 100	10 100

Havbruksfondet

Etter handsaming av revidert nasjonalbudsjett i 2020 vart finansieringa av Havbruksfondet endra. Tidlegare fekk kommunar og fylkeskommunar 80 % av inntektene frå auksjonar av nye konsesjonar og eventuell auke i biomasse i havbruksnæringa. Kommunane sin andel er redusert til 40 % av inntektene, med verknad frå 2022. Frå 2022 vil kommunar også motta 40 øre per kilo produsert fisk.

Før den nye ordninga trer i kraft vert det utbetalt faste beløp til kommunane. Kvinnherad kommune mottok i 2020 31,1 millionar kr. av ein total pott på 2,25 milliardar. I 2021 vert det utdelt 1 milliard kr. frå Havbruksfondet. Kvinnherad sin del er budsjettert til 14,5 millionar kr.

I 2022 og 2024 vert det budsjettert med 29,0 millionar kr. frå Havbruksfondet og 7,25 millionar kr. frå produksjonsavgift. I 2023 vert det budsjettert totalt med 10,8 millionar kr.



Integreringstilskot

Kommunen mottok integreringstilskot for personar som får opphald i Noreg som overføringsflyktningar eller på bakgrunn av asyl. Integreringstilskotet skal dekkje kostnader for å gjennomføre eit planmessig busetjing- og integreringsarbeid.

Integreringstilskotet går over 5 år, med ulik sats for kvart av dei 5 åra. I tillegg mottok kommunen tilskot for dei barn og unge under 18 år som kjem til Noreg utan foreldre eller andre voksne med foreldreansvar. Tilskotet går fram til personane fyller 20 år.

Kommunen tok i mot 39 og 44 flyktningar i høvesvis 2016 og 2017. I økonomiplanperioden vert det budsjettert med 10 nye flyktningar kvart år. Dette medfører ein stor nedgang i integreringstilskot dei neste åra.

Integreringstilskot(1000 kr) - Kvinnherad kommune				
	2021	2022	2023	2024
Integreringstilskot	9 534	7 360	7 401	5 711
Tilskot - enslige mindreårige	9 819	5 287	755	-
SUM	19 353	12 647	8 156	5 711

Tilskot for ressurskrevjande helsetenester

Kommunen kan søkje om delvis refusjon av lønskostnader knytt til særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester knytt til enkeltmottakarar under 67 år. Tilskotet dekkjer 80% av direkte lønskostnader ut over eit innslagspunkt på 1.430.000 kr. pr. brukar.

Dei siste 6 åra har innslagspunktet auka med over 200.000 kr. pr. brukar ut over normal lønsvekst. Dette har medført ein betydeleg auke i kommunen sine kostnader.

Det vert budsjettert med eit årleg tilskot for ressurskrevjande helsetenester på 55,0 millionar kr. i 2020. Grunna forventning om effektivitetsfremjande tiltak i økonomiplanperioden vert budsjettert inntekt redusert til 52,0 millionar kroner fram til 2024.

Tilskot for ressurskrevjande helsetenester(1000 kr) - Kvinnherad kommune				
	2021	2022	2023	2024
Ressurskrevjande helsetenester	55 000	54 000	53 000	52 000

4.2 Sentrale kostnader

Tilskot til private barnehagar

Drift av dei private barnehagane i kommunen vert finansiert av eit driftstilskot frå kommunen. Driftstilskotet skal baserast på kostnadsnivået i kommunen sine egne kommunale barnehagar.

Driftstilskotet i 2020 var på 241.715 kr. pr. barn. for små barn (0-2 år) og 117.458 kr. pr. barn for store barn (3-5 år). Gjennomsnittstilskot i alle landet sine kommunar var på høvesvis 225.443 kr. og 108.576 kr. I 2021 er driftstilskotet budsjettert til 260.190 kr. og 130.714 kr. pr. barn i Kvinnherad.

Fordelinga mellom kommunale og private barnehagar er økonomisk ufordelaktig for kommunen. Dei private barnehagane har i snitt 54,6 barn, medan dei kommunale barnehagane har 27,7 barn i snitt. Dette fører til at dei private barnehagane får eit høgare tilskot enn det som trengs for å drifte barnehagane av den størrelsen. Målt mot nasjonale satsar får dei private barnehagane 6.557.593 kr. meir i tilskot frå Kvinnherad kommune.

Denne skilnaden har dei fleste andre kommunar utlikna. Som ein ser av tabellen under er størrelsen på private og kommunale barnehagar lik i samanliknbare kommunar.

Opphaldstimar pr årsverk			
	Kommunale	Private	Private i % av kommunale
Kvinnherad	10 593	12 738	120 %
Stord	13 072	12 957	99 %
Voss	12 731	12 790	100 %
Hordaland	12 276	12 673	103 %
Kostragruppe 11	12 126	12 208	101 %

Tilskot til private barnehagar er budsjettert til 51.219.180 kr. i 2021. Som følgje av forventningar til oppvekstkårplan vert det forventa at tilskotet vert redusert i økonomiplanperioden. Reduksjon i driftskostnadane knytt til barnehage i 2021 vil få effekt på driftstilskotet til private barnehagar i 2023.

Tilskot til private barnehagar(1000 kr) - Kvinnherad kommune				
	2021	2022	2023	2024
Tilskot - private barnehagar	51 000	51 000	47 500	47 000

4.3 Finansielle poster

Renteinntekter

Kommunen får renteinntekter av bankinnskot, startlån og diverse andre utlån. Med rentenivå som i dag er desse inntektene budsjettert til 4,5 millionar kr. i 2021.

Utbyte

Låge kraftprisar påverkar forventa utbyte frå eigarpostane i BKK og Kvinnherad Energi. BKK forventar eit årsresultat i 2020 på 500 millionar kr. På grunn av ein usikker marknad har dei signalisert at utbytegraden vert redusert frå 70% til 50%. Dette vil gje Kvinnherad kommune eit utbyte i 2020 på 2,25 millionar kr. Det vert forventa at utbytet vil stige utover i økonomiplanperioden.

Den økonomiske situasjonen i Kvinnherad Energi vil truleg ikkje gje rom for utbyte i 2021. I økonomiplanen vert det forventa eit utbyte på 2 millionar kr. i 2023 og 2024.

Avkastning Kraftfondet

Ved utarbeiding av økonomiplanen var marknadsverdien av Kraftfondet 757.079.374 kr. I finansreglementet er målsetjinga for Kraftfondet å levera ein avkastning på 2,5 % utover risikofri rente. For 2021 er denne 3,18%.

I kommunedirektøren sitt budsjettforslag vert avkastning tilsvarande risikofri rente avsett på eigenkapitalfond. Avkastning på 2,5% vert følgjeleg budsjettert til drift. Det er ein føresetnad at det vert gjort nedsal i Kraftfondet tilsvarande dette beløpet.

Lånekostnader

Jamfør ny kommunelov skal kommunane sine avdrag på låneportefølja tilsvare verdiforringelsen på dei anleggsmidlane som er finansiert med lånegjeld. Dette for å forsikra at lånegjelda ikkje overstig verdien av anleggsmidlane.

Minimumsavdraget vert rekna etter følgjande formel:

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

Avdraga vert kostnadsført i driftsrekneskapet og får ein direkte effekt på dei driftsrammene kommunen har tilgjengeleg til tenesteyting. Avdraga er budsjettert til 64.647.792 kr. i 2021, dette er ein auke på 2.177.756 kr. frå revidert budsjett 2020.

Grunna store investeringar i kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan vil minimumsavdraget auke utover i økonomiplanperioden.

Kommunen sine rentekostnader er betydeleg redusert i takt med lågare styringsrente frå Norges Bank. Kommunen har refinansiert fire lån i 2020 til svært låge rentenivå. For 2021 er rentekostnadane budsjettert til 26.296.678 kr., som er 13,4 millionar kr. lågare enn opprinneleg budsjett 2020.

Refinansiering av lån i 2020				
Långiver	Lånebeløp	Startdato	Forfall	Rente
DNB	195 700 000	16.03.2020	16.03.2023	1,81 %
Nordea	60 000 000	24.04.2020	24.11.2020	0,94 %
KLP	107 500 000	24.04.2020	24.04.2025	0,67 %
Kommunalbanken	138 850 000	02.07.2020	02.07.2025	0,74 %
KLP	196 650 000	12.10.2020	12.10.2023	0,70 %

Gjennomsnittleg lånerente er budsjettert til 1,59% i 2021.

Gjennomsnittleg lånerente			
2021	2022	2023	2024
1,59 %	1,55 %	1,58 %	1,59 %

Dei investeringane som er budsjettert i økonomiplanen er høgare enn budsjettert minsteavdrag. Rentekostnadane vil følgjeleg auke utover i økonomiplanperioden.

4.4 Netto driftsresultat

Budsjett - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Sektor Oppvekst	329 758	331 075	314 142	305 346	299 646	298 135
Sektor Omsorg Helse og Sosial	463 807	479 807	469 813	458 597	450 791	445 455
Sektor Teknikk og Miljø	86 194	89 294	73 128	72 843	74 943	73 369
Sektor Samfunnsutvikling	24 788	26 513	39 020	36 154	35 401	35 351
Administrasjon	45 962	47 859	50 114	48 114	48 114	48 114
Kommunedirektør	13 606	13 606	3 887	3 887	3 887	3 887
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	10 365	10 365	10 395	10 195	9 995	9 895
Politikk	7 593	8 593	7 412	7 077	7 412	7 077
SUM	982 073	1 007 112	967 910	942 213	930 190	921 283

Budsjett - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	-3 750	-71 971	-20 838	13 925	-2 954	29 110
<i>i %</i>	<i>-0,38 %</i>	<i>-7,70 %</i>	<i>-1,95 %</i>	<i>1,29 %</i>	<i>-0,28 %</i>	<i>2,70 %</i>
Bruk av disposisjonsfond	3 750	71 971	20 838		2 954	
Eigenkapitalfinansiering av investeringar				13 900		29 100

Netto driftsresultat syner kva kommunar sit igjen med av inntekter etter at alle kostnader er betalt. Netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller avsetnad til fond.

Det er vedteke eit mål for netto driftsresultat på 2,75% av inntektene. Ved å tilpasse kostnadsnivået til dette målet vil 25-30 millionar kr. kunne nyttast til å investere ut over det investeringsnivået som budsjettet tillet.

Kvinnherad sine ekstraordinære inntekter er uføresielege og svingar i stor grad i takt med kraftprisen. Ved låge kraftprisar vil inntektene synke mykje slik tilfellet har vore i 2020 og forventa i 2021. Det er krevjande å tilpasse driftskostnadane i takt med desse inntektene, og dette utgjør risiko for tap. Kommunen har opparbeida seg eit disposisjonsfond for å tåle slike svingingar. Det er budsjettert med at disposisjonsfondet vil reduserast med 24,4 millionar kr. i økonomiplanperioden.

Økonomiplanen syner ei forbetring i netto driftsresultat, og i 2024 vil kommunen nærme seg vedteke måltal på 2,75%. Dette vil krevje eit stort omstillingsarbeid for å redusere tenestenivå og kostnader, særleg innan dei to største sektorane.

Tal i 1000 kr	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	- 21 045	13 405	- 3 373	28 605
<i>i % av inntekter</i>	<i>-2,0 %</i>	<i>1,2 %</i>	<i>-0,3 %</i>	<i>2,7 %</i>
Bruk av disposisjonsfondet	21 045	-	3 373	-
Eigenfinansiering av investeringar	-	13 400	-	28 600
Disposisjonsfondet	127 916	127 916	124 543	124 543
<i>i % av inntekter</i>	<i>11,9 %</i>	<i>11,8 %</i>	<i>11,8 %</i>	<i>11,6 %</i>

Det vert føreslege at negativt netto driftsresultat vert dekkja av disposisjonsfondet i 2021 og 2023. Positivt netto driftsresultat i 2022 og 2024 vert føreslege nytta som eigenfinansiering av investeringar. Dette bidreg til å redusere framtidig gjeldsbelastning.

Disponeringa vil medføre at disposisjonsfondet vert redusert frå 148,9 millionar kroner til 124,5 millionar kroner i økonomiplanperioden. Målt mot inntekter er disposisjonsfondet 11,6 % i 2024. Dette er framleis over det finansielle målet på 10 %.

5 Driftsbudsjett

5.1 Sentrale styringsområder

5.1.1 Utfordringar, mål og strategiar

Tenesteområdet Administrasjon omhandlar heile sentraladministrasjonen i Kvinnherad kommune. Her er administrativ og politisk styring, kvalitet og beredskap, informasjon og innbyggjarservice, økonomi, IKT, personal, stab administrasjon, sal og skjenking.

Juristar i stab

Det er eit aukande behov for juridisk kompetanse i organisasjonen. Det er overflytta 2 juristar til nyoppretta stab Administrasjon, og det vert planlagt samkjøring og betre utnytting av desse ressursane, for å løysa stadig meir kompliserte oppgåver. Ordninga gjeld også i saker/utredningar som vert initiert av politisk leing.

Økonomi:

Skatteoppkrevjaren går over til staten frå 01.11.20, og det forsvinn mykje kompetanse ut av avdelinga. Kommunane skal behalda særnamskompetansen for kommunale krav. Oppgåve med kommunal innkrevjing ligg såleis att, og avdelinga deler kompetanse for å oppnå måla her.

Ekstern og intern kommunikasjon

Informasjon og innbyggjarservice vart oppretta frå januar 2020, og målet er å leggja til rette for god dialog både internt i organisasjonen og med innbyggjarar, næringsliv og frivillige. Me er opptekne av å vidareutvikla gode arena for digital kommunikasjon og samhandling med våre medarbeidarar og innbyggjarar. Situasjonen rundt Covid-19 har gjeve denne gruppa ein bratt læringskurve, og det er lagt vekt på samordna, positivt vinkla, faktabasert informasjon til tilsette og innbyggjarar. Me legg vekt på godt språk, og Kvinnherad er i haust nominert som ein av 4 kommunar til "årets nynorsk kommune".

Samhandling med verneteneste og tillitsvalgte:

Kommunen har om lag 1400 tilsette og 4 sektorar med mange like og ulike einingar. Dersom kommunen skal klara å levera tenester av god kvalitet er me avhengige av at det er eit godt samarbeid mellom dei tilsette både innad i eining og på tvers mellom dei ulike tenesteområda. Me har fokus på samhandling og koordinering av tenestene våre, og dei tillitsvalde er viktige samarbeidspartnarar. Kommunedirektør er oppteken av at det skal vera eit ope og godt samarbeid mellom partane, me treng kvarande og har fokus på å skapa gode samarbeidsarena. Utfordringar me står ovafor kan ikkje løysast verken av sektor, eining eller tilsett åleine, å stå saman og nytta ressursane me rår over på best mogleg måte er alle sitt ansvar.

Lærlingar:

Det vil framover leggjast vekt på å kvalitetssikra arbeidet rundt lærlingar, for å fremja felleskap i gruppa og tilknytning til kommunen som arbeidsgjevar, ikkje kun den enkelte arbeidsplass. I lys av dei prosessane som skjer knytt til pedagognorm og definerte krav om kompetanse i sektorane Oppvekst og Omsorg, må kommunen vurdere nøye behov for framtidige fagarbeidarar i dei ulike tenesteområda, slik at dei som er lærlingar kan ha moglegheit for jobb når dei har fullført fagbrev. Kommunestyret sitt mål om 26 lærlingar må såleis vurderast i lys av dagens bemanningssituasjon. Ved utgangen av 2020 har kommunen 19 aktive lærekontraktar, det er ikkje rom for å ta inn nye i 2021.

Lærlingar	2017	2018	2019	2020
Barne og ungdomsarbeidar	3	1	5	2
Helsefagarbeidar	4	6	5	3
IKT		1		
Institusjonskokk	1			
TAF		2		1
Feiar				1
SUM	8	10	10	7

HMT, Internkontroll, Beredskap og Kvalitet:

For å imøtekoma lovpålagte krav om kvalitet og forsvarleg handtering av personopplysningar og sensitiv informasjon, har kommunen auka fokus på nettverk, infrastruktur og sikkerheit. Kommunen skal ha felles retningslinjer og rutinar som grunnlag for styring, kontroll og rapportering.

Det må regelmessig gjennomførast risikovurdering (ROS analyse), med påfølgjande plan for sikkerheitstiltak basert på uønska hendingar. Kommunedirektør har teke initiativ til eit beredskapsråd der sentrale partar som

politi og heimevern, deltek saman med kommuneleiinga og aktuelle faginstansar som brannvern og kommuneoverlege. Møteplan årleg.

Brukarundersøkingar:

Kva er me gode på og kva område må me forbetre oss på?

Må sjåast i samanheng med punktet over. Gjennom systematiske brukarundersøkinga kan me få oversikt på kor nøgde brukarane er med tenestene til kommunen. Slike brukarundersøkingar skal ha høgare fokus framover, det må lagast ei samla oversikt på kva som bør sjekkast ut, og kor ofte. Ein plan for dei ulike tenesteområda kan så setjast opp i ein årsplan - gjerne over ein 4 års periode.

Styrt digitalisering og utvikling:

Organisasjonen har ikkje hatt koordinerande ressurs som tek ansvar for prioritering, kvalitetssikring og samordning av digitalisering på tvers av tenesteområda. Ressursgruppe med ansvar for ei meir systematisk og målretta innføring av nye, digitale løysingar er oppretta. Grappa er tverrfagleg og skal leia og prioritera digitalisering innan dei ulike tenesteområda. Ressursgruppa skal disponera midlar sett av til infrastruktur og digitalisering, og må sjå til at parallell utbygging og sikring av nettverk skjer.

Digitalisering, utdrag av nokre satsingar:

- Auka tal innbyggjarar som brukar avtalegiro eller e-faktura
Etablera samarbeid med SR bank
- Auka tal leverandører som sender elektronisk faktura
Målet er at alle leverandørar skal senda faktura i elektronisk format.
- Informera leverandørar om krav, og informasjon til alle bestillarar.
Auka tal personalmeldingar i elektronisk format.
Målet er at 100% av personalmeldingar går elektronisk i 2021
- E-signering
Målet er at e-signering vert nytta på 100% av arbeidsavtaler og annan dokumentasjon som krev personleg signatur i 2021.
- Digital sendingar internt og eksternt
Målet er dekningsgrad elektroniske utsendingar 75% i 2021
- Trådløst nett i alle kommunale bygg:
Kommunen har som mål å leggja inn nett i alle kommunale bygg der behovet tilseier det. Målet er å byta ut den eldste teknologien i løpet av 2021.
- Samhandlingsplattform for digital gjennomføring av politiske møte.
Målet er å gjennomføra digital avstemming i kommunestyremøta.


Leiarutvikling:

Både nye og erfarne leiarar treng kompetanse som bidreg til eit meir samkjørt leiarskap. Økonomiske utfordringar og gjennomgang av bemanningsplanar og personalressursar krev at leiar har kompetanse innan aktuelt lov og regelverk. Auka kunnskap om økonomi og budsjetthandling er også eit fokusområde. Knytast opp i mot tiltak og mål i 10 faktor medarbeidarundersøking.

Medarbeidarutvikling:

Auka digitalisering krev utvida digital kunnskap i høve dei ulike fagsystema og digitale verktøya som er i bruk. Nye system vert tekne i bruk, og opplæring er naudsynt for å nytta desse fullt ut.

Grafen under syner netto driftsutgifter til administrasjon:



	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	6,00 %	6,10 %	6,90 %	6,70 %
Mandal (-2019)	5,30 %	4,70 %	5,10 %	5,10 %
Stord	6,70 %	6,30 %	6,30 %	6,00 %
Voss (-2019)	7,30 %	7,50 %	7,60 %	7,70 %
Hordaland (-2019)	6,70 %	6,30 %	6,90 %	7,00 %
Kostragruppe 11	6,90 %	6,50 %	7,20 %	7,10 %

Denne indikatoren seier noko om kor mykje av det totale budsjettet kommunen brukar til administrasjon.

I tabellen ser me at Kvinnherad ikkje skil seg spesielt ut i frå andre kommunar.

Sal og skjenking:

Kvinnherad kommune har 20 salsløyve for alkoholhaldig drikk, 28 tobakkutsal og 24 skjenkeløyve. I 2020 vart inngått eit vertskommunesamarbeid for kontrollarbeid, der formålet er å sikra kvalitetsmessig god skjenke- og salskontroll i samsvar med alkohollov og -forskrift, samt kontroll av at salstadane følgjer regeleverket etter tobakkskadelova. Inntektene av gebyr knytt til sal og skjenking skal dekkja kontrollarbeidet (løn, reise, kost), vegleing og oppfølging av brot.

Mål :

- **Brucar i sentrum:** Utvikla tenestetilbodet i samsvar med dei krava som innbyggjarane og samfunnet rundt oss stiller i høve digital utforming og tilpassing. Brucarane (innbyggjarar, politikar og tilsette, næringsliv, frivillig sektor) og deira behov, skal vera det sentrale utgangspunktet for våre tenester og oppgåveløysing.

Måleindikator:

Kommunale skjema og publikumsløysingar som er digitalt tilgjengelege, vert auka i økonomiplanperioden. Brucarundersøkingar kan og nyttast som indikator.

- **Digitaliseringsprosjekt** i organisasjonen skal planleggjast, prioriterast og gjennomførast samordna og profesjonelt. Arbeid med nettverk og sikkerheit skal følgja parallelt.

Måleindikator: All ny programvare skal innom denne gruppa før endeleg avgjerd om innkjøp. Sikkerheit og personvern skal ha fokus.

- **Leiar og medarbeidarutvikling** - vidareutviklafelles system for læring på tvers i organisasjonen. Samhandling mellom aktuelle partar for å oppnå god læring.

Måleindikator: KS læring kurs knytt til arbeidsrett og fokus på arbeidsmiljø vert prioritert.

Kort orientering om området politikk:

2020 var første året med noko endra styre- og utvalstruktur jamfør ny kommunelov. Av ulike årsaker, også korona relatert, har Ungdomsråd ennå ikkje hatt sitt første møte. I kommunestyrevedtak frå 22.04.2020 vart valt rådsmedlemer, og det låg i vedtaket at utvalet i tillegg til politisk sekretær skulle ha tilgang på ein koordinator. Tabellen under syner oppsett med tal medlemer pr. styre og utval.

Styre, råd og utval	Tal medlemer
Kommunestyre	35
Formannskap	9
Levekårutval	7
Plan, teknikk og miljø	7
Forvaltningsutval	7
Ungdomsråd	
*Eldreråd	7
*Rådet for menneske med nedsett funksjon	7
Investeringsutval	5
Administrasjonsutval	5 (3 +2)
Kontrollutvalet	5
Klageutvalet	3

Det politisk reglementet er i 2020 tilpassa ny kommunelov og er behandla politisk.

5.1.2 Driftsbudsjett

Budsjett	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon	47 859 228	50 114 290
Kommunedirektør	13 606 136	3 886 653
Kvinnherad Kyrkjelege Fellesråd	10 365 130	10 395 000
Politikk	8 593 314	7 411 777

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Administrasjon				
Budsjett 2020	45 962 228	45 962 228	45 962 228	45 962 228
Reduksjon i 50 % stilling - Økonomikontoret	- 375 000	- 375 000	- 375 000	- 375 000
Reduksjon i 100 % stilling - Informasjon	- 600 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000
Innføring fakturagebyr papirfaktura	- 300 000	- 300 000	- 300 000	- 300 000
Reduksjon i tal lærlingar	- 494 758	- 494 758	- 494 758	- 494 758
Overføring jurist	740 000	740 000	740 000	740 000
Nytilsett ehelse konsulent	791 000	791 000	791 000	791 000
Underbudsjettering - Løn og personal	1 497 000	1 497 000	1 497 000	1 497 000

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Bustadsosiale tilskotsordningar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Omstilling	2 000 000			
Kutt i kurs og reiseutgifter	- 106 180	- 106 180	- 106 180	- 106 180
Nytt budsjett 2021-2024	50 114 290	48 114 290	48 114 290	48 114 290

Administrasjon

Ramme 50 114 290 kr.

Reduksjon i 50 % stilling på Økonomi - kr. 375 000

Reduksjon i 100 % stilling på Informasjon - kr. 600 000

Reduksjon i 100% stilling på Løn og personal - kr. 700 000

Innføring gebyr papirfaktura - kr. 300 000

Reduksjon i tal lærlingar - ingen nye lærlingar for 2021

Tiltak - driftsbudsjett

Tiltak 1: Ordning av saksarkiv som er levert til IKAH (Interkommunalt arkiv Hordaland)

I revidert budsjett juni 2019 vart sett av 300 000 kr, og tilsagn om same sum kvart år i 5 år frå 2019 (ut denne økonomiplanperioden), for behandling av avlevert papirarkiv til og med 1992. Summen er sett av innfor tildelt ramme.

Tiltak 5: Lisensar microsoft

Lisensane utgjer frå 2020 for heile organisasjonen kr. 1,9 mill. Seksjon stab sitt budsjett vert belasta, med påfølgjande internfakturering. Auken i dette tiltaket gjeld alle. Utgift og inntekt er lagt inn i tildelt ramme.

Leiar og medarbeidarutvikling

Bør vurderast å leggja inn ein felles budsjettpost som gjeld for tilsette i heile organisasjonen. Styrkja kompetanse vil auka kvalitet på arbeidet som vert utført, gjera leiarar tryggare i personalhandtering, samordning og på sikt til betre arbeidsmiljø. Auka trivsel kan i neste omgang føra til auka nærvær, bruk av ressursar på tvers og høgare effektivitet. På sikt kan tenestene utførast av færre tilsette. Kostnader til innleigde konsulenter frå KS, ein del til innkjøp e læringsmodular, ein del til frikjøp eigne fagpersonar. Når det gjeld leiaropplæring er det også gode ordningar i høve OU midlar som kan søkjast på gjennom KS:

Andre kostnader som gjeld heile organisasjonen, som vert løyst innfor vedtekne budsjetttrammer:

KS - kontingentar

Det vert budsjettert med kontingent til KS, FoU arbeidet i regi av KS og OU kontingent i tråd med oppsett frå KS. Innbetaling er rekna i høve innbyggjartal og tal tilsette, og det ligg sentrale satsar til grunn som kommunen ikkje har påverknad på.

Integrasjonar mellom fagsystema

Samordning av informasjon mellom dei ulike fagsystema våre er naudsynt for gjenbruk av informasjonen, og leverandørane av fagsystema prisar denne tenesta høgt. Kostnad er knytt til kvar enkelt fagsystem (på begge sider av informasjonsflyten), og det er vanskeleg å setja noko konkret sum – det er rekna ca. kr. 50 000,- pr. fagsystem som realistisk kostnad.

Tiltak - investeringsbudsjett:

Tiltak 1 - Prosjekt nr. 3031: Digitalisering av eigedomsarkivet: Arkivet inneheld alle eldre byggesaker, oppmåling, landbruk og er på til saman 109 hyllemeter med dokument som i dag ligg på arkiv hos Sektor Samfunnsutvikling på rådhuset. Desse mappene og dokumenta skal ryddast i og deretter scannast, for å digitaliserast slik at saksbehandlar kan nytta fullt ut nye, digitale byggesakssystem, og for at innbyggjarane skal få innsyn i eigne dokument digitalt. Arbeid har vorte stoppa opp grunna Korona, men har no starta opp og anbudsrunder er i gang samaan med innkjøpsansvarleg i kommunen. Førebels kostnadsrekna til om lag 4 millionar kr.

Tiltak 2 - Prosjekt 3030: Infrastruktur og prosjekt xxxx digitalisering: Stadig auka databruk krev fornying, utskifting og utbygging av infrastruktur (IT nettverk) saman med investering i stadig ny programvare. Trådlause sendarar på alle kommunale bygg er eit krav, og dette er det laga planar for gjennomføring av. Det kjem også stadig nye programvareløysingar som gjer tenestene lettare tilgjengelege for innbyggjarane våre, og som gjev ei effektiv sakshandsaming av høgare kvalitet. Midlar avsett til desse områda er 4 millionar kr.

Tiltak 3 - Prosjekt nr. 3032: Organisering arkiv: Kommunen må retta seg etter ny arkivlov, sentrale forskrifter og skjerpa krav til rutinar og internkontroll i frå Riksarkivet. Tilsyn frå riksarkivet og datatilsynet kan og vil koma, og slikt tilsyn vil føra til svært høge kostnader for kommunen dersom ikkje dei sentrale føringane er følgt opp.

Dette prosjektet er flytta til oppstart i 2022 av kapasitetsomsyn på avdeling Informasjon og innbyggjarservice. Eit varsla tilsyn frå Datatilsynet kan føra til at oppstart likevel må starta i 2021, difor er prosjektet omtala i økonomiplanen dette året. Kostnadsrekna til 5 millionar kr.

Tiltak 4 - Prosjekt nr. 3024: Breiband – utbygging: Tilskot 800 000 kr i 2019. Desse midlane vart overført til 2020, anbud er lagt ut i oktober og arbeid vil no forhåpentleg gå som planlagt.

Politikk

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Politikk				
Budsjett 2020	7 593 314	7 593 314	7 593 314	7 593 314
Reduksjon i formannskapets disposisjonspost	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Auke i møtegodtgjersle	120 000	120 000	120 000	120 000
Reduksjon tapt arbeidsforteneste	- 190 000	- 190 000	- 190 000	- 190 000
Budsjett Investeringsutvalet	188 895	188 895	188 895	188 895
Reduksjon i serveringskostnad	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Kostnader knytt til val	335 130	-	335 130	-
Reduksjon i diverse kostnader	- 398 146	- 398 146	- 398 146	- 398 146
Kutt i kurs og reiseutgifter	- 37 416	- 37 416	- 37 416	- 37 416
Nytt budsjett 2021-2024	7 411 777	7 076 647	7 411 777	7 076 647

Endring driftsbudsjett:

Møtegodtgjersle er føreslege med ei auke på 120 000 kr.

Reduksjon tapt arbeidsforteneste 190 000 kr.

Reisekostnader og kostnad til mat/servering er føreslege redusert med 100 000 kr. fordi korona mest sannsynleg vil vara ved og redusera reise- fysisk møte aktivitet også politisk.

Det vart for 2020 lagt inn 80 000 kr. i auke på driftsbudsjettet politikk for å hjelpa Ungdomsrådet i gang, denne posten må vidareførast i komande budsjett, og det vert også føreslege å auka den til 150 000 kr. som ei ekstra drahjelp for å få rådet i gang i 2021. Summen vil vera med å dekkja lønsutgifter i ein oppstartsfase.

Web TV – Oppgradering digitalt utstyr kommunestyresal - 27 000 kr (Inkluderer pc og nytt lydkort-modul for støyfri lyd.)

Formannskapet sin disposisjonspost, reduksjon 100 000 kr til 400 000 kr

Oppgradering kommunestyresal:

Kommunedirektør rår til at det skjer oppgradering av kommunestyresalen. Tiltak rundt Korona gjer at salen vert brukt svært mykje, fordi alle grupper på meir enn 7 tilsette av smittevernomsyn må nytta dette rommet. Salen er slitt, med gamle og dårlege møblar.

- Oppgradering kommunestyresal, anslag 1 million kr. vert rådd til å leggja inn i vedlikehaldsbudsjett Teknikk og Miljø for 2021.

Kontrollutvalet:

Det er budsjettert med 1 521 471 kr. til kontroll og revisjon. Dette er budsjettert på bakgrunn av vedtak i kontrollutvalet den 24.08.20.. Dette er ei auke på 209 104 kr. frå 2020. Budsjettet dekkar utgifter til kontroll, kjøp av sekretærtjenester frå Vestland Fylkeskommune og kjøp av revisjontjenester.

Budsjettforslag frå Kontrollutvalet ligg som vedlegg til saka.

Val - 2021

13. september 2021 skal det avholdast stortingsval. Det er sett av 335 130 kr til dette arbeidet. Kostnaden er basert på erfaringar frå tidlegare val, og det er lagt inn ein liten auke i høve nokre nye valavlukke, fleire pc'ar til valmedarbeidarar og ein ny scannar til digital teljing av stemmesedlar. Den digitale verden er også i stek utvikling når det gjeld val, og vil på sikt gjera arbeidet til valmedarbeidarane meir effektivt og lettare å kontrollere/etterprøva. Det vert lagt opp til 2 dagars val, og tiltak for å handtera eventuell auke i Korona her i kommunen må vurderast.

5.2 Sektor samfunnsutvikling

5.2.1 Utfordringar, mål og strategiar

Mål for sektoren

Sektor Samfunnsutvikling vart etablert 1. juli 2020. Sektoren har ansvar på mange område: Bibliotek, kulturarenaer og kulturadministrasjon, næringsutvikling, jord- og skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning, turisme og vertskap, frivillig innsats, kommuneplanlegging, klimaarbeid og naturvern, folkehelse, byggesak og reguleringsplanlegging, geodata, miljøretta helsevern og eigedomsskatt.

Det skal utarbeidast eit målhierarki for kvart av sektoren sine mange innsatsområde som vil ta utgangspunkt i vedtekte planar, tiltak og lovpålagde oppgåver. Ny kommuneplan er førebels ikkje vedteken, men sektoren hentar inspirasjon i perspektiva som planarbeidet har løfta fram: Frisk, attraktiv og grøn. Dette tek igjen utgangspunkt i FN sine 17 bærekraftsmål.

Sektoren sine hovudutfordringar er:

- Treffsikkert utviklingsarbeid. Næringsutvikling og planarbeid er ressurskrevjande i seg sjølv og legg grunnlag for store investeringar. Mål, strategiar og tiltak må såleis vere godt fundert.
- Balansere høge forventningar til planarbeidet med tilgjengelege ressursar.
- Kostnadseffektiv forvaltning - høg kvalitet og rask saksbehandling innafor realistiske økonomiske rammer.
- Få mest mogleg ut av avgrensa ressursar i kulturproduksjon, frivilligheit og marknadsføring.
- Gode tangeringar med politisk leiing i plan- og utviklingsarbeid.
- God samhandling med publikum, søkjarar, brukarar av tenester, næringsliv og stats- og fylkesmyndigheiter.

Målsetjing: Auke innbyggjartalet

Å oppretthalde, og helst auke, innbyggjartalet er viktig for at lokalsamfunn og kommuneorganisasjon kan ha god økonomi og utvikle gode tenester. Alderssamansetjing, balanse i talet jenter/kvinner og gutar/menn, gjennomsnittsalder og andre demografiske faktorar spelar saman med folketalet og avgjer om Kvinnherad har sosial og økonomisk berekraft.

Indikatorar: Folketalsstatistikk og –prognosar. KOSTRA-tal for bygge- og plansaker, kulturaktivitetar og frivillig arbeid. Idrettsindeks. Kommunebarometeret.

Målsetjing: Robust næringsliv

Eit variert næringsliv og høg sysselsettingsgrad utgjer ryggraden i samfunnet. Det er difor viktig at eksisterande verksemder har gode utviklingsmoglegheiter og at Kvinnherad er attraktivt for nye etableringar.

Indikatorar: Sårbarheitsindeks for næringslivet. Kommune-NM. Tal verksemder, tilvekst, statistikk for etableringar og avviklingar. Sysselsettingstal og målt verdiskaping. Gjennomført etablererservice, bransjetreff og løyvingar frå næringsfondet og andre tilskotsordningar.

Målsetjing: Trygt samfunn

Kvinnherad skal vere ein trygg plass å bu. Ikkje berre når det gjeld det openberre med trafikktryggleik og naturfare, men med særleg omsyn til oppvekstmiljø og alderdom, god folkehelse og berekraftig naturforvaltning. Kort sagt: Gode føresetnadar for å leve gode liv.

Indikatorar: Folkehelseoversikt, risikoindeks for folkehelse, klimastatistikk, kommunebarometeret, helse- og

ulukkesstatistikk, tilsynsresultat. Resultat frå analysar og kartlegging (ROS, faresoner oa.).

Driftsramme for sektoren

Sidan sektoren er ei nyskaping er det ikkje noko budsjettamme frå tidlegare år å samanlikne med, men ei samanstilling av dei ansvar som sektoren har fått viser vel 40 årsverk og netto budsjetterte utgifter for 2020 ligg i området 40 – 43 mill. kr.

For 2021 er kommunedirektøren sitt forslag til driftsramme 39,1 mill. kr. Sektoren har til liks med organisasjonen elles lagt opp til innsparingstiltak.

Det er fokusert på:

- Varsemd med nedskjering i tenester som avlar aktivitet i samfunnet (byggesak, planarbeid, næringsutvikling).
- Ta ned reine næringstilskot, men halde oppe medlemsskap i organisasjonar, nettverk, klynger og fagfellesskap.
- Vidare kutt i kulturadministrasjon i tillegg stort kutt i kulturtilskot. Skjerme kulturproduksjon i kino, kultursenter og bibliotek.
- Finne effektiviseringsvinstar og ta dei ut ved naturleg avgang.
- Gjere plass til digitaliseringstiltak med god kost/nytte og god brukeroppleving.
- Kutt i kjøp av konsulenttenester, ekstrahjelp og maskinar.

Forslag til innsparingstiltak fordelar seg slik (runda av til næraste 100.000):

Sektor Samfunnsutvikling	2021	2022	2023	2024
Reduksjon i tilskot til næring og kultur	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Reduksjon i bruk av konsulenttenester - plan	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Reduksjon årsverk	-400 000	-600 000	-2 000 000	-3 400 000
Reduksjon i kjøp av maskinar	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Redusert bemanning museum og samlingar	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Sum	-3 900 000	-4 100 000	-5 500 000	-6 900 000

Konsekvensar av innsparingstiltaka

Kulturtilskot

Forslag til endringar i kulturtilskota går fram av tabellen under. Det finst mange moglegheiter for kultur- og idrettsorganisasjonar til å skaffe prosjektfinsiering gjennom stiftingar og søknadsordningar, men det er vanskeleg for dei å få driftsstøtte. Kommunedirektøren føreslår difor kutt som rårer tiltak og arrangement, og omfordeling som styrkar drift. Dei tilskotsmidlane som er att må brukast målretta. Organisasjonar og arrangement med etablert, god økonomi vert prioritert lågare enn dei som framleis har større udekkta behov. Ved tildelingar bør det også leggjast vekt på føreseielege rammer for td. samfunnshusa, Fjelberg prestegard oa. som over lang tid har hatt eit visst nivå på sine tilskot. Desse endringane fører til at fire av tilskotsordningane står utan midlar og følgeleg vert lagt ned.

Kulturtilskot	2020	Endring	2021
Tilskot lag og organisasjonar	400 000	-	400 000
Tilskot festivalar	300 000	-100 000	200 000
Tilskot prosjekt og arrangement	100 000	-100 000	0
Tilskot drift hus og husleige	100 000	100 000	200 000
Tilskot innkjøp materiell/utstyr lag og org.	50 000	-50 000	0
Tilskot trivseltiltak	35 000	-35 000	0
Tilskot kulturvernoppgåver	50 000	-50 000	0
Tilskot drift kulturorganisasjonar	630 000	70 000	700 000
Byggetilskot	1 000 000	-700 000	300 000

Kulturtilskot	2020	Endring	2021
Kontingent Friluftsrådet Vest	306 703	13 297	320 000
Tilskot Baroniet Rosendal	1 100 000	-800 000	300 000
Tilskot Sunnhordland Museum	150 000	-	150 000
Landssamanslutninga av nynorskommunar	26 000	4 000	30 000
Reserverte bevilgningar	94 000	-94 000	0
Sum	4 341 703	-1 741 703	2 600 000

Næringstilskot

Det er føreslege 90% kutt i tilskot til grøfting og dyrking i jordbruket. Ordninga var mykje brukt i 2019 og lite i 2020. Direkte konsekvensar er ikkje store, men ordninga mistar kraft som eige satsingsområde.

Kvinnherad studiesenter fekk dei tre første åra oppstartstøtte på 150.000 kr. pr. år frå kommunen. I 2020 vart det bevilga 100.000 kr. før det no vert føreslege å kutte dette. Kommunen eri dialog med Kvinnherad Næringservice og andre om framtidig organisering og finansiering av dette tilbudet slik at det kan oppretthaldast og vidareutviklast.

Det samla næringsutviklingsarbeidet i Kvinnherad er auka, og det vert føreslege ei nedtrapping av det kommunale tilskotet til Kvinnherad Næringservice.

Andre endringar er eit lite kutt i transporttilskot, heilårseffekt av nytt medlemskap i ein organisasjon og feilretting frå inneverande budsjett (Samarbeidsrådet og Cruise Destination Hardangerfjord). For Samarbeidsrådet er det teke høgd for at søknad om auka kontingent vert godkjent; dette gir ein meirkostnad på ca. kr. 50.000,-.

Næringsstilskot (inkl. kontingentar o.l)	2020	Endring	2021
Cruise Destination Hardangerfjord (medlem)	120 000	30 000	150 000
Samarbeidsrådet for Sunnhordland (medlem, tilskot Visit Sunnhordland og tilskot fellestiltak)	500 000	202 000	702 000
Reisemål Hardangerfjord (medlem)	525 000	-	525 000
Kvinnherad Næringservice (medlem og tilskot)	750 000	-250 000	500 000
Norsk Landbruksrådgiving (tilskot)	50 000	-	50 000
Tilskot grøfting/dyrking	1 000 000	-900 000	100 000
Transporttilskot veglause bygder	50 000	-30 000	20 000
Kvinnherad Studiesenter (tilskot)	100 000	-100 000	0
NCE Maritime CleanTech (medlem fom. 2020)	42 048	47 052	90 000
Industrikommunene (medlem fom. 2020)	31 250	750	32 000
Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (medlem)	413 737	6 263	420 000
Nettverk for fjord- og kystkommuner (medlem)	45 000	-	45 000
E134 Haukelivegen AS (aksjonær)	35 000	1 250	36 250
Ungt Entreprenørskap (deltakar, ikkje i bud. 2020)	50 000	-	50 000
Stiftinga Folgefonnsenteret (tilskot)	1 000 000	-250 000	750 000
Sum	4 712 035	-1 242 685	3 470 250

Reduksjon i konsulenttenester - plan

I kommunen sitt oversiktsplanarbeid blir det nytta konsulenttenester til kartleggings- og analysearbeid som kommunen sjølv ikkje har kompetanse eller kapasitet til. Det gjeld til dømes skredfare, flaum og einskilde tema som skal risiko- og sårbarheitsvurderast. Eit kutt på ca. 30% er ikkje dramatisk, men det gir mindre handlingsrom for til dømes kvikleirevurderingar som bør gjennomførast for å frigje areal til utbygging. Dette kan i sin tur gje auka utgreiingskostnadar for utbyggingane.

Reduksjon i tal årsverk

For 2021 er det foreslege å setje ½ årsverk i vakanse på byggesakskontoret i samband med naturleg avgang til sommaren. Ressursane til bygge- og delingssaker vart styrka i 2. halvår 2020, og det er førebels for tidleg å måle dei konkrete resultatane av dette. Erfaring tilseier at reduksjon av årsverk vil gå ut over saksbehandlingstid og arbeidsbelastning pr saksbehandlar aukar. Det er sterkt ønskeleg å auke digitaliseringa av byggesaksbehandlinga, og planlagde investeringar vil truleg effektivisere desse tenestene til ein viss grad om dei vert gjennomført.

På lengre sikt vil forventane naturleg avgang i næringsavdelinga kunne gje innsparingseffekt. Landbruksforvaltninga har gjennomført vesentlege digitaliseringstiltak dei seinare åra som no skal gje verknad. Samstundes har staten overført nye oppgåver til kommunane som et opp deler av denne effekten. Innsparing vil såleis gå ut over kundekontakt, rådgjeving og tilrettelegging – oppgåver som ikkje er direkte lovpålagde, men som bidreg til god næringsutvikling. Færre tilsette til å løyse ei oppdragsmengde som i sum heller aukar enn minkar kan ha negative verknadar på arbeidsmiljøet.

Reduksjon i kjøp av maskinar

Etter eit løft i 2020 har oppmålingskontoret no grei standard og kapasitet på utstyret, slik at det foreslegne kuttet for 2021 ikkje gjev negative konsekvensar. Vedlikehaldsbehovet på lengre sikt er avhengig av den teknologiske utviklinga på fagfeltet, og vert vurdert år for år.

Redusert bemanning museum og samlingar

Kulturadministrasjonen vart kuttet ca. million kr. i 2020. Det vert foreslege eit ytterlegare kutt på 100.000 kr. i 2021 som skal takast på innleigd ekstrahjelp til museum i sommarsesongen og skanning av kommunen sine samlingar av gamle fotografi. Skipsbyggingsmuseet vil halde ope med noko avgrensa tilgjenge, men i godt samarbeid med vertane i turistinformasjonen og Folgefonnssenteret. Kommunen sine kulturhistoriske samlingar elles vert ikkje godt vedlikehaldne, og med små ressursar tilgjengeleg er det tid for ei nyorientering i desse oppgåvene. Strategiar for dette vil koma i kulturminneplanen som no er under arbeid.

Andre tiltak som påverkar drifta

Gebyr for bygge- og delingssaker mv.

Sektoren utfører gebyrfinansierte tenester omfatta av forskrift om berekning av sjølvkost. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene, men tenestene treng ikkje vere 100% gebyrfinansiert. Gebyrinntektene svingar frå år til år, og fluktuasjonar kan jamnast ut med bruk av fond/avsetning til fond etter nærare reglar.

Behandling av private forslag til reguleringsplan: Talet planar til behandling svingar mykje, men sjølvkostdekkinga har sunke frå ca. 80% for tre år sidan til kring 20% i 2019 og 2020. KOSTRA-tal visar at Kvinnherad i 2019 låg på ca. 55% av gjennomsnittleg kostnad i landet, og vel 70% av KOSTRA-gruppe 11.

Byggesaker: Dekkingsgraden har vore kring 100% dei seinare åra, men ei styrking av kapasiteten hausten 2020 som vert vidareført inn i 2021 vil gi netto driftskostnadar om gebyrnivået vert uendra. Gebyr for ein «standard einebustad» i Kvinnherad låg i 2019 om lag 25 % høgare enn landet elles.

Delingssaker: Oppmåling hadde ein dekkingsgrad på ca. 80% i 2019 og førebels tal for 2020 visar ein markant nedgang. Med vidareføring av same gebyrnivå må ein rekne med at desse tenestene vil gje netto driftsutgifter. Gebyr for oppretting av eigedom ligg 6 – 7% høgare enn landet elles.

Gebyrsamanlikning:KOSTRA-tal frå 2019, beløp i kroner	Byggesaksgebyr for einebustad	Gebyr for oppretting av grunneigedom	Gebyr for privat forslag til reguleringsplan
Kvinnherad	18 577	20 135	41 178
Landet	14 961	18 870	74 990
KOSTRA-gruppe 11	14 386	18 967	57 663

Det vert ikkje foreslege endringar i gebyrnivået ut over regulering i tråd med konsumprisindeksen. Om kommunen innfører eByggeSak i 2021 må innrettinga av byggesaksgebyra få ei mindre endring slik at ekstra driftskostnadar vert dekt samstundes som det skal løne seg for søkerar som nyttar denne ordninga. Forventa effektivisering vil over tid føre til lågare driftskostnadar, noko som i sin tur skal gi lågare gebyrnivå. Indikatorar for dette vert KOSTRA-tal for tal saker, fristbrot og saksbehandlingstid samt gebyrnivå.

Taksering for eigedomsskatt

I 2021 får sektoren ein ekstrakostnad med taksering for eigedomsskatt estimert til 2 millionar kr. og dette er lagt inn i budsjettforslaget.

5.2.2 Driftsbudsjett

Sektor Samfunnsutvikling har dette som foreslegen driftsramme for 2021:

Budsjett	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Samfunnsutvikling	26 512 702	39 019 625

	2020	Endring	Førebels 2021
Sektorstab, kulturadministrasjon, Frivilligsentralen, arealjus	9 444 084	-3 544 084	5 900 000
Kvinnherad kultursenter	2 807 468	92 532	2 900 000
Kvinnherad bibliotek	5 200 000	400 000	5 600 000
Næringsavdeling	5 152 798	1 247 202	6 400 000
Planavdeling	5 015 755	584 245	5 600 000
Byggesak- og geodataavdeling	5 100 665	- 500 665	4 600 000
Kulturtilskot	4 341 703	-1 741 703	2 600 000
Næringstilskot	4 712 035	-1 241 785	3 470 250
Taksering eigedomsskatt	0	2 000 000	2 000 000
Sum	41 776 528	-2 704 258	39 070 250

Budsjett - Sektor Samfunnsutvikling	2020	Endring	2021
Sektorstab, kulturadministrasjon, Frivilligsentralen, arealjus	9 444 084	-3 544 084	5 900 000
Kvinnherad kultursenter	2 807 468	-92 532	2 900 000
Kvinnherad bibliotek	5 200 000	-400 000	5 600 000
Næringsavdeling	5 152 798	-1 247 202	6 400 000
Planavdeling	5 015 755	-584 245	5 600 000
Byggesak- og geodataavdeling	5 100 665	500 665	4 600 000
Kulturtilskot	4 341 703	1 741 703	2 600 000
Næringstilskot	4 712 035	1 241 785	3 470 250
Taksering eigedomsskatt	0	- 2 000 000	2 000 000
Sum	41 776 528	2 704 258	39 070 250

Investering

Om einsskilde tiltak

Sunnhordland Museum

Sunnhordland Museum har bedt medlemskommunane om støtte til byggetiltak og oppgradering av museet på Stord. For Kvinnherad utgjør dette 2 mill.kr. Kommunedirektøren vurderer at prosjektet ikkje kan få slik støtte i 2021, men at kommunen saman med regionmuseet vurderer korleis Kvinnherad sine egne museumsutfordringar kan løysast saman med Sunnhordland museum, og om dette kan gi ei plattform for investeringsstøtte i 2022.

eByggeSak

For å effektivisere byggesaksbehandlingen ønsker kommunedirektøren å innføre eByggeSak; ein nasjonal standard for elektroniske byggesøknadar som gir god arbeidsflyt med høgare kvalitet. Innkjøp og etablering vert kosta over investeringsbudsjettet sin post for IKT-innkjøp, medan løpande kostnader må dekkast gjennom byggesaksgebyra og ev. over driftsbudsjettet.

Sektor Samfunnsutvikling har dette som føreslegne investeringsrammer for 2021:

«tabell»

5.3 Sektor oppvekst

5.3.1 Utfordringar, mål og strategiar

Budsjett	Budsjett 2020	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Oppvekst	329 757 802	331 075 233	314 141 792

Budsjett	Budsjett 2020	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Samfunnsutvikling	24 787 702	26 512 702	39 019 625

Budsjett	Budsjett 2020	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon	45 962 228	47 859 228	50 114 290
Kommunedirektør	13 606 136	13 606 136	3 886 653
Kvinnherad Kyrkjelege Fellesråd	10 365 130	10 365 130	10 395 000
Politikk	7 593 314	8 593 314	7 411 777

Budsjett	Budsjett 2020	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Teknikk og Miljø	86 193 606	89 293 606	73 128 034

Budsjett	Budsjett 2020	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Omsorg, helse og sosial	463 806 980	479 806 980	469 813 138

Sektor oppvekst

1. Mål for oppvekstsektoren

Mål: Gode oppvekstkår og kultur for læring

Med dette meinast:

- Alle barn som treng det skal få tidleg og adekvat hjelp
- Alle barn kjenner seg personleg inkluderte i barnehagar og skular. 0 krenking.
- Alle barn har vener og fritidsaktivitetar som dei trivest med

- Andel barn som har vedtak om spesialundervisning er under 5 %
- Skilnad i læringsresultat mellom skulane er redusert.
- Barn og unge opplever auka medverknad i barnehage og skule
- Motivasjon for læring er aukande
- Ingen ventelister på kulturskulen
- Alle elevar har tilgang til skulehelsetenesta på sin skule
- Oppstart av Newtonrom i samarbeid med næringslivet i Kvinnherad hausten 21 gir auka realfagskompetanse

Mål: Godt samarbeid med fokus på gode og samordna tenester.

Med dette meinast:

- Alle tilsette kjenner verktøyet BTI (Betre tverrfagleg innsats) og brukar det
- PPT, barnevern, skulehelsetenesta og utekontaktar har tilstrekkeleg kapasitet til å vera eit lag rundt barna på alle skulane.
- Sektoren har gode rutinar for samarbeid på tvers av einingar og sektorar
- Helsestasjon, barnehagar og skular melder tidlegare til barnevernet når dei kjenner på uro for barn

Mål: Tilstrekkeleg god og relevant kompetanse

Med dette meinast:

- Andel relevante søkjarar på ledige stilingar er aukande
- 100 % av pedagogane i skulane har tilsetjingskompetanse.
- 100 % av pedagogane har undervisningskompetanse i dei faga dei underviser i.
- Det er tilsett tilstrekkeleg psykologar og barnevernspedagogar
- Alle tilsette ha kompetanse i- og gjer seg nytte av nye digitale verkty i sitt fagfelt
- 100% tilstrekkeleg og relevant kompetanse i følgje bemanningsplanar til einingane
- Alle leiarar har leiarutdanning

Andre område

- Sjukefråværet er under 6%
- Dei økonomiske rammene som er tildelte vert haldne
- Alle tilsette med over 60% stilling har medarbeidarsamtale

Statlege føringar for oppvekstsektoren

Meld. St. 6 (2019 – 2020) «Tett på – tidleg innsats og inkluderende fellesskap»

Stortingsmeldinga er overordna og retningsgjevande for sektoren sitt arbeid vidare. Den vart vedteken i Stortinget 24.april 2020 og inneheld ei rekke tiltak for å betra utdanningssystemet og sikra gode tilpassa pedagogiske tilbod for alle barn og elevar. Utdanning er prioritert område og Norge har saman med dei andre landa i FN vedteke 17 mål for ei berekraftig utvikling. Ei inkluderande, rettferdig og god utdanning for alle, og utrydda fattigdom og ulikskapar er viktig i denne planen. Meldinga slår fast at det er for stor ulikskap i kvaliteten i barnehagar og skular. Den omhandlar mellom anna:

- Ny rammeplan for barnehagen som tydeleggjer dei pliktene barnehagen har og rettane til foreldra
- Ny bemanningsnorm for barnehagen
- Den spesialpedagogiske kompetansen skal inn i barnehagar og skular. PPT si rolle som vegledar i systemarbeid og organisasjonsutvikling av barnehagar og skular er styrka
- Moderasjonsordningar og ordningar med gratis kjernetid i barnehage og SFO
- Oppfølgingsordningar for kommunar som har svake eller store skilnader i læringsresultat og kvalitet
- Regionale og desentraliserte ordningar for kompetanseheving i barnehagar og skular
- Kommunane har fått ei plikt til å tilby intensiv opplæring til elevar som heng etter i lesing, skriving eller rekning
- Grunnskuleutdanninga har blitt 5-årig master
- Det er satsa stort på å vidareutdanna lærarar – «kompetanseløftet»
- Lærarnorma fastset at det maksimalt skal vera gjennomsnittleg 15 elevar per lærar på 1. – 4. trinnet og maksimalt 20 elevar gjennomsnittleg per lærar på 5. – 10. trinnet
- Inkludering er eit sentralt tema. Dette gjeld på mange område og nivå. Det gjeld spesialundervisning, minoritetspråklege barn og barn som blir krenka/mobba. SFO vert trekt fram som ein arena for inkludering og venskap
- Tidleg innsats til barn som treng hjelp
- At det i skular og barnehagar skal vera «eit lag» rundt barn som treng det. Dette gjeld PPT,

skulehelsetenest, ergo – og fysioterapi

Kommunale føringar for oppvekstsektoren

«Temaplan for oppvekstkår»

Kvinnherad kommunestyre fatta følgjande vedtak i møte 28.november 2019

Kvinnherad kommunestyre ber kommunedirektøren starte arbeidet med planen «Oppvekstkår» som skal omhandle bl.a. organisering av skular, barnehagar og heildagsskule.

Temaplan for oppvekstkår vart utarbeidd våren 2020. Trass i Korona, stengde skular og barnehagar og mange tilsette på heimekontor vart planen utarbeidd i tråd med framdriftsplanar og plan om medverknad. Temaplanen vart vedteken i kommunestyret 22.10.20 og handlingsdelen til planen er nå under arbeid.

Temaplanen inneheld seks ulike område som er grunnlaget for ein god oppvekst; God omsorg, God helse, God utdanning, God fritid, Fullverdig liv, Vern mot overgrep.

Planprosessane avdekka store variasjonar i oppvekstkår for barn og unge i kommunen. Dette funnet var kanskje det mest urovekkande. Variasjonane er innafor fleire område, både kva kvalitet barn har i tenestetilbodet, kva tilbod ein har og kva omfang på tilbod ein har.

Utfordringsbilete til kommunen er at barnetalet har gått sterkt ned dei siste åra. Kommunen har med sine 32 barnehagar og skular (kommunale og private) eit stort tal einingar og eit mykje høgare tal enn dei kommunane med liknande folketal som ein kan samanlikna seg med. Dette skuldast ikkje lange avstandar mellom einingane då mange av desse barnehagane og skulane ligg nære kvarandre. Det er økonomisk kostbart og driva små einingar. Dette gjeld særleg innafor barnehagefeltet og særleg når kommunen har ei blanding av kommunale og private barnehagar. Temaplanen har også avdekka store etterslep i vedlikehald av barnehage- og skulebygga. Både for tilsette og barn fører dette til dårlege arbeids-leike- og læringsmiljø

Ut frå funna i temaplanen, er at det er naudsynt å gjennomføre endringar som sikrar barn og unge eit meir likt og likeverdig tilbod. Konklusjonen i temaplanen var at dersom ein skal ta konsekvensen av funna i planprosessen, er det to alternativ til løysing som står fram:

- Tilføra tenestetilbodet til barn og unge større del av dei kommunale ressursane

eller:

- Gjennomføra ei vurdering og endring av struktur i tenestetilbodet til barn og unge.

Handlingsdelen vert utarbeidd for å syna korleis kommunen kan møte dei utfordringane som ein har med reduserte inntekter og fallande barnetal. Handlingsdelen inneheld oversikt og forslag til tiltak for å sikra gode oppvekstkår med dei rammene ein har. Handlingsdelen tek utgangspunkt i og konkretiserer strategiar og tiltak innafor dei seks ulike områda til temaplanen. Den vil syna til kva konkrete tiltak og struktur som må liggja til grunn for ei berekraftig utvikling på alle nivå, både miljømessig, sosialt og økonomisk. Den vil leggja opp til ein struktur der tilboda til barn og unge er mest mogleg like og der alle barn kan få gode tenester i kommunen og legg grunnlaget for ein god oppvekst. Handlingsdelen til temaplanen kjem til handsaming i kommunestyret i april 2021.

Newtonrom – Eit samarbeidsprosjekt med næringslivet i Kvinnherad

Hydro Kvinnherad og Kvinnherad næringsråd har saman med sentrale politikarar teke eit initiativ til å få oppretta eit Newton-rom i Kvinnherad. Dette skal vera eit «spleiselag» der Hydro stiller med innreia lokale inklusiv oppvarming og reinhald, næringslivet elles stiller opp økonomisk og bidreg til læringsmodular og Kvinnherad kommune held lærarstillingar og skuleskyss. Alle elevar i barne-, ungdoms- og vidaregåande skule skal få eit tilbod her. Målsetjinga er å auka realfagskompetansen til elevane. Næringslivet ynskjer med dette gode tilbodet å bidra til læring og høg kompetanse og å vera med å utdanna god arbeidskraft i kommunen seinare. Organisasjonen First Scandinavia har ansvaret for pedagogisk kompetanseheving og læringsmodulane som er tilgjengelig i dette prosjektet. Newton-rom er eit konsept som er starta opp i fleire kommunar, det fremjar læringsmåtar der elevane er aktive og skapande og modulane som er i bruk er i tråd med læreplanane og arbeidsmåtar i Fagfornyngja. Sektoren må rekne med at det vil føre til om lag 1 mill kr i drift pr år i lærarstillingar

5.3.2 Driftsbudsjett

Budsjett	Revidert budsjett 2020	2021
Sektor Oppvekst	331 075 233	314 141 792

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Sektor Oppvekst				
<i>Skular:</i>				
Budsjett skular 2020	180 623 192	180 623 192	180 623 192	180 623 192
Endring iht ressursmodell	5 140 343	5 140 343	5 140 343	5 140 343
Reduksjon i tilpassa/spes.ped. undervisning	- 2 198 318	- 2 198 318	- 2 198 318	- 2 198 318
Endring symjetilbod	- 1 099 346	- 1 099 346	- 1 099 346	- 1 099 346
Avslutning av teamleiar	- 745 742	- 745 742	- 745 742	- 745 742
Avslutning av utviklingsarbeid	- 1 787 785	- 1 787 785	- 1 787 785	- 1 787 785
Reduksjon i sats pr elev til driftsmateriell	- 2 440 757	- 2 440 757	- 2 440 757	- 2 440 757
Reduksjon i assistenthjelp frå 30 % til 25 % pr gruppe	- 1 058 000	- 1 058 000	- 1 058 000	- 1 058 000
Forventningar til oppvekstkårplan	- 1 754 284	- 3 667 074	- 3 667 074	- 3 667 074
Nytt budsjett 2021-2024	174 679 303	172 766 513	172 766 513	172 766 513
<i>Barnehagar:</i>				
Budsjett barnehagar 2020	48 936 808	48 936 808	48 936 808	48 936 808
Endring iht ressursmodell	- 1 669 908	- 1 669 908	- 1 669 908	- 1 669 908
Forventningar til oppvekstkårplan	- 1 420 226	- 3 408 543	- 4 233 702	- 5 388 924
Nytt budsjett 2021-2024	45 846 674	43 858 357	43 033 198	41 877 976
<i>Barn og familie:</i>				
Budsjett 2020	72 000 000	72 000 000	72 000 000	72 000 000
Forventning om auke i inntekt	- 280 465	- 280 465	- 280 465	- 280 465
Reduksjon i EMF-bufellesskap	- 1 500 000	- 6 000 000	- 10 500 000	- 10 500 000
Nytt budsjett 2021-2024	70 219 535	65 719 535	61 219 535	61 219 535
<i>Kulturskulen:</i>				
Budsjett 2020	5 450 000	5 450 000	5 450 000	5 450 000
Reduksjon i undervisningstilbod	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
Nytt budsjett 2021-2024	4 950 000	4 950 000	4 950 000	4 950 000
<i>Sektorkontor:</i>				
Budsjett 2020	17 547 802	17 547 802	17 547 802	17 547 802
Avslutning av tilskot til Sunnhordland Folkehøgskule	- 150 000	- 150 000	- 150 000	- 150 000
Auke i årsverk knytt til §19G	1 610 816	1 610 816	1 610 816	1 610 816
Krav om 5 % årleg effektivisering i årsverk knytt til §19G	- 438 363	- 832 890	- 1 207 690	- 1 563 751
Reduksjon i driftsreserve	- 636 992	- 636 992	- 636 992	- 636 992
Kutt i kurs og reiseutgifter	- 252 147	- 252 147	- 252 147	- 252 147
Underbudsjettert mva	527 022	527 022	527 022	527 022

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Overbudsjetterte inntekter	2 040 000	2 040 000	2 040 000	2 040 000
Auke i pris lisensar	190 944	190 944	190 944	190 944
Reduksjon i diverse kostnader	- 225 728	- 225 728	- 225 728	- 225 728
Reduksjon i digitale læremidlar	- 1 414 074	- 1 414 074	- 1 414 074	- 1 414 074
Nytt budsjett 2021-2024	18 799 280	18 404 753	18 029 953	17 673 892
Nytt budsjett Sektor Oppvekst 2021-2024	314 494 792	305 699 158	299 999 199	298 487 916

Hovudtrekk for sektoren sitt budsjett 2021

- Ressurs-tildelingsmodellane for barnehagar og skular og bemanningsplanar gir ein god oversikt over ressurstildelinga
- Assistent- og lærarstillingar i skular og barnehagar er reduserte. Dette skuldast delvis nedgang i elevtal, men det er gjort kutt i ramma ut over dette.
- Symjeundervisninga i grunnskulen vert redusert. i 2021. Elevane skal likevel nå kompetansemåla på 2., 4. 7 og 10 trinnet.
- Inntektene er auka og det vil bli søkt om statlege midlar til ulike integreringstiltak
- Kurs og reiseutgifter er reduserte for alle. Digitale møte skal prioriterast så langt som mogleg
- Forbrukspostane til skular og barnehagar er reduserte. Dette fører til reduserte rammor til innkjøp av læremidlar og utstyr til ulike aktiviteter
- Sektor-ramma er redusert for innkjøp av digitalt utstyr. Dette fører til avvik frå sektoren sin strategiplan for digital utvikling i 2021
- Budsjett til kulturskulen er kutta med kr. 500 000. Konsekvensar: redusert tilbod i nokre musikkfag, lengre venteliste og ingen tilbod i fordjupningsfag. Inntektene vert redusert tilsvarande.

Drifta i tenesteområdet

Sektorkontoret

Sektorkontoret har lønsutgifter til sektorleiar, 4 rådgjevarar og xx spesialpedagogar til barnehagane. Oppgåvene:

- Sjå til at alle lovverke vert halde innfor dei ulike tenesteområda
- Følgja opp kvaliteten i tenestene
- Utviklings- og endringsarbeid i høve sentrale og lokale forventningar
- Vedtak om spesialpedagogiske og tilretteleggingstiltak i barnehagane
- Økonomisk ansvar, oppfølging og kontroll
- Personalansvar for leiarane og rådgjevarane
- Refusjonar og vedtak til og frå andre kommunar i samband med gjesteevar
- Rapportering og statistikk til kommune, fylke og stat
- Kompetanseheving, etter- og vidareutdanning og samarbeid med andre kommunar om kompetansehevingstiltak
- Utarbeiding og oppfølging av felles planar og rutinar for einingane
- Myndeoppgåver for private barnehagar

Barnehagane

Det er 11 kommunale og 5 private barnehagar i Kvinnherad. I dei kommunale barnehagane går det 284 og i dei private går det 274 barn. Barnetalet og tal på avdelingar varierer i dei ulike barnehagane. Kommunen er mynde for dei privateigde barnehagane og har med det ansvar for å halda tilsyn og sakshandsama klagar som måtte koma. Som barnehageeigar har kommunen ansvar for kvaliteten på alle område. Kommunen er mynde for egne barnehagar.

Dei tilsette har fokus på barn sitt beste, utviklings- og endringsarbeid. Føresette er stor sett nøgde med kommunen sine barnehagar. Mange av barnehagane skårar høgt på foreldreundersøkingane. Dei mest negative tilbakemeldingane dreier seg om barnehagebygga, uteområda og at omfanget på matsserveringa ikkje er godt nok. Mange skulle ynskja fleire daglege måltid.

Under her ligg snitt-svara frå føresette i dei kommunale barnehagane i 2019. Som ein ser er det under kategori ute- og innemiljø føresette er minst nøgde med barnehagetilbodet.

Kategorier	Snittsvar	Antall svar
Ute- og innemiljø	4	193
Relasjon mellom barn og voksen	4,5	193
Barnets trivsel	4,8	193
Informasjon	4,3	193
Barnets utvikling	4,7	193
Medvirkning	4,4	193
Henting og levering	4,4	193
Tilvenning og skolestart	4,6	110
Tilfredshet	4,5	

Når det gjeld utfordringar innafør barnehageområdet kan nemnast:

- Dei kommunale barnehagebygga har eit etterslep på vedlikehald.
- Barnehagane er i tillegg dårleg utstyrte og manglar leiker og utstyr.
- Drifta er kostbar i fleire av dei kommunale barnehagane. Dette skuldast at det er få barn eller at bygga er gamle og lite egna til god og effektiv barnehagedrift. Skal dei minste barnehagane halda seg innafør minste bemanningsnorm må opningstida reduserast.
- Det er eit dilemma at barn er åleine med ein vaksen over tid i dei minste barnehagar. Dette er heller ikkje ein god situasjon for tilsette

Barnehagane er viktige i barn sitt liv. Alle barn treng å ha vener, kjenna seg inkluderte i ei gruppe, få utvikla språket sitt og ha dugleik til å fungera i eit sosialt samspel med andre. Jfr ST. meld 6 som er omtala tidlegare. Staten har høge forventningar til korleis barnehagane bidrar til barn si utvikling. Gode, inkluderande barnehagetilbod for alle og god, tidleg innsats til barn som treng det er avgjerande for ei berekraftig utvikling i kommunen.

Skulane

Det er 15 kommunale og 1 privat skule i Kvinnherad. Per 01.10.20 er det 1589 elevar i dei kommunale skulane, 804 gutar og 785 jenter.

Innføring av fagfornyinga frå hausten 2020 har ført til mykje positiv pedagogisk aktivitet i skulane. Samla sett har dei også gode resultat på elevundersøkinga i høve mobbing og krenkingar. Men her som på andre område er det variasjonar mellom skulane. Den største utfordringen til kvinnheradskulen er dette med varierende resultat og kvalitet. Andre utfordringar i skulane handlar om;

- Kompetanse - Problem å rekruttera kvalifiserte pedagogar i skulane.
- Store skilnader i læringsresultat mellom skulane. Dette handlar ikkje om små eller store skular
- Grunnskulepoenga varierer sterkt mellom ungdomsskulane
- Kvaliteten på skulebygg og uteområde varierer sterkt
- Skulefritidstilboda som skal vera ein arena for lek, aktivitet og inkludering, varierer i omfang frå skule til skule
- Fleire av rektorane er åleine om leiing av skulen. Det er ein styrke å vera fleire personar i leiinga
- Kompetansekravet, som er varsla, om tilgang til lærarspesialist i byrjaropplæring på alle skular er utfordrande
- Kompetansekravet om 30/60 studiepoeng barneskule/ungdomsskule før 2025 for å ha formell undervisningskompetanse i matte, norsk og engelsk er utfordrande.
- Mangel på bibliotek ved dei fleste skulane er ei utfordring
- Gamle undervisningsbygg med stort etterslep på vedlikehald gir store utfordringar i det pedagogiske arbeidet og med det fysiske læringsmiljøet
- Barn som treng universell utforming og tilretteleggingar møter skulebygg og uteområde som kan føre til at dei blir ekskluderte frå fellesskap.
- Reduserte ressursar kan føra til at trongen for spesialundervisning går opp. Den universelle undervisninga må romme fleire elevar og dei som treng tilrettelegging må ha ekstra vedtak for å få den hjelpa dei treng

Indikator og nøkkeltal	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Talet på elevar	1 730	1 698	1 683	1 646	1 638
Talet på skolar	17	15	15	15	15
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	138	133	129	129	126
Talet på lærarar	219	212	213	212	
Årsverk for undervisningspersonale	177,4	170,4	176,8	175	172,3
Antall elevar per årsverk til undervisning	11,3	11,6	11,1	10,8	10,8
Antall assistentårsverk i undervisningen	28	24	28	30	34
Antall elevar per assistentårsverk i undervisningen	61,4	72,2	59,6	55,1	48,9
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	15,9	13,8	16	17,1	19,4
Lærertetthet 1.-7. trinn	11,7	12,6	11,5	11,2	11,1
Lærertetthet 8.-10. trinn	14,3	13,3	14,2	13,6	13,9
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,1	15,7	14,9	14,6	14,2
Lærertetthet i ordinær undervisning 1.-4. trinn				13,5	11,8
Lærertetthet i ordinær undervisning 5.-7. trinn				13,7	14,5
Lærertetthet i ordinær undervisning 8.-10. trinn				17,2	17,2
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96	92,6	96,1	93,4	91,6
Lærertimer som gis til undervisning	108 661	104 178	107 709	108 338	108 528
Undervisningstimer totalt per elev	63	61	64	66	66

Kulturskulen

Kulturskulen i Kvinnherad har pr 01.10.20 til saman 411 elevar og 533 elevplassar. Det står 77 elevar på venteliste. Kulturskulen har undervisning innafør ulike kunstfag som; musikk, visuelle kunstfag, teater, dans og andre kunst og kulturfag. Kulturskulen driv eit desentralisert tilbod, men har arbeidsplass til tilsette og spesialrom til kunstfag i kulturskulebygget. Dette bygget har god kvalitet, det er lett å reinhalda og kostnadane med oppvarming er låge.

Barn og familie

Ein fellesnemnar for tenesteneer at dei yter hjelp og føl opp barn, ungdom og familiane deira. Eininga samarbeider og med skulane og barnehagane og bidreg til deira oppgåveløysing. Det er og nært samarbeid med legane og ulike spesialisttenester. Dei 4 avdelingane er: Barnevern, PPT, Helsestasjon og Tiltaksavdelinga. Eininga flytta i 2020 inn i nye lokale i Husnes tenestesenter. Utfordringar i eininga:

- Skaffe medarbeidarar med rett kompetanse – Dette gjeld særleg innan psykolog-tenester og barnevern
- Både skulehelsetenesta og PPT slit med å ha kapasitet til å følgje opp 32 private og kommunale barnehagar og skular. Begge desse avdelingane har statlege veilederar som stiller krav/forventningar om å vera fysisk tilstade der borna er
- Barnevernet har oppgåver som varierer i omfang der ein i liten grad kan styre arbeidsbelastninga og barnevernet har fristbrot på undersøkingar. Det er derfor vanskeleg å føresei/ budsjettere omfanget. Barnevernet har stort sjukefråvær.

- Utfordrande å organisera ei god barnevernvakt-ordning innafør økonomiske rammer.
- Barnevernet vil frå 2022 få overført fleire oppgåver som i dag ligg under staten. Ein må byrje å førebu dette i 2021.
- Tiltaksavdelinga gjer mellom anna vedtak om støttekontaktar og avlastningsordningar til familiar med barn med ulike funksjonsvanskar. Nokre av avlastningstilboda vert kjøpt eksternt fordi det manglar kompetanse og lokalitetar til vedtaka lokalt.
- Barnevernet kjem ofte inn seint i eit barn sin oppvekst. Vi veit at sjansane for god effekt av tiltak er betre dess yngre barnet er, og det kunne derfor vore ønskjeleg at fleire barnevernsmeldingar kom frå barnehagane og helsestasjonen.

5.4 Sektor omsorg, helse og sosial

5.4.1 Utfordringar, mål og strategiar

Utfordringar for sektor Omsorg, helse og sosial

Økonomi og tenesteproduksjon

Å sikre samsvar mellom økonomi og tenesteproduksjon innafør sektoren er ei av dei store utfordringane kommunen har, og også vil få framover. Dei økonomiske utfordringane har samanheng med:

- Stadig fleire nye oppgåver overført frå stat og fylke
- Stor etterspurnad etter tenester blant yngre innbyggjarar
- Stor auke i tal eldre jamfør demografisk oversikt

Kommunen har eit desentralisert tenestetilbod innafør sjukeheim, heimetenester, helse, ergo- og fysioterapitenester, i tillegg kjem dei ulike aktivitetstilboda. Kommunebarometeret viser framgang i tenestene innafør pleie og omsorg frå 195. plass i 2019 til 53. plass i 2020. Sosiale tenester har i same tidsrom gått frå 223. til 94. plass.

Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter

	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	37,50 %	35,70 %	37,50 %	40,30 %
Mandal (-2019)	31,90 %	30,60 %	31,30 %	31,10 %
Stord	31,90 %	33,10 %	34,20 %	35,20 %
Voss (-2019)	33,50 %	33,00 %	33,80 %	33,40 %
Hordaland (-2019)	31,20 %	30,20 %	30,70 %	31,10 %
Kostragruppe 11	33,60 %	33,10 %	34,30 %	34,60 %

Tabellen viser at kostnadsnivået i Kvinnherad kommune er betydelig høgare enn tilsvarende tenester i kommunar vi kan samanlikne oss med.

Mange unge tenestemottakarar

44 % av dei som mottek heimetenester i Kvinnherader under 66 år. Gruppa yngre tenestemottakarar har vore aukande over mange år, og same trend skjer på landsbasis. I denne gruppa er det også mange ressurskrevjande brukarar.

Andel heimeteneste mottakarar med omfattande bistandsbehov 0-66 år

	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	29,90 %	29,50 %	28,30 %	29,60 %
Mandal (-2019)	12,70 %	14,00 %	12,90 %	10,50 %
Stord	29,80 %	27,70 %	32,60 %	31,00 %
Voss (-2019)	22,90 %	24,30 %	24,60 %	24,50 %
Hordaland (-2019)	23,90 %	24,30 %	24,20 %	23,70 %
Kostragruppe 11	19,70 %	20,40 %	20,30 %	19,20 %

Kommunen har som mål at innbyggjarane skal få bu i eigen heim så lenge som mogeleg. Det inneber bistandtil

ressurskrevjande tenestemottakarar i alle aldersgrupper og innafor dei ulike heimetenestene. Tilgjengelige ressursar og fordelinga av desse mellom yngre og eldre tenestemottakarar, vil bli stadig meir krevjande i høve den demografiske utviklinga i kommunen.

Mål for sektoren

Mål for sektoren er at Kvinnherad kommune gjennom planperioden skal ha ei effektiv drift og levera gode, samordna og individuelt tilpassa tenester til innbyggjarane i kommunen.

Utvikle tenestetilbodet i sektoren i samsvar med kommunedelplan for omsorg, helse og sosial, med fokus på førebygging, velferdsteknologi og stortingsmelding 15 "Leve heile livet". Tenestene skal fylle kvalitetskrava i aktuelle lov og forskrifter.

Måleindikatorar for sektoren:

- Auke tal tilsette med høgskule- og fagutdanning
- Oppnå ei drift som er i samsvar med tildelt budsjetttramme
- Oppnå eit sjukefråvær i sektoren på under 9,5%

5.4.2 Driftsbudsjett

Budsjett	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Omsorg, helse og sosial	479 806 980	469 813 138

Budsjettet for sektoren vert 5,9 millionar kr.høgare enn sektoren sitt budsjett for 2020 og 10,1 millionar kr.lavare enn revidert budsjett for 2020.

Tiltak:

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Sektor Omsorg, Helse og Sosial				
Budsjett 2020	463 806 980	463 806 980	463 806 980	463 806 980
<i>Institusjonane:</i>				
Redusera bemanningsfaktor	- 3 106 010	- 3 106 010	- 3 106 010	- 3 106 010
20 % nedskjæring dagavdeling Rosendalstunet	- 645 131	- 645 131	- 645 131	- 645 131
Krav om effektivisering/nedgang i tenestenivå - 2021-2024		- 3 853 655	- 7 990 786	- 7 990 786
<i>Heimetenester:</i>				
Tilpasse ressursar etter vedtakstimar	2 199 081	2 199 081	2 199 081	2 199 081
Nedskjæring på 1 årsverk på dagavdeling - Heimeteneste Sør	- 567 000	- 567 000	- 567 000	- 567 000
Krav om effektivisering/nedgang i tenestenivå - 2021-2024		- 805 466	- 1 602 877	- 2 392 314
<i>Bu og habilitering:</i>				
Kostnad av auka tenestebehov	13 782 340	13 782 340	13 782 340	13 782 340

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Reduksjon på ein einingsleiar	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
Nedskjæring på ein saksbehandlar	- 700 000	- 700 000	- 700 000	- 700 000
Endra tenestnivå i omsorgsbustad - 2,8 årsverk	- 1 800 000	- 1 800 000	- 1 800 000	- 1 800 000
Krav om effektivisering/nedgong i tenestnivå - 2021-2024		- 2 178 766	- 4 313 956	- 6 406 442
<i>Helse:</i>				
Fast tilsetjing av legar/underbudsjettering	4 226 028	2 814 542	2 814 542	2 814 542
<i>Sosiale tenester:</i>				
Nedskjæring eitt årsverk	- 750 000	- 750 000	- 750 000	- 750 000
<i>Rus og psykiatri</i>				
Nedskjæring 70 % stilling	- 430 423	- 430 423	- 430 423	- 430 423
Krav om effektivisering/nedgong i tal timar - 2021-2024		- 691 690	- 1 369 547	- 2 033 846
<i>Aktivitet, læring og meistring</i>				
Redusere støttekontakt og aktivitetstilbod	- 630 000	- 630 000	- 630 000	- 630 000
<i>Matforsyning:</i>				
Underbudsjetterte inntekter	- 600 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000
Krav om effektivisering etter evaluering av driftsmodell		- 100 000	- 200 000	- 300 000
<i>Integrering og opplæring:</i>				
Nedskjæring grunna færre elever	- 3 739 000	- 5 913 900	- 5 872 200	- 7 562 400
<i>Sektorkontor:</i>				
Reduksjon i overliggedøgn på sjukehus	- 300 000	- 300 000	- 300 000	- 300 000
Underbudsjettering	- 264 008	- 264 008	- 264 008	- 264 008
Kutt i kurs og reiseutgifter	330 281	330 281	330 281	330 281
Nytt budsjett 2021-2024	469 813 138	458 597 175	450 791 286	445 454 864

Det er vanskeleg å gjennomføre slik reduksjon i driftsnivå utan at dette får konsekvens for leveranse av tenester. Imidlertid er dagens kostnadsnivå høgt, jfr Kostra-tal. Det er viktig å gjennomgå dei tenestene ein leverer konkret på kvar enkelt institusjon og avdeling og dersøke å finne løysningar som er moglege å gjennomføre slik at einsamstundes oppnår fagleg forsvarlege tenester.

Institusjonane:

Institusjonsplass er det høgaste nivået i omsorgstrappa, og vert nytta av tenestemottakarar som ikkje lenger har nytte av tilbod i heimen.

I samband med budsjettet for 2021 er det utarbeidd ein modell for kostnader for drift på institusjonane. Bemanningsfaktor for ulike avdelingar og kostnader og inntekter knytt til tal plassar er grunnlaget. Reduksjon av bemanningsfaktor reduserer tal årsverk på institusjonane.

Dette vil vere krevjande å oppnå, men er nødvendig for å redusere kostnadsnivået generelt innansktoren og søke å finne eit driftsnivå som er meir berekraftig økonomisk.

Korrigerte brutto driftsutgifter institusjon pr. kommunal plass

Kvinnherad	1 195 750	1 232 700	1 310 669	1 512 224
Mandal (-2019)	1 151 879	1 237 443	1 345 777	1 398 068
Stord	1 284 765	1 292 070	1 364 558	1 263 475
Voss (-2019)	1 040 668	1 011 410	1 038 574	1 094 200
Hordaland (-2019)	1 066 289	1 118 662	1 182 012	1 240 985
Kostragruppe 11	1 086 365	1 119 519	1 189 438	1 273 472

Konsekvensar for brukarane av tenestene:

- Det vil vere nødvendig å gjennomgå døgnrytmen og innhald i tenestene på institusjonane.
- På samhandlingsavdelingen kan det verte vanskeleg å skrive ut og ta inn pasientar same dag. Det kan bety fleire overliggjedøgn og kostnader knytt til dette
- Dei tilsette kan oppleve å få ein meir krevjande arbeidsdag. Dette kan påverke arbeidsmiljø, sjukefråvær og turnover.

Andel brukarar i institusjon som har omfattande bistandsbehov: Langtidsopphald

Kvinnherad	96,90 %	96,70 %	98,90 %	100,00 %
Mandal (-2019)	83,80 %	96,30 %		95,90 %
Stord	93,00 %	94,10 %	95,40 %	97,10 %
Voss (-2019)	71,20 %	85,70 %	89,90 %	88,80 %
Hordaland (-2019)	83,50 %	87,30 %	87,60 %	87,70 %
Kostragruppe 11	85,90 %	87,20 %	88,00 %	90,10 %

Heimetenestene

Kostnadsmodellen for heimetenestene er utarbeidd med utgangspunkt i:

- Tal vedtakstimar
- Tid til kjøring og dokumentasjon

Brukarane i alle heimetenestene har vedtak på tenester. For å kunne redusere hjelpa må vedtaka evaluerast, og brukarar må få nye vedtak med mindre tenester. Det krevs ein gjennomgang av praksis knytt til utforming av vedtak slik at ein sikraste nokolunde lik praksis i kommunen, samtidig som lovverket sine krav til fagleg forsvarlege tenester må vere oppfylt.

Målet til kommunen er å la innbyggjarane få buheimesålengesområde. Dersom heimetenesta ikkje er tilfredsstillande kan dette auke presset på institusjonsplass.

Det er ikkje satt av ressursar til 50% kreft-sjukepleiarstilling. Det kan løysast ved å nytte eksisterande kompetanse i sektoren til å ivareta og gje god støtte og omsorg til denne brukargruppa. I tillegg er helseforetaka i samband med pakkeforløpet på kreftbehandling blitt meir tilgjengelege for denne gruppa og følgjer tettare opp no enn tidlegare.

Tiltaket kvar dags rehabilitering vert utfordra. Her må sektoren sjå på korleis dette vert organisert. Ein reduksjon i heimetenesta kan få konsekvens på kvar ein utfører sårbehandling.

Ein reduksjon av tilbodet på dagavdelingane vil gje konsekvens for antall dagar tilbodet vert gitt.

Ein har lagt inn reduksjon kvilande nattevakt på Varaldsøy. Pr dags dato er det ikkje brukarar dersom har vedtak som tilseie at dette må oppretthaldast.

Einingane innfor Bu-og habilitering

To einingar er slått saman og ein har lagt inn reduksjon på tostillingar. Budsjettramma for 2020 er gjennomgått og justert i henhold til aktivitet. Her har det vore underbudsjettering. Deter utfordrande å finne rett nivå på budsjett, her kan store vedtak kreve omfattende ressurser, samtidig som mindrefellesskap kan vere kostbare å drifte. Ein ser på tilsyn i grupper i staden for tilpassa aktivitetar ved dagsenteret.

Rus- og psykiske helsetenester

- Ramma er redusert med om lag 1 årsverk. Dette kan få konsekvens for innhaldet i tenestene.

Helse

- Fire til fem legeheimlar er overført frå privat praksis til fastløna kommunale stillingar. Desse tiltaka vert gjennomført for å behalde og rekruttere nye legar. Kommuneoverlegestilling er auka frå 50% til 100%
- Det er sett av midlar til Covid 19 test- stasjon i 2021

Integrering og opplæring

- Opplæringstilbodet må nøye tilpassast tal elevar. Ny ramme er tilpassa endring i elevtal.

Nav

- Reduksjon med 1 årsverk. Dette kan medføre lenger behandlingstid på søknad om stønad til livsopphald.

Aktivitet, læring og meistring

- Aktivitetstilbodet er redusert slik at tilbodet går frå fem dagar pr veke til to og tredagarprveke. Dette er eit førebyggjande tilbod for menneske med som treng hjelpi kvardagensin for å auke eigeaktivitetsnivå.

Aktivisering, støttetjenester - del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg

	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	4,40 %	5,50 %	5,10 %	4,70 %
Mandal (-2019)	4,90 %	4,00 %	4,70 %	4,60 %
Stord	6,60 %	6,50 %	5,30 %	5,30 %
Voss (-2019)	5,00 %	5,40 %	4,90 %	5,10 %
Hordaland (-2019)	6,50 %	7,00 %	7,10 %	6,90 %
Kostragruppe 11	5,10 %	5,30 %	5,10 %	5,10 %

Sektorkontoret

- Reduksjon - stilling som musikkterapeut. Tilbodet er ikkje lovpålagt

Driftsmessige innsparingar

Sektor for omsorg, helse og sosial står føre store utfordringar og bør av den grunn prioritere og iverksetje tiltak for å klare å gjennomføre ein nødvendig snuoperasjon. Ut frå utfordringsbildet som ligg i statlege føringar og kommunale føresetnader som økonomi og demografi, er det ikkje realistisk å tenkje at framtidige utfordringar kan løysast med å framskrive dagens drift.

Fokus må endrast frå hjelp og omsorg til helsefremjande, rehabiliterande og førebyggjande arbeid for å oppnå størst mogleg grad av eigenmeistring og hindre utvikling av sjukdom.

Det vil ikkje vere mogeleg å oppnå denne omstillinga utan nok ressursar til å kunne prioritere dette arbeidet framover.

- **Prosjektet velferdsteknologi** er eit av tiltaka som er iverksett for å løyse ressursutfordringar, både på institusjonane og i heimetenestene. Prosjektet vil bli vidareført i 2021.
- **Førebyggjande heimebesøk** er eit anna tiltak som kan bidra til å førebyggje og utsetje hjelpebehov hos heimebuande. Det vert prioritert ein stilling til dette i budsjettet for 2021
- **Kvardagsrehabilitering** er eit tiltak som kan bidra til større eigenmeistring, men som det diverre ikkje er midlar til å prioritere. Dette må ein søke å løyse innfor gjeldande rammer.
- **Rekruttere og behalde kompetanse** kan gje høgare kvalitet i tenestetilbodet og meir effektiv drift. Støtte til utdanning og vidareutdanning er eit viktig rekrutteringstiltak, men det er vanskeleg å prioritere midlar til dette utover det som ein mottar frå fylkesmann årleg.

Andre driftsmessige innsparingar:

- Betre sambruk av sjukepleiarressursane mellom avdelingar og einingar for å unngå bruk av vikarbyrå
- Redusere innleige ved korttidsfråvære
- Innkjøp av ulikt utstyr som til dømes takheis og andre hjelpemidlar vil kunne lette arbeidet, men det er vanskeleg å finne rom for idlar i budsjettet til dette
- Vurdere andre aktører til å utføre oppgåver knytt til praktisk bistand iheimen

Nye investeringar dei neste 4 åra

Det er trong for to bufellesskap, eit på Husnes og eit i Rosendal. Ved å samla tenestemottakarane i bufellesskap, vil ein oppnå meir effektiv drift, eit betre fagleg miljø og eit meir sosialt fellesskap for tenestemottakarane. Innafor andre målgrupper må behovet for nye bufellesskap kartleggjast i økonomiperioden. Dette må innarbeidas i Bustadsosial handlingsplan.

Nytt helsesenter på Husnes. Full rehabilitering av helsesenteret på Husnes er sett på vent. Det vert behov for ny ambulansestasjon frå 2026 då noverande stasjon ikkje fyller krava i arbeidsmiljølova. Legane på Husnes helsesenter har ikkje funksjonelle arbeidstilhøve i noverande lokale, nye lokalebør utgreiast i samband med ny ambulansestasjon.

Dersom helsesenteret flyttar vil det frigje lokale på Husnestunet som på sikt vil kunne nyttast av sjukeheimen.

5.5 Sektor teknikk og miljø

5.5.1 Utfordringar, mål og strategiar

Sektor teknikk og miljø

Sektoren leverer ei rekke tenester direkte til innbyggjarane. Kvinnherad kommune har fokus på at tenestene skal ha ein god profil både med omsyn til helse og miljø. Val av løysingar skal tuftast på høg fagleg og kostnadseffektiv kompetanse. I tillegg leverer sektoren interntenester til dei andre sektorane.

Sektoren opplever utfordringar særleg knytt til:

- Auke i talet på driftsobjekt
- Fleire uttrykkingar for «Brann og redning»
- Svingningar i fellesutgifter som straum og bilpark.

I tillegg skapar klimaendringar meir ekstremnedbør med påfølgjande flaum- og rassituasjonar på det kommunale vegnettet. Dette går utover primæroppgåvene til sektoren.

Bil og maskinpark:

Sektoren har ansvar for å drifta bil- og maskinparken til kommunen på ein sikker, økonomisk og fornuftig måte. Fleire drifts- og vedlikehaldsobjekt i form av utviding av bilparken har gitt høgare driftsutgifter. Dette må kompenseras gjennom «Grønt skifte» (EL- bilar, hydrogen), utskifting eldre bilar, meir effektiv utnytting bl.a. gjennom gode «booking»- system. Bidra til etablering av Hydrogenstasjon i Kvinnherad, dette via tilrettelegging i bilparken. Peike på behov for etablering av fleire ladestasjonar for EL-bilar

Reinhold:

Eininga har ansvaret for reinhold av kommunale bygg. Tenestene skal bidra til eit godt inneklima som skapar trivsel for brukarane, besøkjande og tilsette. Alle innandørs areal skal ha eit forsvarleg og hygienisk tilfredstillande reinhold.

Fleire drifts- og vedlikehaldsobjekt i form av meir areal krev meir reinhold og dermed høgare driftsutgifter. Dette må kompenseras med meir effektiv utnytting av personalressursane og meir bruk av maskinelt utstyr.

"Covid-19" har ført til behov for ekstra personalkostnadar i eininga. Ein føresetnad for å halda budsjett, er at alle ekstra personalkostnadar vedr. "Covid-19" vert refundert frå staten. Det er lagt inn tre 100 % reinhaldsstillingar frå 2021, dette for å handtera intensivert reinhold, "Covid-19"

Mål:

- Redusera sjukefråveret
- Auka grad av 100% stillingar
- Ein må sjå på organiseringa av tenestene. Sikre større mobilitet av personell, i større grad arbeida i grupper

- Det er viktig at "Eining for reinhald" i større grad vert involvert i nye prosjekt vedkomande val av overflater og møblar (stolar og pultar) for å sikre effektiv drift av tenesta i etterkant av ferdigstillelse.

Brann og redning:

Eininga skal bidra til å verna samfunnet mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og bidra i andre akutte ulykker. Dette skal mellom anna oppnåast gjennom levering av tenester av høg kvalitet på førebyggjande arbeid og brann- og ulykkesberedskap.

Det har dei siste åra vore ei dramatisk auke i talet på utrykningar (brannar, trafikkulukker m.m.), noko som har gitt betydeleg auke i driftsutgifter. Dette må kompensera gjennom førebyggjande arbeid og interkommunalt samarbeid. Vest brann og redning er ein viktig samarbeidsallianse i dette arbeidet. Det kan på sikt vurderast å etablere eit beredskapsfond som kan brukast ved omfattande akutte hendingar.

Kvinnherad brann og redning har ansvar for brann og redningsberedskapen i Kvinnherad kommune. Her er 6 heiltidstilsette fordelt på førebyggjande- og operativ avdeling, samt kommunal feieteneste. Eininga har ansvar for drift av 8 brannstasjonar med ca.75 deltidstilsette brann- menn og kvinner. Målsetjinga for eininga er å levere førebyggjande og operative tenestar av høg kvalitet for å ivareta tryggleiken til kommunen sine innbyggjarar.

Bygg og eigedom:

Eininga har ansvaret for drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen og tilhøyrande uteareal i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det skal vektleggjast å ha eit tilfredsstillande inneklima, gjennomføring av ENØK- tiltak og eit tilfredsstillande ytre vedlikehaldsprogram.

Fleire drifts- og vedlikehaldsobjekt i form av meir bygningsmasse gjev auka driftsutgifter.

Meir satsing på bygningsvedlikehald vil i eit langsiktig perspektiv gje reduserte drifts- og vedlikehaldsutgifter.

Det er lagt inn ein forventning knytt til tiltak i Oppvekstkårplan. Noko som ein forventar og får effekt på drift/vedlikehald av bygg. . Det er store innsparingstiltak som er føreslegne i neste års budsjett, totalt kr 9,6 millionar kr. for bygg og eigedom. 5,3 millionar kr. er innsparing ved utnytting av konsesjonskraft til eige føremål, eit veldig fornuftig tiltak som gjev ein forutsigbar situasjon.

Den største konsekvensen av føreslege budsjett 2021 er den generelle reduksjonen på 2,5 millionar kr. til byggvedlikehald.

Arbeidet med Oppvekstkårplan pågår. Her er det i fireårsperioden ein forventning til reduksjon i driftsnivå. Vedlikehaldsbehovet (etterslep) innan skule og barnehage er på heile 317 millionar kr. Oppvekstkårplan vil sei noko om korleis ein kan rigge seg når det gjeld skule- og barnehagebygg, uansett vil dette kreve kapital.

Prosjektering og utbygging:

Eininga skal gjennomføra vedtekne investeringsprosjekt i budsjett- og økonomiplan, innafor ansvarsområda «50 Vatn», «51 Avløp», «52 Veg- park og idrett», «53 Bygg», «54 Eigedom» og delvis «59 Andre prosjekt».

Auka grad av eigen- prosjektering og oppfølging av utbyggingsprosjekt vil gje innsparingar.

Tilrettelegging av næringsareal og bustadareal for å stimulera til etablering av nye verksemdar og auka tilflytting.

Satsing på samferdsle ("Kvinnheradpakken" og andre overordna samferdslestrategiar) vil føra til meir effektiv og tryggare trafikkavvikling, noko som kjem både næringslivet og innbyggjarane til gode. Næringslivet får betra konkurranseforhøve, og Kvinnherad vil bli ein meir attraktiv kommune å busetja seg i. Gjennomføring av nye samferdsletiltak vil gi auka sysselsetting i anleggsbransjen.

Mål:

- Eininga skal gjennomføre dei vedtekne investeringsprosjekta i budsjett- og økonomiplan innanfor tildelte ressursrammer (tid, kapital og personell) og gjennomføre alle prosjekt med høgt fokus på HMT, kvalitet og "grøn profil" (bl.a. fokus på energikostnader)
- Kunne gjera gode vurderingar med omsyn til entrepriseform, materialval og ressursfordeling. Kunne utarbeide grovkalkyler/kostnadsestimat i tidleg fase i eigen regi. Dette vil gje meir realistiske budsjett når budsjett/økonomiplan skal utarbeidast

Vatn og avløp:

Eininga skal sikra at alle innbyggjarane i Kvinnherad kommune til ei kvar tid har tilgang til nok vatn av godkjent drikkevasskvalitet. Transport og reinsing av avløpsvatn skal vera i samsvar med norsk regelverk og standard.

Kommunen har eit drikkevatt av høg kvalitet og med sikker levering. På avløpssida gjenstår noko meir. Det er bygt reinsing på dei største utsleppa, men fleire mindre utslepp går fortsatt ureinsa ut. I tillegg må overvassnettlet oppdimensjoneras for mellom anna å handtera meir ekstremnedbør.

Det er vedteke 100 % sjølvkost for eininga, det betyr at all drift og alle rente- og avdragskostnader på VA-investeringar vert finansiert gjennom VA- gebyra. Driftsresultatet vert vekta mot avsette fondsmidlar.

Eining for vatn og avløp er eit stort tenesteområde i Kvinnherad, på same måte som i resten av Kommune-Noreg. Det er behov for store investeringar til utbygging av reinseanlegg, fornying av leidningsnett og tiltak for å møte klimaendringar som meir intens nedbør og lengre periodar med tørke. Det er difor naudsynt å koma i gang med dei prosjekta som omfattar drikkevasskjeldene våre, for å sikra nok vatn/tilrenning.

Det er hausten 2020 vedteke ny kommunedelplan for drikkevassforsyning og avløp, for dei neste 8 åra. Det er viktig at det er fullt samsvar mellom denne planen og avsette midlar i budsjett og økonomiplan.

Veg og park:

Eininga skal sikra at alle kommunale vegar (180 km), bruer (40) og kaiar (10) er i ein tilstand som samsvarar med vedtekte budsjett og planar, og at vegfarande kan ferdast på ein funksjonell og trygg måte. Eininga har også ansvaret for drift av idretts- og parkanlegga i kommunen.

Kommunen overtek nye vegar etter privat feltutbygging og etter nedklassifisering av fylkesvegar. Det vert i tillegg etablert nye idrettsanlegg. Begge deler gjev auka driftskostnader, som mellom anna må kompenseras gjennom meir energi- smarte energikjelder (døme LED- ljøs). I tillegg må kommunen vurderer privatisering av deler av det kommunale vegnettet (når ein får nye driftsobjekt, må ein søke å avhende nokre «i andre enden»).

Meir ekstremnedbør fører ofte til ras og flaumskader, som er krevjande for drift av det 180 km lange kommunale vegnettet.

Det vert no utarbeida «Kommunedelplan for samferdsle», i 3 deler:

- Rullering gjeldande trafikksikringsplan, som omfattar kommunalt og fylkesvegnett.
- Hovedplan (og vegnorm) for kommunale vegar, som vil avdekka framtidig drifts- og investeringsbehov
- Overordna samferdslestrategiar

Medan investeringane på samferdsle og kommunale vegar har vore svært høge i kommunen dei siste åra, har driftsutgiftene vore tilsvarende låge samanlikna med andre kommunar ein vanlegvis samanliknar seg med.

Kommunen overtek i desse dagar to parkanlegg: Rosendalstunet og Husnesparken. Samstundes som ein reduserer drifta med ein stilling. Dette vil kreve streng prioritering. Ein ser og for seg å nytte sesonghjelp i større grad.

Det vert streng prioritering, forenkling av vedlikehald, og innkjøp av sjølvgåande utstyr (robotklipparar kostnad ca 175.000 kr. per stk).

Ny hovudplan for kommunale vegar er under utarbeiding og vil gje retning for arbeidet med å nedklassifisera deler av det kommune vegnettet til private vegar. Det er også høgst aktuelt å vurderer om kommunen skal slutta med overtaking av privat utbygd vegnett i nye byggefelt.

5.5.2 Driftsbudsjett

Budsjett	Revidert budsjett 2020	Budsjett 2021
Sektor Teknikk og Miljø	89 293 606	73 128 034

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Sektor Teknikk & Miljø				
Budsjett 2020	86 193 606	86 193 606	86 193 606	86 193 606
<i>Bygg, drift og vedlikehald:</i>				
Vakant stilling + avvikling av bruk av ekstrahjelp, overtid etc	- 852 965	- 852 965	- 852 965	- 852 965

Budsjetttiltak - 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Innleige gartnar høgsesong	300 000	300 000	300 000	300 000
Selte bygg - reduksjon i vedlikehald	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
Drift av Kvinnherad Arena			2 000 000	2 000 000
Reduksjon i vedlikehald av bygg og anlegg	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000
Bruk av konsesjonskraft til eige forbruk	- 5 360 728	- 3 734 729	- 3 134 729	- 3 134 729
Forventningar til oppvekstkårplan	- 200 000	- 500 000	- 1 000 000	- 1 750 000
Reduksjon i straumkostnad og vedlikehald ved endra bassengtilbod	- 756 500	- 756 500	- 756 500	- 756 500
Auke husleige	60 225	60 225	60 225	60 225
<i>Prosjektering og prosjektleiing:</i>				
Krav om auke lønsemd	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
<i>Brann:</i>				
Krav om reduksjon i utrykningskostnader	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Reduksjon i kostnad til utstyr	- 200 000	- 200 000	- 200 000	- 200 000
<i>Reinhold:</i>				
Krav om effektivisering/forbetre tidsutnytting	- 300 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
Forventningar til oppvekstkårplan	- 414 455	- 975 979	- 1 000 000	- 1 763 899
Reduksjon i reinhold ved endra bassengtilbod	- 215 000	- 215 000	- 215 000	- 215 000
<i>Sektorkontor:</i>				
Reduksjon i driftsreserve	- 600 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000
Inntekt frå Mowi Årsnes		- 420 000	- 420 000	- 420 000
Inntekt frå Kobbebukta		- 240 000	- 240 000	- 240 000
Reduksjon/effektivisering bilbruk	- 300 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
Kutt i kurs og reiseutgifter	- 139 713	- 139 713	- 139 713	- 139 713
Nytt budsjett 2021-2024	73 128 034	72 818 945	74 894 924	73 381 025

6 Økonomiplan 2021-2024 - oppsummering

6.1 Rammebetingelser framover

Det må påreknast at dei økonomiske rammebetingelsane til kommunen vert stramare i dei komande åra. Dagens demografi tilseier at eldre vil utgjere ein større del av befolkninga enn tidlegare. Dette vil ha påverknad på skatteinntektene til kommunen. I tillegg tilseier prognostisert befolkningsutvikling at kommunen kan oppleve ein befolkningsnedgang. Dette vil påverke rammetilskotet til kommunen.

Kvinnherad kommune er privilegert med mange ekstraordinære inntekter. I økonomiplanperioden utgjer inntekter frå Kraftfondet, Havbruksfondet, utbyte frå kraftselskap, konsesjonsavgift og konsesjonskraft mellom 65,7 - 95,2 millionar kr. kvart år. Dette er inntekter som dei fleste andre kommunar ikkje har, men som Kvinnherad kommune er blitt avhengig av for å dekkje driftskostnadane.

Ekstraordinære inntekter			
2021	2022	2023	2024
65 787 228	90 964 456	69 704 045	95 248 702

Fleire av desse inntektskjeldene har vore under press tidlegare. Våren 2020 sette regjeringa saman eit offentleg utval med oppgave å vurdere inntektssystemet for kommunane og kome med forslag til endringar. Mandatet inneber å "gi en faglig og prinsipiell vurdering av hvilke skatter som bør utjevnes mellom kommunene." Ved bortfall eller reduksjon av inntekter frå konsesjonskraft eller konsesjonsavgift vil kommunen ha store utfordringar med å tilpasse driftsnivået tidsnok for å unngå store underskot.

I tillegg har driftskostnadane vore høgare enn budsjettet dei siste to åra. På fleire område har driftsnivået vore høgare enn det budsjettet har lagt opp til. Dette er prøvd å rydda opp i og budsjettet for 2021 syner til dels preg av dette.

Kvinnherad kommune har hatt ein stor reduksjon i busetjing av flyktningar dei siste åra. Dette medfører ein tilsvarande reduksjon i inntekt frå integreringstilskot og særskilt tilskot for einslige mindreårige flyktningar. Samla i økonomiplanperioden er det budsjettet at desse inntektene vil reduserast med 13,6 millionar kr. Det vil krevje ein stor omstillingsprosess for å redusera kostnadane tilsvarande.

Rentekostnadane er på rekordlåge nivå. Fleire lån er refinansiert i 2020 og har bidrege til å redusere rentekostnadane monaleg. Dette vil auke handlingsrommet til kommunen. Det er lagt opp til investeringar særleg innan oppvekstsektoren som medfører at lånekostnadane aukar utover i økonomiplanperioden.

Samla inneber dette at kommunen er nøydd til å redusere driftskostnadane for å sikre ein bærekraftig økonomi, og for å bevare verdiar til komande generasjonar. 85% av driftskostnadane til kommunen går til tenester innafor sektor Oppvekst og sektor Omsorg. Driftsnivået i begge desse sektorane er høgt samanlikna med andre kommunar. For å redusere driftskostnadane må innsparing- og effektiviseringstiltak vurderast innafor desse områda.

Inntekter - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Skatt på inntekt og formue	407 800	391 432	390 063	390 063	390 063	390 063
Rammetilskot	402 489	424 044	413 413	409 094	409 047	409 000
Eigedomsskatt	81 000	82 749	94 856	93 457	93 107	93 107
Renteinntekter	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Utbyte - Kvinnherad Energi	4 000	-	-	-	2 000	2 000
Utbyte - BKK	8 600	5 447	2 250	3 000	5 000	5 000
Avkastning Kraftfondet	31 500	-	21 213	21 357	23 666	23 903
Avsetning til eiekapitalfond - Kraftfondet	-	-	-	-	-	-
Sal av konsesjonskraft	43 000	6 889	22 200	24 763	24 763	24 763
Konsesjonsavgift	9 000	10 100	10 100	10 100	10 100	10 100

Inntekter - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Havbruksfondet	30 000	30 813	14 500	36 250	10 875	36 250
Integreringstilskot	26 467	22 525	19 353	12 647	8 157	5 711
Rentekompensasjon	3 700	3 700	3 500	3 500	3 500	3 500
MVA-kompensasjon	22 190	22 190	24 272	23 628	23 326	23 103
Tilskot ressurskrevjande brukere	38 000	53 066	55 000	54 000	53 000	52 000
SUM	1 098 246	1 057 455	1 070 684	1 081 792	1 054 342	1 076 171
Kostnader	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Rentekostnader	39 768	30 990	26 308	27 132	28 895	29 646
Avdrag	58 809	62 470	64 648	67 711	73 239	74 389
Kapitalkostnader - sjølvkost	-	-	-	-	-	-
	21 654	21 654	18 333	20 162	22 528	25 278
Tilskot - private barnehagar	43 000	50 507	51 000	51 000	47 500	47 000
SUM kostnader	119 923	122 314	123 623	125 680	127 106	125 757
Til fordeling drift	978 323	935 141	947 061	956 112	927 236	950 414
Budsjett - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Budsjett 2020	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Sektor Oppvekst	329 758	331 075	314 142	305 346	299 646	298 135
Sektor Omsorg Helse og Sosial	463 807	479 807	469 813	458 597	450 791	445 455
Sektor Teknikk og Miljø	86 194	89 294	73 128	72 843	74 943	73 369
Sektor Samfunnsutvikling	24 788	26 513	39 020	36 154	35 401	35 351
Administrasjon	45 962	47 859	50 114	48 114	48 114	48 114
Kommunedirektør	13 606	13 606	3 887	3 887	3 887	3 887
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	10 365	10 365	10 395	10 195	9 995	9 895
Politikk	7 593	8 593	7 412	7 077	7 412	7 077
SUM	982 073	1 007 112	967 910	942 213	930 190	921 283
Netto driftsresultat	-3 750	-71 971	-20 849	13 899	-2 954	29 131
<i>i %</i>	<i>-0,38 %</i>	<i>-7,70 %</i>	<i>-1,95 %</i>	<i>1,28 %</i>	<i>-0,28 %</i>	<i>2,71 %</i>
Bruk av disposisjonsfond	3 750	71 971	20 849		2 954	
Eigenkapitalfinansiering av investeringar				13 800		29 100

6.2 Driftsbudsjett

Budsjettet for 2021 er bygd nedanfrå og opp for å belysa kostnadsbehovet av dagens driftsnivå. Målet er å vise eit detaljert budsjett der kostnadskonsekvensane av å kutta eller innføra ulike tiltak vert belyst. Det har vore arbeidd med å identifisere konkrete tiltak for innsparing for å tilpasse drifta til eit lågare inntektsnivå.

Sektor Oppvekst:

For skular og barnehagar er det bygd opp ressursmodellar for å berekne budsjettbehovet for 2021. Ressursmodellane tek utgangspunkt i lærarnorm for skular og bemanningsnorm for barnehagar, for å sikre det lovpålagte minimumsnivået. Det vert gjeve tillegg i modellen til andre oppgåver som blant anna spesialundervisning, SFO, administrasjon og badevakter. For einingane Barn og Familie og Kulturskulen er det identifisert konkrete tiltak for innsparing.

Budsjettforslaget sikrar at barnehagane og skulane får eit budsjett ut i frå det estimerte barnetalet. I budsjettforslaget er det gjort tiltak for å redusere kostnadsnivået på skulane. Dette gjeld ressursar til assistentar og tilpassa undervisning utover lovpålagte ressursar til ordinær undervisning. Det er også gjort kutt i symjeundervisning og ressursar til driftsmateriale.

For dei minste skulane og barnehagane sikrar ikkje lærarnorma og bemanningsnorma tilstrekkelege ressursar til at desse einingane kan yte ei forsvarleg drift. Det er gjeve skjønsmessige tillegg til følgjande einingar for å sikre forsvarleg drift:

- Mauranger skule
- Åkra skule
- Hatlestrand barnehage
- Ølve barnehage
- Varaldsøy barnehage
- Mauranger barnehage

Budsjettforslaget for sektor Oppvekst er på 314,1 millionar kr. Det er ein reduksjon frå revidert budsjett 2020 på 16,9 millionar kr. som utgjer 5,1%. Det er forventningar om at budsjettet til sektoren skal reduserast ytterlegare i økonomiplanperioden. Dette er grunna forventningar om effektivisering i tråd med oppvekstkårplanen og reduksjon i drifta til einslege mindreårige flyktningar.

Sektor Omsorg, Helse og Sosial:

For Sektor Omsorg, Helse og Sosial har det i 2020 vore utarbeida ressursmodellar tilsvarande det som har vore nytta til Sektor Oppvekst. Dette arbeidet fortset i 2021.

For institusjonane vert budsjettet rekna ut i frå ein valt bemanningsfaktor. Det vert gjeve tillegg i modellen til vikarutgifter, administrasjon, driftsmateriale og inventar.

Budsjettet til Heimetenester, Rus og psykiatri og Bu og habilitering er rekna ut i frå bemanningsbehovet einingane har for å tilby dei vedtakstimane som brukarane har rett på. For dei resterande einingane i sektoren er det identifisert konkrete tiltak for innsparing.

Budsjettforslaget for sektor Omsorg, Helse og Sosial er på 469,8 millionar kr. Det er ein reduksjon frå revidert budsjett 2020 på 10,0 millionar kr. som utgjer 2,1%. Sektoren har hatt eit stort meirforbruk utover budsjett dei siste åra. Forventningane til neste års drift er at drifta vert tilpassa det nivået som er budsjettet i budsjettmodellane, og at sektoren vil klare å levere eit rekneskap i balanse mot budsjett. Nedskjæring i budsjettforslaget for 2021 mot reellt nivå i 2020 er ca. 16 millionar kr. eksklusiv korona-kostnader.

Budsjettforslaget inkluderer fleire tiltak til nedskjering og redusert aktivitetsnivå. Tiltaka omhandlar blant anna:

- Redusert bemanningsfaktor på insitusjonane
- Reduksjon i tal årsverk i einingane Rus og psykiatri og Sosiale tenester
- Reduksjon i budsjettet til Integrering og opplæring i samsvar med reduksjon i integreringstilskot
- Redusert aktivitetsnivå på aktivitetssentra

Fleire av einingane har derimot fått auke i budsjett grunna auka tenestebehov. Dette gjeld særskilt einingane Bu og habilitering og eining Helse. Bu og habilitering har hatt stor auke i tal vedtak og tal vedtakstimar. Eining Helse har tilsett fleire fastlegar som erstatter innleige av legar.

Kostnadsnivået innafor sektoren er svært høgt målt mot andre samanliknbare kommunar. Dagens demografi

tilseier også at behovet vil auke i åra framover. I 2021 vert det lagt særleg fokus på å analysere kostnadsnivået for dei ulike tenestene og utgreie tiltak for å redusere dette.

Sektor Teknikk og Miljø:

Budsjettforslaget for Sektor Teknikk og miljø er på 73,1 millionar kr. Det er ein reduksjon frå revidert budsjett 2020 på 16,2 millionar kr. som utgjer 18,1%.

Stor del av reduksjonen skuldast låge straumprisar. Straumprisen for 2021 er sikra og skapar føreseielegheit i budsjettet til sektoren. Det er gjort fleire andre konkrete tiltak for å redusere kostnadsnivået i sektoren. Syner til tiltaksliste under for detaljert informasjon.

Budsjettet utover i økonomiplanperioden er blant anna justert for forventa endring i straumpris og for drift av Kvinnherad Arena frå 2023.

Andre tenesteområde:

For dei resterande tenesteområda er budsjettet endra i henhold til innsparingseffekten på konkrete tiltak som er identifisert, dei vert vist i tabellen under. Fleire tiltak som er føreslege har konsekvens på budsjettet til to eller fleire sektorar. Dersom kommunestyret vedtek å gjeninnføre eller endre på nokre av desse tiltaka vert budsjettet til fleire sektorar endra.

Tabell over alle dei tiltaka som er føreslege i budsjettet vert vist under og kommentert ytterlegare under dei enkelte tenesteområda. Fleire av tiltaka i oppvekstsektoren får ein halvårseffekt i 2021 før ein oppnår full effekt i 2022.

Budsjettprosessen som er beskrevet over og dei tiltaka som vert føreslege resulterer i følgjande driftsramme i komande økonomiplanperiode:

Budsjett - Kvinnherad kommune - 2021-2024	Rev budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Sektor Oppvekst	331 075	314 142	305 346	299 646	298 135
Sektor Omsorg Helse og Sosial	479 807	469 813	458 597	450 791	445 455
Sektor Teknikk og Miljø	89 294	73 128	72 843	74 943	73 369
Sektor Samfunnsutvikling	26 513	39 020	36 154	35 401	35 351
Administrasjon	47 859	50 114	48 114	48 114	48 114
Kommunedirektør	13 606	3 887	3 887	3 887	3 887
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	10 365	10 395	10 195	9 995	9 895
Politikk	8 593	7 412	7 077	7 412	7 077
SUM	1 007 112	967 910	942 213	930 189	921 282

6.3 Investeringar

I kommunedirektøren sitt forslag er det føreslege fleire endringar i investeringsbudsjettet for gjeldande økonomiplan. For 2021 er det innarbeidd investeringsmidlar på tilsaman 23 millionar kr. til brannstruktur i henhold til vedtak i kommunestyret den 18.06.20, og ekstraløyving til hovudbrannstasjon på Husnes i henhold til kommunestyrevedtak den 17.09.20.

Utover dette er det føreslege ein netto reduksjon av investeringsbudsjettet i 2021 på 17,7 millionar kr. Investeringsbudsjettet utanom sjølvkostområde vatn og avløp er redusert med 29,7 millionar kroner. For dei resterande åra i økonomiplanperioden er det føreslege ein betydeleg auke i investeringsbudsjettet.

Endringar i investeringsbudsjett - 2021-2024				
	2021	2022	2023	2024
Gjeldande investeringsbudsjett	187 718 000	115 500 000	-4 000 000	0
Endringar i investeringsbudsjett	-31 966 677	140 050 000	134 350 000	151 900 000

Endringar i investeringsbudsjett - 2021-2024				
Nytt investeringsbudsjett	155 751 323	255 550 000	130 350 000	151 900 000
Renteberande gjeld i % av inntekter	124 %	133 %	137 %	132 %

Under vert hovudendringane i investeringsbudsjettet for 2021 nemnt. For utfyllande utgreiing vert det synt til kommunedirektøren si innleiing og kommentarar til budsjettet frå sektorleiarar. Fullstendig investeringsbudsjett er lagt til saka som vedlegg.

Hovudendringane i investeringsbudsjettet i 2021 er som følgjer:

- Mindreforbruk på Aksen vert inndrege - 4,3 millionar kr.
- Aksen 2 vert utsett til 2026 - 24,6 millionar kr.
- Energisentral på Husnes vert utsett til 2023 og 2024 - 10 millionar kr.
- Låneopptak på 20 millionar kr. til Kvinnheradpakken vert utsett til 2022. Unyttta lånemidlar i prosjektet er på 39,9 millionar kr.
- Investeringsplan til oppvekstkårplan - 25 millionar kr.

Tal i 1000 kr	2021	2022	2023	2024
Renteberande gjeld	1 324 552	1 444 120	1 443 322	1 424 459
i % av inntekter	124 %	133 %	137 %	132 %

Investeringsstakten i Kvinnherad kommune har vore høg grunna store satsingar innan samferdsel/infrastruktur og pleie og omsorg. Investeringsstakten dei siste 4 år syner at det har vore investert lite i bygningar til oppvekstsektoren samanlikna med andre kommunar. Dette synest att på vedlikehaldsetterslepet på bygningsmassen som vert nytta til sektor Oppvekst.

Graf over historiske investeringar

Utviklinga i lånegjeld i økonomiplanperioden er aukande. Det vert likevel vurdert som nødvendig å investere i nybygg eller vedlikehald av eksisterande bygg til oppvekstsektoren. Det vert foreslege å investere 230 millionar kr. til oppvekstsektoren i økonomiplanperioden. Resultata av oppvekstkårplanen skal leggje føringar for korleis desse midlane bør brukast.

Frametter vert det vurdert som viktig å redusere investeringsnivået for å redusere gjeldsbelastninga.

Renteberande gjeld som er gjeld eksl sjølvkostområda vil auke frå 124 % av inntektene i 2021 til 132 % i 2024. For å nå det finansielle målalet på 100% må utviklinga snuast og årleg investeringsbeløp kome under 70 millionar kr. I det tilfellet vil minimumsavdraget overstige nye investeringar.

6.3.1 Investeringar - 10-års perspektiv

Kommunedirektøren ønskjer å belysa dei investeringane som er kjente eller som det vert vurdert behov for dei neste 10 åra. Dette vert gjort for å gjere dei framtidige investeringsbehova kjent, med det føremålet at det vert teke omsyn også til investeringar som kjem etter ein økonomiplanperiode. Som nemnt tidlegare i dokumentet må investeringsnivået ned i denne 10-års perioden for at kommunen skal nå dei vedtekne finansielle måltala.

Dei investeringsbehova som vert kartlagt for perioden 2025-2030 er som følgjer:

- **Institusjonsplassar**
Demografien til Kvinnherad kommune tilseier at del eldre av befolkningen vil auke betydeleg dei neste åra. Dersom kommunen skal behalde dekninga på institusjonsplassar i forhold til eldre over 80 år er det trong for 60 nye institusjonsplassar i 2040. Det vert vurdert at det vert behov for å investere i nye institusjonsplassar for 2030. Dette vert kostnadestimert til 80 millionar kr. Dette må bli gjennomgått grundig i samband med revidering av Kommunedelplan omsorg, helse og sosial/ Temaplan knytt til St. 15 (2017–2018) Leve hele livet.
- **Oppvekst**
Som tidlegare nemnt er vedlikehaldsetterslepet på bygningar innan oppvekstsektoren stort. I økonomiplanperioden er det budsjettert med investeringar på 230 millionar kr. Tilstandsrapport utført i 2020 avdekkar eit vedlikehaldsetterslep på 317,1 millionar kr. Ved dei skulane og barnehagane som er i drift i dag er vedlikehaldsetterslepet 292,6 millionar kr. Dersom dagens skule- og barnehagestruktur skal vidareførast, er det eit ytterlegare behov for vedlikehald på 62 millionar kr. dei neste 10 åra.

- **Aksen 2 - Helsesenter Husnes**

Låneopptak som vart gjort i 2020 for Aksen 2 vert føreslege trekt tilbake i budsjettet for 2021. Det vert likevel vurdert som nødvendig å utbetre bygget for tenesteproduksjon. Dette vert førebels kostnadsberekna til 70 millionar kr. Endringar i tenestenivå i integrering og språkopplæring tilseier at ein må sjå på behov for lokale på nytt. Det er behov for ei utgreiing om kva ein kan nytte Aksen 2 til, dette må og sjåast i samanheng med helsesenteret på Husnes, saman med den avtalen kommunen har med Helse Fonna knytt til legevakt og ambulanseteneste.

- **Vatn og avløp**

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp som vart vedteke i kommunestyret 17.09.20 legg føringar for dei investeringane som er budsjettert i økonomiplanperioden. Planen visar også investeringsbehovet fram til 2028. Dette er berekna til 79,8 millionar kroner i perioden 2025-2028.

- **Bustadutvikling**

Som nemnt i kommunedirektørs innleiing vert det vurdert som nødvendig at Kvinnherad kommune forskotterar midlar til å utvikle bustad- og næringsareal med infrastruktur for å stimulere til auke i bustadbygging og næringsaktivitet. Dette vert synleggjort i investeringsbudsjettet med 25 millionar kroner årleg i 4 år.

TABELL

6.4 Økonomisk utvikling i Kvinnherad kommune

Resultat frå KOSTRA, Kommunebarometeret og Kommune NM syner at Kvinnherad kommune yter eit breitt spekter av tenester med eit høgt tenestenivå. Dette syner også igjen i kostnadsnivået. Kvinnherad er blant dei kommunane i Noreg med høgast kostnadsnivå, dette har vore mogleg grunna dei ekstraordinære inntektene til kommunen.

Økonomiplanen syner at desse ekstraordinære inntektene vil vere på eit lågare nivå enn tidlegare. For å oppnå dei vedtekne finansielle måltala bør driftsnivået skalerast ned til eit nivå der kommunen ikkje er avhengig av desse inntektene i like stor grad for å dekke kostnadane. I det tilfellet vil inntektene kunne brukast til investeringar eller andre konkrete tiltak. I henhold til Finansreglementet bør heller ikkje avkastning frå Kraftfondet brukast inn i drift.

Finansielle måltal for Kvinnherad kommune blei vedtekne i kommunestyret 26.11.2019. Kommunestyret har forplikta seg til å prøva å nå desse for å sikre ei bærekraftig drift, jamfør kommunelova § 14-2. For å oppnå desse måla må det arbeidast med å redusere driftsnivået og gjere kommunen mindre avhengig av ekstraordinære inntekter. Samstundes må investeringsnivået ned.

Finansielle måltal - 2021-2024	Mål	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfondet i % av inntekter	10,0 %	12,0 %	11,8 %	11,9 %	11,6 %
Netto driftsresultat i % av inntekter	2,8 %	-1,9 %	1,3 %	-0,3 %	2,7 %
Korr. Likviditetsresultat i % av inntekter	1,0 %	-3,6 %	-0,4 %	-2,0 %	1,0 %
Renteberande gjeld i % av inntekter	100 %	124 %	133 %	137 %	132 %

Tabellen over syner utviklinga i dei finansielle måltala i økonomiplanperioden. Dersom kommunen oppnår dei effektiviseringstiltaka som er budsjettert i åra 2021-2024 vil kommunen nærme seg dei finansielle måltala. Budsjettert netto driftsresultat i 2024 er 2,7 % og korrigert likviditetsresultat 1,0 %.